

VI TRUR PÅ

heile Noreg

SENTERPARTIETS

PRINSIPP- OG HANDLINGSPROGRAM

2021–2025

Innhald

- 5** **Innleiing: Vi trur på heile Noreg**
- 7** **Distrikt og lokalsamfunn: Ta nærleiken tilbake**
- 7 Gode statlege tenester i heile landet
- 8 Ein ny skattepolitikk for distrikta
- 9 Bygdevekstavtalar – eit nytt verktøy i distriktspolitikken
- 10 Friare lokalsamfunn – mindre byråkrati
- 11 Bustadbygging i distrikta
- 13** **Klima: Effektive kutt for å nå måla i Parisavtalen**
- 13 Transportsektoren
- 14 Skipsfart
- 15 Jordbruk
- 16 Skogbruk
- 17 Andre delar av ikkje-kvotepiktig sektor
- 17 Energi
- 19 Ny, grøn industribygging
- 20 Internasjonal klimafinansiering
- 23** **Beredskap, forsvar og justis: Eit tryggare Noreg**
- 25 Helseberedskap
- 25 Ein velfungerande rettsstat
- 26 Politi- og lensmannsetaten
- 28 Straff og kriminalomsorg
- 29 Domstolane
- 30 Forsvarspolitik
- 31 Digital trygging
- 33** **Økonomi og skatt: God fordeling og langsiktig forvaltning**
- 34 Skattar og avgifter
- 35 Statens pensjonsfond utland (SPU)
- 35 Statens pensjonsfond Noreg – Folketrygdfondet
- 37** **Næring og industri: Verdiane skapast i heile landet**
- 38 Industri og energi
- 41 Reiseliv
- 41 Mineralnæringa
- 42 Olje og gass
- 45** **Landbruk, fiskeri og havbruk: Matlandet Noreg**
- 45 Fiskeria – ei nøkkelnæring langs kysten
- 47 Sats på verdiskapinga i havbruksnæringa
- 48 Reindrif
- 49 Ta vare på matjorda!
- 49 Landbruk
- 53** **Samferdsle: Framtidsretta, norsk infrastruktur**

- 53 Veg, bil, sykkel og gange
 55 Kollektivtilbod: (by)bane, buss, båt og taxi
 56 Luftfart
 56 Hamnar og farleier
 57 Digitalisering
 58 Digital allemannsrett
 58 Post
- 61 Natur og miljø: Berekraftig og ansvarleg forvaltning**
 61 Vern og biologisk mangfald
 62 Sirkulærøkonomi og forsøpling
 63 Friluftsliv
 64 Rovvilt
- 67 Avbyråkratisering og lokaldemokrati: Ta tilliten tilbake**
 67 Stopp byråkratiseringa – styrk det lokale handlingsrommet
 69 Sterkare kommunar og fylkeskommunar
- 71 Utdanning og forskning: Ein skule bygd på tillit og kunnskap**
 72 Rett til å verta sett – motivasjon, gjennomføring og rådgjeving
 72 Læraren
 73 Grunnskulen
 74 Vidaregåande opplæring
 75 Sats på fagopplæring
 76 Høgare utdanning
 77 Forsking
 78 Livslang læring
- 79 Arbeid, velferd og bustad: Gjer di plikt, krev din rett**
 79 Arbeidsliv
 81 Velferd
 83 Bustadpolitikk
- 85 Helse og omsorg: Førebygging framfor reparasjon**
 85 Folkehelse: Førebygging og helsefremjing
 86 Kommunehelsetenesta
 87 Helse- og omsorgstenester til eldre
 88 Ny og moderne pårørandepolitikk
 88 Velferdsteknologi og e-helse
 89 Spesialisthelsetenesta
 90 Lokalsjukehus og fødetilbod
 91 Psykisk helse
 92 Alkohol og tobakk
 92 Narkotika
 93 Kvalitetsforbetring i helsetenesta
 93 Kamp mot antibiotikaresistens
 94 Bioteknologi – etiske dilemma om liv
- 95 Barn, familie og mangfald: Ulike liv – like moglegheiter**
 95 Barnetrygd, kontantstøtte og foreldrepermisjon
 96 Kvalitet i barnehagane

- 97 Skulefritidsordning (SFO)
- 97 Barnevernet
- 99 Mangfald
- 100 Urfolk og nasjonale minoritetar
- 101 Personar med nedsett funksjonsevne
- 101 LHBT+
- 102 Arbeid mot vald og overgrep

105 Kultur og frivillighet: Frivillighet bygger levande lokalsamfunn

- 105 Eit levande kulturliv
- 107 Kulturarv
- 108 Ein brei og sterk frivillig sektor
- 108 Ein aktiv politikk for idrett og friluftsliv
- 109 Ein ansvarleg spelpolitikk
- 109 Livssyn og kyrkje
- 110 Mediepolitikk

113 Innvandring og integrering: Ansvarleg og inkluderande

- 113 Flyktning- og asylpolitikk
- 114 Integrering – tenke globalt, integrere lokalt

117 Utanriks- og tryggingpolitikk: Norske interesser og internasjonal solidaritet

- 118 Internasjonal handel
- 119 Bistand og utvikling
- 120 EU/EØS
- 121 Tryggingpolitikk

Innleiing: **VI TRUR PÅ HEILE NOREG**

Senterpartiet vil bygga samfunnet nedanfrå. Vi arbeider for eit samfunn der menneske kan utvikla seg i fridom og tryggleik, der vi tar ansvar for eige liv, for fellesskapet og for naturen. Verdigrunnlaget til Senterpartiet er den kristne og humanistiske kulturarven. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og menneskeverdet er ukrenkeleg og overordna andre verdier.

Senterpartiet arbeider for eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske skilnadar. Rettferdig fordeling, små skilnadar, gode levekår og sosial tillit heng tett saman. Senterpartiet skal jobba for utjamning mellom samfunnsgrupper, mellom landsdelar og mellom rike og fattige land.

For å oppnå rettferdig fordeling treng vi eit levande folkestyre og ei tydeleg desentralisering av makt, kapital og busetjing. Ein sunn balanse mellom offentleg og privat eigarskap har gjort Noreg til eit høgproduktivt land med gode offentlege tenester. Senterpartiet vil utvikla den norske velferdsmodellen, styrka den private eigeomsretten og løfta fram folkestyret og blandingsøkonomien som det beste alternativet til marknadsliberalisme.

Jorda er ein arv som vi forpliktar å forvalta for etterkomarane våre, og miljø- og klimaproblema er vår tids største utfordring. Dette er ei ramme rundt all politikk. Natur, miljø og klima må derfor sjåast i samanheng med alle andre samfunns mål, og sikra ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av ressursane og miljøet.

Senterpartiet vil at Noreg skal ta sin del av ansvaret for å løysa miljø- og klimaproblema. Vi støttar òg internasjonale samarbeidsinitiativ som gjev effektive, globale utsleppskutt.

Fred mellom folk og nasjonar bygger på gjensidig respekt og toleranse. Noreg må arbeida for ei verd der konflikthar vert løyst med politiske og diplomatiske middel. Senterpartiet vil styrka den nasjonale sjølvråderetten og meiner mellomstatleg samarbeid mellom sjølvstendige land tar best hand om behovet til borgarane. Senterpartiet vil forsvara menneskerettane og den liberale rettsstaten.

Det bur folk i heile Noreg, i bygd og by. Det er inga sjølvfølge at det er slik, og det er inga sjølvfølge at det skal fortsetja å vera slik. Senterpartiet vil føra ein politikk som gjer at folk på fritt grunnlag kan velja kvar dei vil bu, enten det er i tettstadar, småbyar, bygder eller storbyar. Vi vil sørge for at arbeidsplassar, infrastruktur, velferdstilbod, tryggleik og moglegheiter finst over heile Noreg, i store og små samfunn.

Gode tenester nær folk gjev tryggleik og føreseielegheit i kvardagen. Alle har rett på gode tenester i nærmiljøet. Oppvekst- og utdanningstilbod, helse- og omsorgstenester og politi/brannvesen skal vera godt utbygd over heile landet. God beredskap krev lokal forankring. Oversiktlege samfunn der alle tar vare på kvarandre og har gode levekår er den beste beredskapen.

Sentralisering og negative konsekvensar av stordrift rammar heile landet, ikkje berre distrikta. Også i byane og i tettbygde strøk opplever folk at tenestene vert flytta frå nærmiljøet og at lokalkunnskap,

nærvær og tryggleik forsvinn. Ressursane som før var til stades for å førebygga, hjelpa og lytta flyttar ut av lokalsamfunna og inn i store, sentraliserte einingar.

Sentralisering er tett knytt til byråkratisering, som ofte er forstadiet til privatisering. Sentralisering fører dessutan ofte til eit meir sårbart samfunn medan desentralisering fører til eit meir robust samfunn. Vårt «nei» til sentralisering og stordrift er eit «ja» til eit mangfaldig Noreg med likeverdige moglegheiter, uansett kvar du bur. Ein politikk for heile Noreg er den beste politikken både for bygd og by. Kommunar og fylke er under økonomisk press og bruker mykje krefter på å vurdere nedskjeringar. Det er lite rom for å inspirera eller bidra til utvikling. Dette må endrast.

Senterpartiet er eit folkestyreparti. Vi meiner at avgjerder skal fattast av folkevalde som kan kastast eller vert valde att av veljarane ved val. EU og EØS er overnasjonale organisasjonar som flyttar makt og ressursar lenger vekk frå folk. Derfor er Senterpartiet mot norsk medlemskap i EU og vil greia ut alternativ til EØS-avtalen som tilknytning til den europeiske marknaden.

Senterpartiet ønsker at dei felles ressursane våre – som vind- og vasskraft, havressursar, olje og gass, mineral og metall, jorda og skogen – skal vera under norsk styring. Norske naturressursar skal forvaltast slik at dei skapar arbeid og velferd for folk i heile Noreg. Det vert gjort best frå Noreg, av folkevalde organ.

Distrikt og lokalsamfunn: **TA NÆRLEIKEN TILBAKE**

Senterpartiet vil ha eit desentralisert samfunn bygd nedanfrå. Makt og kapital må vera spreidd på flest mogleg hender. Dette vert sikra gjennom eit samfunn der det vert gjeve gode høve for å skaffa seg kompetanse og arbeid uansett kvar ein vel å busetja seg. Spreiing av folk, makt og kapital er viktig for beredskapen og verdiskapinga i landet.

God og effektiv infrastruktur og målretta distriktpolitiske satsingar vil føra til vekst òg utanfor dei regionale sentera. Utviklinga av gode lokalsamfunn i bygdene, tettstadane og byane, er viktig for både næring og trivsel.

Det norske samfunnet er basert på at naturgjevne og menneskelege ressursar i heile landet vert tatt i bruk og vert godt forvalta. Dette er god samfunnsøkonomi. Det er eit sjølvstendig mål at bruken av naturressursane bidreg til kompetanseutvikling og reinvestering lokalt og regionalt.

Senterpartiet ser det som ei viktig offentleg oppgåve å sikra lik tilgang til ny teknologi for å kunna ta i bruk ressursane og skapa varierte arbeidsplassar i heile landet. Det er eit offentleg ansvar å sørja for høghastigheitsbreiband og mobildekning til alle uansett bustad i Noreg – slik det tidlegare var eit offentleg ansvar å bygga ut elektrisitets- og telefonnettet. Staten må bruka ny teknologi og nye arbeidsmåtar til å spreia arbeidsplassar og kompetanse ut i landet. Digitalisering må brukast til å desentralisera, ikkje sentralisera.

Sentralisering rammar folk i heile landet gjennom auka avstand mellom innbyggjarar og styresmakter. Sentraliseringsprosessar skjer òg i byane, og inneberer ei samling av makt og tenester og dessutan avgrensingar av det lokale sjølvstyret. Senterpartiet meiner tenester nær folk er eit gode for små og store lokalsamfunn i heile Noreg.

Senterpartiet vil arbeida for ei styrking av dei distriktpolitiske verkemidla på brei basis. Vi går inn for regionspesifikke distriktpolitiske ordningar i tillegg til landsdekkande institusjonar som Innovasjon Norge og Siva. Fylkeskommunane, Innovasjon Norge og SIVA må dessutan samarbeida tettare om næringsutvikling. Senterpartiet vil gje Innovasjon Norge eit langt meir omfattande og tydeleg distriktsoppdrag. Det må greiast ut om Innovasjon Norge skal splittast opp slik at distriktsfeltet samlast i eitt selskap med tydelegare mål om distriktsutvikling.

Gode statlege tenester i heile landet

I perioden 2013–2021 har det vorte gjennomført ei rekke sentraliserande reformer i offentleg sektor som har ført til at statlege tenester har vorte redusert i distrikta og byane. Senterpartiet vil jobba for at gode offentlege tenester skal vera tilgjengelege i alle delar av landet, både i små og store kommunar.

Senterpartiet vil at politiet skal vera tilstades i heile landet og vil gjenoppretta det reelle nærpolitiet. Politireforma av 2016 førte til at politiet ikkje lenger har dagleg nærvær i ei rekke kommunar. Dette

har svekt det lokale, førebyggjande arbeidet. Senterpartiet meiner at retten til tryggleik skal vera uavhengig av bustadadresse.

Senterpartiet vil oppretthalde ein desentralisert domstolsstruktur for å ta vare på den lokale rettspleia og sikra folk god tilgang til konfliktløysing. Krav til kompetanse, fleksibilitet og kapasitet kan løysast på ein like god måte i ein desentralisert struktur som i ein sentralisert. Senterpartiet vil stansa trenden der mindre domstolar i distrikta vert tappa for ressursar og vert utsette for «sniknedlegging».

Senterpartiet vil oppretthalde og vidareutvikla studiestadstrukturen og dei mindre høgskulane og universiteta for å sikra at det vert nok utdanna personell til å sikra morgondagens næringsliv og velferdsstat. Desentraliserte utdanningsmoglegheiter er viktige for å leggja til rette for at fleire kan ta høgare utdanning og å sikra bedrifter, kommunar og andre arbeidsplassar tilgang på kompetent arbeidskraft. For å sikra at alle har lik moglegheit til etterutdanning, må eit godt etter- og vidareutdanningsystem vera desentralisert og til stades i heile landet.

Senterpartiet vil sikra folk nærleik til helsetilbod og akutt helsehjelp. Vi vil arbeida for eit desentralisert helsevesen med gode lokalsjukehus, fødetilbod og ambulanse med korte responstider.

Senterpartiet vil:

- Styrka bemanninga ved eksisterande politistasjonar og lensmannskontor for å sikra lokalpoliti med god lokalkunnskap.
- Oppretta lensmannskontor og politipostar gjennom ein fireårig «opptrappingsplan for meir tilstadeverande nærpoliti». Planen vert sett i verk frå 2022 og skal i løpet av ein fireårsperiode etablera eit tal nye tenesteeiningar etter dialog mellom politimeister og kommunane. Kor mange nye einingar som vert oppretta, vert avgjorde årleg.
- Reversera domstolsreforma av 2020 og sørga for at tingrettar og jordskifterettar vert oppretthaldne som sjølvstendige domstolar med stadleg leiing. Endringar i domstolsstrukturen skal vedtakast i Stortinget.
- Styrka etter- og vidareutdanning i distrikta.
- Sørga for at høgare utdanning er tilgjengeleg i heile landet ved å utvikla og utvida studiestadar på høgskular og universitet, og gjera fleire tilbod tilgjengeleg både på studiestadane og som nettstudiar.
- At Campus Nesna skal gjenoppbyggast som sjølvstendig høgskule.
- Sikra at alle studiestadar skal ha stadleg leiing for å sikra korte avgjerdsvegar; ei leiing som ser heilskapen og har tett dialog med lokalt næringsliv og offentleg sektor.
- Legga til rette for at statleg tilsette kan jobba desentralisert og etablera desentraliserte kontorfellesskap der det er grunnlag for det.
- Utvikla dei kommunale servicetorga, slik at dei òg i større grad kan tilby service når det gjeld statlege tenester. Kommunane må kompensereast for dette arbeidet.
- Flytta fleire statlege arbeidsplassar frå hovudstaden til andre delar av landet.
- Overførte fleire oppgåver frå staten til fylkeskommunane og kommunane.
- At basisteneister som politiet leverer, som pass, våpenkort og ID-kort skal gjevast tilbod om nær folk.
- Oppretta eit forskingsprogram for distriktsutvikling i Noregs forskingsråd.
- Bidra til at flyktingar helst vert busette i mindre kommunar/distriktskommunar.

Ein ny skattepolitikk for distrikta

Norsk distriktspolitikk har vore basert på ei rekke tiltak knytt til ulike næringar, til offentleg sektor og til ordningar i skatte- og avgiftssystemet. Eit avgjerande verkemiddel i dagens distriktspolitikk er den differensierte arbeidsgjevaravgifta. Senterpartiet vil bevare denne ordninga og styrka den ytterlegare.

Senterpartiet meiner at det trengst nye verkemiddel i distriktspolitikken. Dersom distrikta skal tiltrekka seg ny verksemd må det leggest til rette for dette på ein langt meir offensiv måte. Derfor meiner Senterpartiet at ein bør differensiera selskapsskatten geografisk.

I tillegg til innrettinga på arbeidsgjevaravgift og selskapsskatt meiner Senterpartiet at skatt frå naturressursbasert verksemd i større grad skal koma lokalsamfunnet til gode. Vi har i dag eit godt system for konsesjonskraft og konsesjonsavgift på vasskraft som må sikrast for åra framover. Eit tilsvarende system må greiast ut for andre former for kraftproduksjon.

Havbruksnæringa skapar store verdiar langs heile kysten. Det er naturleg at kommunane som gjev frå seg areal og legg til rette infrastruktur for havbruksnæringa, også får ein større del av verdiskapinga. Slik kan vi sørge for at havbruksnæringa vert endå meir lønsam for dei som bur langs kysten.

Senterpartiet vil:

- Oppretthalde differensiert arbeidsgjevaravgift som eit hovudverkemiddel i distriktspolitikken. Regelverket skal vera uendra når det gjeld satsar og sonar, men verkeområdet må utvidast slik at alle næringar og offentleg verksemd igjen vert omfatta av den differensierte arbeidsgjevaravgifta.
- Differensiera selskapsskatten slik at bedrifter som ligg i arbeidsgjevaravgiftssonene 3, 4 og 5 får ein reduksjon i selskapsskatten på 1 prosentpoeng.
- Sikra eit permanent lågt nivå på momsen for reiseliv, persontransport og kultur.
- Greia ut ein naturressursskatt for til dømes vindkraft og mineral som skal koma vertskommunane til gode.
- At midla frå Havbruksfondet skal fordelast med 70 % til kommunane, 20 % til fylket og 10 % til staten. Der same havbruksanlegg ligg i fleire kommunar, må alle kommunane få den rettmessige delen sin av midla basert på arealbruken til anlegget.
- Fordela produksjonsavgifta for havbruk etter same fordelingsnøkkel som gjeld for Havbruksfondet.
- Endra inntektssystemet for kommunane i retning av større utjamning både av geografiske og sosiale skilnadar og skilnadar i skatteinngang mellom kommunane.
- Gjennomføra endringar som gjev kommunane større kontroll over eigne inntekter og ha ein friare kommunal skatteprosent innanfor nasjonale rammer.
- Jobba for å styrka konkurransekrafta til norske bedrifter slik at ein reduserer handelslekkasje til nabolanda.

Bygdevekstavtalar – eit nytt verktøy i distriktspolitikken

Senterpartiet vil legga til rette for næringsutvikling over heile landet. Store område av Noreg vil ha fordel av ein målretta næringspolitikk.

Senterpartiet vil at grupper av distriktkommunar i dei delane av landet som scorar lågt på næringsutvikling, skal kunna inngå avtalar med staten etter mønster av byvekstavtalane. Overordna mål om næringsvekst og fleire arbeidsplassar skal ligga til grunn, men det skal kunna gjerast lokale tilpassingar i den enkelte regionen. Gjennom denne typen avtalar kan ein utvikla lokale fortrinn og sørge for langsiktige tiltak i dei aktuelle områda. Ved å skreddarsy tiltak tilpassa dei lokale utfordringane, styrkar vi moglegheitene for at eit område lykkast med næringsutvikling.

Bygdevekstavtalar er eit nytt og nødvendig verkemiddel som kan føra til vekst, bulyst og positiv samfunnsutvikling i distrikt med særlege utfordringar. Bygdevekstavtalane skal vera forpliktande og langsiktige avtalar som målretta støttar dei kommunane som deltar i satsinga. Satsinga skal rettast mot grupper av kommunar, to eller fleire, med særlege utfordringar. Kommunane skal sjølv identifisera tiltak og saman med staten inngå ein avtale om felles satsing, basert på forhandlingar.

Avtaleperiode og finansiering skal fastsetjast ved inngåing av avtalen. Målet er at prosjekta skal vere føreseielege, og bør kunna gå over fleire år, med bidrag både frå kommunane, fylkeskommunane, frå staten og eventuelt private.

Senterpartiet vil:

- Setja av 12 mrd. kroner over ein periode på ti år for å etablera bygdevekstavtalar.
- Sikra at tiltaka er tilpassa det enkelte området og svarer på lokale utfordringar. Avtalane skal handla om særskilde satsingar ut over ordinær drift i bedriftene.
- Etablera styringsgrupper for kvar bygdevekstavtale som sikrar både lokal og regional folkevald representasjon.

Friare lokalsamfunn – mindre byråkrati

Lover og regelverk skal vera enkle å forstå og mynde skal utøvast nærast mogleg innbyggjarane. Satsing på ny teknologi må bidra til dette. Overdriven byråkratisering skapar frustrasjon, ineffektivitet og stel ressursar frå viktige samfunnsoppgåver.

Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter er viktig for å sikra kvalitet i norske bygg og ta vare på interessene til fellesskapet. Men Senterpartiet vil forenkla lova og plan- og byggesaksprosessane for innbyggjarar og handverksbedrifter. Vi vil vurdere å fjerna kravet om byggesøknad for mindre og enkle prosjekt, og gjeninnføra ein forenkla byggemelding.

Innsigelseinstituttet har ein viktig funksjon i demokratiet, men det må avgrensast slik at staten ikkje hindrar det lokale sjølvstyret utan at det gjeld tungtvegande regionale og nasjonale interesser.

For å stansa dagens omfattande nedbygging, særleg i sentrale strøk, er det nødvendig med eit skjerpa nasjonalt jordverns mål. Dette må kombinerast med eit strammare statleg regelverk når det gjeld nedbygging av dyrka og dyrkbar mark. I landskapsvernområde må landbruket sikrast handlingsrom for utvikling av norsk matproduksjon.

Senterpartiet vil:

- Sikra at overføringar til kommunar og fylkeskommunar i hovudsak vert gjevne som frie middel.
- Redusera talet direktorat og statlege tilsyn og sørga for at det statlege byråkratiet i sum vert redusert, målt mot 2019-nivå.
- Flytta direktorat og statlege arbeidsplassar ut av Oslo.
- Endra retningslinjene for lokalisering av statlege verksemder utanfor hovudstaden. Unntaksavgjerder som gjer det mogleg å omgå utflyttingsvedtak, vert avskaffa.
- Redusera krav til internrevisjon i statlege etatar og arbeida for å forenkla forskrifter og skjema.
- Forenkla kontroll- og rapporteringssystema i det offentlege slik at fleire ressursar kan brukast på å levera betre tenester til innbyggjarane.
- Styrka arbeidet med å samordna statlege innvendingar og setja klare tidsfristar og avgrensingar for å unngå forseinkingar i planprosessar.
- Endra planretningslinjene til staten og andre statlege/regionale føringar for å sikra at spreiddbygde kommunar i folketunge regionar ikkje vert ramma av ein fortettings- og vegpolitikk som ikkje er ønskt av desse kommunane. Desse kommunane må sjølv kunna bestemma kvar det skal leggst til rette for bustadutvikling og i kva grad spreidd bustadbygging skal tillatast.
- Endra planretningslinjene til staten slik at vern av dyrka mark vert gjorde til ei sentral målsetjing i alt planleggingsarbeid i Noreg.
- Arbeida for at krava som vert stilte til næringslivet også kan gjennomførast for små og mellomstore bedrifter.
- Auka differensieringa i regelverket for bygging i strandsona og langs vassdrag i innlandet med sikte på større fridom i område der det er lite press på areala.

- Gje meir rom for lokale avgjerder når det gjeld etablering av snøscooterløyper, bruk av vannscooter og motorbåt, og dessutan nødvendig barmarkskøyering med terrengkøyretøy.
- Auka kommunane si medbestemming ved vern av skog, landskapsvern og marine område.
- Sikra at statlege vernebestemmingar tar høgde for tradisjonell, historisk bruk og utvikling i pakt med denne.
- Sikra at offentlege prosessar er opne og gjev rom for innsyn.
- Fremja småskala næringsverksemd i distrikta ved å forenkla plan- og godkjeningsprosessar.
- Gje kommunane vetorett i utbygging av vindkraft gjennom plan- og bygningslova.

Bustadbygging i distrikta

Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling i alle kommunar. I dag kan det vera vanskeleg å bygga ny bustad i fleire distrikt fordi det er dårleg samsvar mellom byggekostnadane og den marknadsverdien huset får når det er ferdig. Dette kan igjen føra til at folk får problem med å få vanleg bustadlån. Dagens grunnlån i Husbanken treffer dårleg i mange regionar med bustadar som har låg pantesikkerheit og der det er lita andrehandsomsetning. Det er derfor behov for tilpassingar i lånemodellar og utgreiing av nye typar lån gjennom Husbanken. På same måte er det lite attraktivt å driva med kommersiell bustadutvikling fleire stadar i landet fordi utleigeprisane og salsprisane som følgjer av investeringane, vert for høge samanlikna med dei generelle utleigeprisane på staden.

Kommunane må driva ein aktiv bustadpolitikk, gjerne i samarbeid med private aktørar. Dei statlege verkemidla gjennom Husbanken må understøtta kommunar som tar ei slik aktiv rolle. Senterpartiet vil leggja til rette for busetjing i heile landet. Spreidd utbygging er eit verkemiddel for å oppnå dette. I kommunar med lite utbyggingspress må spreidd bustadbygging tillatast i større omfang enn i sentrale strøk. Dette skal uansett ikkje gå på bekostning av jordvernet.

Senterpartiet vil:

- Styrka Husbankens distriktsretta ordningar.
- Fornye Husbankens prosjekt «Bustadetablering i distrikta» for å stimulera til ulike typar bustadar i kommunar med ein usikker bustadmarknad.
- Utvida verkemidla i Husbanken slik at rehabilitering av bustadar i distrikta i større grad vert prioriterte.
- Gje bankane høve til å utvisa meir skjønn for og tilpassa eigenkapitalskravet i område med låg marknadsverdi på bustadar.
- Prøve ut skattefritak for langtidsutleige av bustadar i distrikta for å skapa auka bustadtilgang i leigemarknadene.
- Innføra ei statleg støtteordning for etablering av fleire utleigeeiningar i distrikta.
- Auka staten sitt bidrag til å kartlegga faresoner i område som kan vera utsett for flaum, ras og skred. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Norges Geotekniske Institutt (NGI) må verta gjevne tilstrekkelege ressursar til å overvaka område med kvikkleire nøye.
- Bidra til at distriktskommunane får middel og ressursar til å utvikla gode sentrumstiltak med lokal identitet.

Klima: **EFFEKTIVE KUTT FOR Å NÅ MÅLA I PARISAVTALEN**

Parisavtalen er den viktigaste internasjonale avtalen verda har fått på plass i klimaarbeidet så langt. Målet til avtalen om reduksjon av klimagassutslepp er det sentrale verktøyet for klimaomstilling både internasjonalt og i kvart av dei landa som tilknytt avtalen. Den bygger på den grunnleggande målsetjinga om å avgrensa temperaturauken til under 2 grader, og helst ikkje meir enn 1,5 grad. Noreg må følgja opp sine forpliktingar i avtalen, auka sine eigne klimaambisjonar og arbeida for å få andre land til å gjera det same. Alle sektorar i samfunnet må bidra og sørga for effektive klimakutt, samtidig som vi ikkje skal innføra tiltak som berre flyttar utslepp til andre land, eller som fører til større utslepp i sum.

Måla i Parisavtalen vil krevja ei sterk utvikling av grønne næringar og ei aktiv omstilling på alle samfunnsområde. Klimaløysingane må tilpassast lokale forhold og bidra til berekraftig utvikling i heile landet. I klimapolitikken ligg det store moglegheiter for betre ressursutnytting og næringsutvikling.

Skal klimapolitikken ha brei oppslutning og legitimitet må heile befolkninga ta del i omstillinga og vera trygg på at dette går riktig veg. Vi må sameina klimatiltak, verdiskaping og rettferd. Nødvendige samfunnsendingar for å kutta i klimautslepp og handtera klimaendingar må ha ei rettferdig sosial og geografisk byrdefordeling. Klimapolitikken må utformast slik at den òg tar hand om andre viktige samfunnsomsyn, som natur og miljø, industriell utvikling, matproduksjon, beredskap, sosial utjamning og busetjing i heile landet.

Senterpartiet meiner det er ei viktig nasjonal oppgåve å bidra til å skapa fleire lønsame grønne arbeidsplassar i åra som kjem. Det må arbeidast strategisk med korleis skjerpa miljøkrav kan bidra til utvikling av ny kompetanse, teknologi, industri og arbeidsplassar i Noreg.

Noreg har naturressursar, kompetanse og økonomisk handlefridom som med riktige strategiske avgjerder kan leggja forholda til rette for reduserte utslepp av klimagassar både nasjonalt og internasjonalt. Vi vil satsa på utvikling av ny teknologi som grunnlag for reduserte utslepp av klimagassar, meir miljøvenlege løysingar og for å styrka konkurransekrafta til næringslivet. Vi vil spesielt satsa på teknologiutvikling der ein reduserer behovet for fossil energi i industrielle prosessar.

Klimaendingane skapar nye utfordringar, og samfunnet må arbeida aktivt med klimatilpassing i åra som kjem. Det viktigaste arbeidet vil skje lokalt, og det er nødvendig at staten rustar kommunar og fylke med nødvendige ressursar for å sikra at arbeidet kan gjennomførast offensivt.

Transportsektoren

Å nå Paris-måla vil krevja ei sterk endring av norsk transportsektor, som må over på ulike former for karbonnøytrale løysingar.

Senterpartiet vil skapa eit attraktivt og moderne togtilbod for passasjerar og gods og arbeidar ut frå ei langsiktig målsetjing om at toget skal kunna konkurrera med fly og veggåande trafikk om å vera eit attraktivt transporttilbod mellom landsdelane. Transportveksten i og rundt storbyane må løysast

med sterkare satsing på kollektivtransport, sykkel og gange. På same måte må meir godstrafikk over frå veg til bane og sjø. Flytrafikken innanlands må gradvis over på karbonnøytrale løysingar.

Klimaomstillinga i transportsektoren på nasjonalt nivå bygger på prinsippet om at forureinar skal betala. Framover må det skje på ein slik måte at det gjev effektive klimakutt og ikkje bidreg til auka sosiale og geografiske skilnadar.

Senterpartiet vil:

- Bidra til at alle nye personbilar og lette varebilar som vert selde i 2025 skal vera nullutsleppsbilar (el, hydrogen og biogass).
- Arbeida for at alle nye tyngre varebilar, 75 % av nye langdistansebusser og 50 % av nye lastebilar skal vera nullutsleppskøyretøy i 2030.
- Ha ein nasjonal plan for ladestasjonar og fyllestasjonar for hydrogen og biogass.
- Overføra meir av godstrafikken frå veg til bane og skip.
- Endra elbilfordelane slik at staten berre gjev mva-fritak for kostnader opp til 600 000 per nyinnkjøpte elbil. Over dette beløpet vert det betalt full mva. Bruksfordelane vert gradvis reduserte.
- Bygga ut 10 000 hurtigladarar i heile landet innan 2030.
- Redusera klimautsleppa frå næringstransport/tungtransport, mellom anna ved å etablera eit CO₂-fond for næringstransporten.
- Arbeida for at 100 % av bybussane skal vera karbonnøytrale i 2030.
- Sikra ei storstilt satsing på norsk bioenergi og avansert biodrivstoff i transportsektoren. Dette er god klimapolitikk og god næringspolitikk. Det er viktig å gje avgiftslette og samtidig auka den delen av avansert biodrivstoff som er påbode omsett. Det må satsast særleg på biodrivstoff i luftfarten.
- Sikra at biodrivstoffproduksjonen ikkje går på bekostning av matproduksjon, verken nasjonalt eller internasjonalt. Biodrivstoff basert på klimafiendtleg palmeolje må fasast ut.
- Oppretta eit program for innfasing av null- og lågutsleppsfly i Noreg. Dei første innanriks ruteflygingane med nullutslepp bør skje innan 2030 og det bør etablerast eit statleg pilotprosjekt for elfly og andre null- og lågutsleppsløysingar.
- Fremja eit norsk initiativ til reforhandling av Chicago-konvensjonen med sikte på auka avgifter på internasjonale flyreiser slik at all internasjonal flytrafikk tar sin del av utsleppsreduksjonar og omstilling.
- Elektrifisera eller innføra hydrogentog på linjer som i dag går med dieseltog.
- Bygga ut, oppgradera og elektrifisera jernbanen for å sikra at fleire reisande og meir gods vert transportert på bane.
- Ha null- og lågutslepp som hovudregel ved utlysing av nye anbod på ferjer og hurtigbåtar, samtidig som tal avgangar vert oppretthaldne eller forbetra. Meirkostnadar med dette må dekkast av staten fullt ut.
- Erstatte Avinors mål om vekst i flytrafikken med eit mål om eit godt flytilbod i heile landet.
- Innføra kjøps- og bruksfordeler for nullutsleppskøyretøy av typen motorsyklar, mopedar, traktor og firehjulingar.
- Legga til rette for ordningar med bildeling i byane.
- Sørga for at mellomstore byar og byområde kan ta del i bymiljøavtaleordninga.
- Stimulera til eit meir klima- og miljøvenleg transportsektor totalt sett utan å einsidig fokusera på elektrisitet av omsyn til tryggleik. Å legga om heile transportsektoren til å verta straumavhengig vil gjera landet meir sårbar for straumbrot.
- CO₂-avgifter må berre vera eit verkemiddel der det ikkje fører til karbonlekkasje, handelslekkasje og tap av norske arbeidsplassar. Det må konsekvensutgreiast for kvar enkelt næring og sektor og vert nytta saman med tilskotsordningar for omlegging til meir miljøvenlege energiformer.

Skipsfart

Skipsfarten har mange ulike bruksområde og varierte typar fartøy. Overgang frå tradisjonelt drivstoff til null- og lågutsleppsløysingar er nødvendig, men også teknologisk utvikling slik at fleire typar skip

kan gå over til klimavenleg drivstoff. I innanlandsk ferje- og hurtigbåttrafikk har vi allereie komme eit godt stykke på veg. Dei største utfordringane handlar om skip i langfart.

Løysingane for lange avstandar og store volum kan ligga i storskala løysingar for reint hydrogen og/eller utsleppsfri ammoniakk. Maritim sektor i Noreg er allereie godt i gang med å realisera høge ambisjonar om nullutsleppsskip. Staten må forplikta seg til å delta i ein opptrappingsplan med maritim næring for å nå målet om at alle nye skip skal ha nullutslepp frå 2030. Ei slik satsing vil gje arbeidsplassar og eksportmoglegheiter for Noreg.

Senterpartiet vil:

- Stilla krav om utsleppsfrie løysingar i offentlege ferjer og hurtigbåtanbod. Meirkostnadane ved dette skal dekkast av staten fullt ut. Staten må òg bidra til teknologiutvikling som kan fremja nye null- og lågutsleppsløysingar for autonom eller bemanna ferje og hurtigbåt.
- Legga til rette for at reiarlag, verft og teknologimiljø vel nullutsleppsløysingar og bidra til at norsk næringsliv tar ein internasjonal posisjon når det gjeld utsleppsfri skipsfart.
- Legga til rette for produksjon av energiberarar med nullutslepp i Noreg.
- Forsterka innsatsen for å gjera fiskeflåten utsleppsfri.
- Jobba for å vidareutvikla ladestasjonar for skipsfarten og styrka innsatsen for at alle hamner skal tilby landstraum innan 2030.

Jordbruk

Senterpartiet vil jobba for å styrka norsk matproduksjon og samtidig gjera matproduksjonen meir klimaeffektiv. Dette er i tråd med Parisavtalen. Den slår fast at omsynet til mattryggleik har høg prioritet. Klimatiltaka må utformast slik at dei styrkar norsk matproduksjon og fremjar eit levande jordbruk i heile landet.

Norske gras- og beiteressursar må utnyttast betre, og norsk kjøttproduksjon frå storfe og småfe er eit viktig globalt bidrag til ein meir klimavenleg matproduksjon. Karbonbinding i jord har eit stort uutnytta potensial, og Senterpartiet vil innretta verkemidla slik at det løner seg å driva eit landbruk som gjev auka binding av karbon i jord.

For å nå Paris-måla er det inngått ein avtale mellom staten og organisasjonane i landbruket om å redusera klimagassutsleppa med 5 mill. tonn CO₂. Dette vil krevja utvikling av drift, tilpassing av produksjonsmåtar og driftsmiddel, og er ikkje ei oppgåve 40 000 gardsbruk kan klara åleine. Eit viktig bidrag til klimaarbeidet er å produsera ein større del av maten i Noreg. Klimagassutslepp frå mat bør målast etter utslepp per produsert eining.

Senterpartiet vil:

- Oppretta eit «Bionova», eit klimafond på 10 mrd. kroner for landbruket, der utøvarar kan søka støtte til omlegging av produksjon og drift. Fondet skal òg bidra til å finansiera tiltak for auka binding av CO₂ i skog og jord.
- Greia ut og vurdera ein klimatoll på import av kjøtt.
- Innføra tydelegare merking av importprodukt i varegruppene kjøtt, meierivarer, og dessutan frukt og grønt, og tydelegare merking av norsk mat.
- Satsa på forskning og utdanning for å ta i bruk ny kunnskap om meir klimasmart produksjon av mat, i skogbruket og ved resirkulering av avfall og husdyrgjødsel.
- Styrka arbeidsdelinga mellom dei ulike områda av landet, også kalla kanaliseringspolitikken. Dette inneber større utnytting av gras- og beiteareal, som er særleg viktige i område som er dårleg eigna til dyrking av korn, grønsaker og annan planteproduksjon.
- Innføra utrekningsmetodar ved rapportering av utsleppsforpliktingane våre som skil mellom utslepp av kortliva og langliva klimagassar.
- Setja i verk nye tiltak for å forhindra matsvinn og matkasting.

- Utvikla jordbruket i meir klimavenleg retning ved hjelp av presisjonsjordbruk.
- Styrka arbeidet for auka karbonlagring i jord og skog. Det bør stimulerast til aktiv skogdrift, auka bruk av fangvekstar og biokol. Verkemiddel som styrkar etablering av sirkulære verdikjeder ved bruk av biokol, bør prioriterast.
- Stimulera til betre avling og grovførkvalitet i landbruket med sikte på lågare klimagassutslepp og auka sjølvforsyning.
- Arbeida for at driftsmiddel som traktorar og andre motoriserte reiskap i landbruket vert fossilfrie.
- Auka tilskot og forskingsmiddel til å produsera biogass av hushaldsavfall, avfall frå næringsmiddelindustrien og husdyrgjødsel, med sikte på at mest mogleg vert brukt til biogassproduksjon. Ordningar i landbrukssektoren skal rettast både mot store anlegg og småskalaproduksjon på enkeltgardar. Ordningane må òg stimulera til auka innsamling av gjødsel og som utjamning av transportkostnader.
- Innføra nasjonalt tilskot for karbonlagring i jord. Auka binding bør gje same tilskot som avgift på utslepp.
- Bruka jordbrukspolitikken til å stimulera til auka seterbruk som utnyttar beiteressursane og sørger for auka karbonbinding i fjellarealet.

Skogbruk

Skogen er ein viktig del av løysinga i klimapolitikken. I dag tar skogen i Noreg netto opp CO₂ tilsvarande halvparten av dei norske klimautsleppa. Dersom vi ikkje driv eit aktivt skogbruk, vil CO₂-binding i skog gå sterkt ned dei neste tiåra. Binding av karbon i skog vil ha ein sterk positiv effekt på CO₂ mengda i atmosfæren i eit lengre perspektiv enn 2030. For å oppnå denne langsiktige effekten må tiltak for å auka binding av karbon i skog vert gjennomført raskt. Dersom vi forvaltar skogen godt vil vi kunna få eit samla meiroptak i skog på omtrent 75 mill. tonn CO₂ ved utgangen av dette hundreåret.

Ein aktiv skogpolitikk er ei jordnær, konkret og billig klimaløysing, som må satsast på, samtidig som produksjonen i landet av fornybar naturressursar aukar. Det er store høve for offensiv klimainnsats dersom det vert lagt opp til auka avverking til optimalt tidspunkt, kombinert med aktiv skogskjøtsel og planting av skog på nye areal. Areal som skal nyttast til nyplanting av skog, skal ikkje vera i konflikt med areal som kan brukast til matproduksjon. Skal vi nå dei langsiktige måla om karbonbinding i skog må vi raskt koma i gang med ny skogplanting, planteforedling, planting med riktige treslag og riktig tettleik. Vi må driva ungskogpleie, målretta gjødsling og gjennomføra hogst på riktig tidspunkt.

Bruk av tre som byggemateriale er viktig for karbonlagring og ei lønsam skognæring.

Vern av skogområde må balanserast mot effektiv og miljømessig fornuftig hausting.

Senterpartiet vil:

- Gjeninnføra tilskotet for uttak av hogstavfall som stimulans til produksjon av biobrensel.
- Setja ned ein statleg skogkommisjon som skal vurdera korleis skogen skal brukast i klimasamanheng.
- Auka støtta til bygging av skogsbilvegar.
- Etablere eit program for godt klimaskogbruk i samarbeid mellom skognæringa, rørte utmarksnæringar og staten.
- Auka CO₂-opptaket til skogen ved å gje tilskot til planting av skog. Arbeidet med tettare planting, planteforedling, målretta gjødsling, mekanisk ugraskontroll, ungskogpleie og tynning må intensiverast.
- Gjennom tilskotsordningar stimulera til auka uttak av blandingskog for planting av barskog som bidreg til auka CO₂-opptak.
- Auka innsats for utvikling av verdikjeder for skog.

- Prioritera norsk tre i alle offentlege byggeprosjekt der det er mogleg, både ved nybygg og renovering. Staten må gå føre i denne samanhengen, noko som til dømes fordrar at det nye regjeringskvartalet må byggast i tre.
- Satsa på aktivt skogbruk som gjev større karbonbinding. Skogeigarane må få tilbod om kursing innan planting, ungskogpleie og skogplanlegging.
- Sikra norsk eigarskap på skogeigedomar gjennom konsesjonslovgevinga.

Andre delar av ikkje-kvotepliktig sektor

Også alle andre delar av ikkje-kvotepliktig sektor må redusera sine klimagassutslepp. Det gjeld offentleg sektor, hushald, bygningar og delar av norsk industri.

Stat, fylke og kommunar vil ha stor påverknadskraft for ei klimavenleg utvikling. Måten vi bygger på, er òg klimapolitikk. Det offentlege må gå føre i krav om klimavenlege byggemateriale og byggeprosessar og stilla krav om at bygg vert planlagt med lang levetid.

God næringspolitikk og god klimapolitikk heng saman. Gjennom satsing på ny teknologi, bioøkonomi og meir sirkulærøkonomi må vi forma morgondagens verdiskaping og arbeidsplassar. Vi vil ha ei særleg norsk satsing på sirkulærøkonomi og ha ambisiøse målsetjingar for gjenbruk og gjenvinning. Avfall til deponi skal reduserast til maksimalt 10 % innan 2030. Matsvinnet skal reduserast til eit minimum.

Avfall som ikkje kan gjennvinnast som vert brent eller deponert, må verta ein ressurs som kan brukast – òg i mindre forbrennings- og fjernvarmeanlegg.

Senterpartiet vil:

- Styrka Enova med kapital som kan gjera det økonomisk gjennomførbart å investera i climateknologi.
- Gje Enova mandat til å støtta implementering av utprøvde sirkulære og fornybar industriløysingar som vi treng for omstilling av samfunnet.
- Stilla krav om at miljø og klima skal vektast med minst 30 % i offentlege innkjøp der innkjøpa har miljø- og klimapåverknad. Ved vareinnkjøp skal vurderinga skje ut frå heile livsløpet til vara.
- Innføra klimautrekningar i alle større byggeprosjekt i offentleg regi.
- Setja mål for utsleppskutt i statleg sektor.
- Inngå ein forpliktande avtale med havbruksnæringa og fiskerinæringa om ei halvering av klimagassutslepp fram til 2030.
- I samarbeid med kommunane setja som mål at norske hamner skal vera utsleppsfrie innan 2030. Dette må skje utan at næringslivet vert tvinga til å velja transportløysingar som er dårlegare eller har høgare utslepp.
- Ta initiativ til ein bransjeavtale for omlegging til fossilfri plast.
- Setja mål om 10 TWh energieffektivisering i bustadar, næringsbygg og offentlege bygg.
- Erstatte fossil brensel i industri med elektrisitet, solenergi, fjernvarme, bergvarme, hydrogen, biogass og biomasse.
- Auka uttaket av metan frå avfallsdeponi og bruka han til biogassproduksjon.
- Stilla strenge krav til klimagassutslepp på bygg og anleggsplassar
- Legga til rette for vidare forskning og utvikling på tare og andre plantar/organismar som næringsprodukt til dyr, fisk og menneske.
- Utvikla og styrka ordninga med Klimasatsmidlar til kommunesektoren.

Energi

I eit lågutsleppssamfunn må energiforbruket vårt basera seg på fornybar energi. Fornybar elektrisitet må takast i bruk der han kan erstatta fossil energi, som til dømes i samferdselssektoren og ved meir elektrifisering av petroleumssektoren. Elektrifisering av større delar av samfunnet vil krevja auka

tilgang til fornybar energi. Samtidig gjev store mengder ny fornybar elektrisitet grunnlag for auka industrisatsing. Gjennom ei balansert utvikling av energiproduksjonen og overføringskapasiteten, primært til nabolanda våre i Norden, kan Noreg bidra til viktig kraftutveksling. Statnett skal ha monopol på eigarskap og drift av kablar til utlandet.

Når installasjonar skal elektrifiserast, vil krafta koma frå enten havvind eller kraft frå land. Senterpartiet meiner at det må vurderast frå felt til felt kva løysingar som er best, men vi vil ikkje gå inn for løysingar som svekker forsyningssikkerheita i det landbaserte kraftsystemet, eller løysingar direkte eller indirekte svekker rammevilkåra for kraftkrevjande industri og driv opp prisane i den norske straummarknaden.

Om vi skal nå Paris-måla må vi satsa stort på ei rekke alternativ og elektrifisera så mykje som mogleg. Energieffektivisering, fornybar kraft, bioenergi og CCS¹ er viktig. Vi treng fleire løysingar og nokre som kan starta raskt dersom vi skal ha ein sjanse til å nå klimamåla.

Fornybar energi og teknologiutvikling gjev grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping i Noreg. Der det kan verta aktuelt med vindkraft på land skal kommunane ha vetorett og konsesjon skal ikkje verta gjeve i strid med lokale ønske og vedtak. Senterpartiet vil ikkje ha vindkraftutbyggingar der dei øydelegg for eksisterande næringar, friluftsliv eller viktige natur-, kultur- og landskapsverdiar. Senterpartiet krev grundige konsekvensutgreiingar om vindkraftanlegg skal byggast, og meiner det er viktig å sikra lokal medverknad gjennom full openheit og brei involvering og respekt for demokratiske avgjerder både før og etter konsesjon eventuelt vert gjeve. Vindkraftproduksjon til havs har potensial og moglegheitene for flytande anlegg er interessante. Men også her må omsynet til natur og miljø, og til eksisterande næring vektleggast tungt. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd og samsvar med fiskeri- og havbruksinteressene.

Senterpartiet vil arbeida for ei effektiv konsesjonsbehandling for utbygging av fornybar energi. Grunneigarar, rettshavarar og lokalsamfunn skal få ein rettmessig del av verdiskapinga.

Vi har framleis høve til å auka vasskraftproduksjonen vår gjennom rehabilitering, fornying og utviding av eksisterande kraftproduksjon. For å oppnå dette må grunnrenteskattelegginga innrettast slik at denne typen investeringar vert oppmuntra.

Noreg har høve til å vidareutvikla teknologi for solceller og produksjon av element til solceller. Solkraft er ein desentralisert energi og bør takast i bruk i langt større skala både i offentlege og private bygg og i næringsbygg. Dette vil både bidra til å auka tilfanget av fornybar energi og skapa ein marknad for industrien i Noreg som produserer solcellepanel.

Satsing på bioenergi må utviklast vidare med tanke på både lønsemd og marknadsmoglegheiter. Biokol kan bidra til utsleppsreduksjonar i landbruket gjennom jordforbetring, men kan òg nyttast på andre område. Senterpartiet meiner staten må bidra til at det vert utvikla verdikjeder for produksjon og bruk av biogass og biokol. Både husdyrgjødsel, treavfall, fiskeavfall og anna avfall vil vera interessant som grunnlag for biogassproduksjon. Her trengst eit samspel mellom mange aktørar for å setja i gang prosjekt og bygga lønsam produksjon.

Senterpartiet vil:

- Oppdatera og styrka konsesjonslovene i energisektoren.
- Verna ordninga med konsesjonskraft og -avgifter, og innføra ordningar som sikrar at kommunar og fylke vert kompenserte ved utbygging av nye fornybare energikjelder.

¹ CCS = Karbonfangst og –lagring (Carbon capture and storage).

- Bidra til rehabilitering, fornying og utviding av eksisterande kraftverk ved å innretta grunnrenteskattelagging slik at ho fremjar slike investeringar.
- Greia ut korleis vi kan sikra lokal og nasjonal forankring av småkraft gjennom å forby sal av fallrettar og ha maksimal utleigeperiode på 30 år.
- Sikra at kommunane har siste ordet i spørsmål om vindkraft på land. Utover gjevne konsesjonar skal ingen nye anlegg kunna godkjennast utan at kommunane har sagt «ja» til utbygging. Vindkraftsaker skal handterast etter plan- og bygningslova, ikkje energilova.
- Sikra grundig vurdering av miljøkonsekvensar og konsekvensar for eksisterande næringer før planar om vindkraftanlegg vert lagt fram for politisk behandling.
- Sikra nasjonalt eigarskap til vindkraftanlegg og greia ut heimfallsrett for vindkraftanlegg.
- Verna sentrale norske gyteområde og fiskefelt mot utbygging av havvind.
- Auka støtte til installasjon av solcelleanlegg.
- Opna for bygging av småkraftverk i verna vassdrag der utbyggingane direkte erstattar dieselaggregat.
- Få på plass ei ordning for utjamning av nettleige som sikrar likt prisnivå i heile landet.
- Sikra opprusting av straumnettet for å møte ei framtid med utstrekt elektrifisering.
- Utnytta og oppretthalda konkurransefortrinnet til kraftsystemet for å tiltrekka seg ny grøn industri og nye arbeidsplassar.
- Greia ut ei ny ordning for utrekning av anleggsbidrag ved oppgradering eller tilkopling til straumnettet i distrikta

Ny, grøn industribygging

Ein stor del av norsk industri ligg innanfor EU sitt kvotesystem. Det er likevel viktig at all industri arbeider i fellesskap med utviklinga fram til eit lågutsleppssamfunn. Senterpartiet meiner staten må støtte dette arbeidet ved hjelp av ordningar som bidreg til risikoavlastning og som gjer Noreg til eit attraktivt land å investera i.

Omstillinga i næringslivet må ikkje føra til såkalla karbonlekkasje, det vil seia at ein ikkje får klimakutt, men at produksjon vert flytta til andre stadar i verda med like store eller større utslepp. Grøn utvikling må formast slik at norske produkt og teknologiar vinn nye posisjonar. Lovverket og skatte- og avgiftssystemet må legga til rette for aktiv bruk av fornybare ressursar i Noreg.

Ei stor oppgåve vil vera å skifta produksjonsteknologi for mange av dei mest utsleppstunge industriprodukt som sement, aluminium, silisium og stål. Vi er svært godt posisjonert for ei slik industrifornyng. Norsk fornybar kraft bør brukast til å produsera norske industriprodukt som konkurrerer med varer som internasjonalt i stor grad vert produsert på kolbasert energi.

Det ligg godt til rette for storskala hydrogen- og ammoniakkproduksjon og -industri i Noreg, både «grønt hydrogen» og «blått hydrogen»², til bruk i transport, industri og for eksport. Ei hydrogensatsing kan gje både stor eksport, verdiskaping, arbeidsplassar og utsleppsreduksjonar i Noreg. Norske naturressursar og eksisterande næringsstruktur gjev oss fortrinn på dette feltet. Ikkje minst har vi kompetansen som trengst, i form av dagens tilsette i industrien. Vi har store gassressursar og potensial for auka kraftproduksjon frå fornybar energi som inngår i grøn hydrogen- og ammoniakkproduksjon. Norsk sokkel kan fungera som lager for CO₂ frå produksjon av blå hydrogen med CCS og Noreg kan produsera og eksportera teknologi for hydrogenproduksjon til andre land.

² «Grønt hydrogen» produserast gjennom elektrolyse av vatn og gjev null utslepp. «Blått hydrogen» produserast ved hjelp av naturgass, men CO₂ fangast og lagrast slik at også dette gjev null utslepp til atmosfæren

Norsk oljeproduksjon vil reduserast fram mot 2050. Norsk olje vert produsert med betydeleg lågare CO₂-utslepp enn mange andre stadar i verda, men også i ein periode med fallande oljeproduksjon må utsleppa frå sjølve produksjonen reduserast kraftig. Dette inneber mellom anna at kraft til produksjon på norsk sokkel må verta fornybar.

Fangst og lagring av CO₂ (CCS) kjem til å verta viktig for å nå klimamåla – og kan verta ei særst interessant verdikjede for norsk næringsliv. Vi må koma i gang med karbonfangst og -lagring ved avfallsforbrenningsanlegg i dei største byane våre, i tillegg til i industrien. Dette føreset etablering av ei verdikjede frå fangst via transport til lagring. Norsk olje- og gassindustri kan spela ei viktig rolle for å utvikla denne. For å bidra til meir CCS er det òg viktig å få endringar i FN sine bokføringsreglar slik at dei kan omfatta negative utslepp.

Senterpartiet vil:

- Utarbeida ein ambisiøs hydrogenstrategi som koplar klare ambisjonar med langsiktige rammevilkår, infrastruktur, investeringsstøtte og offentlege anbod.
- Etablera eit grønt investeringselskap med minimum 10 mrd. kroner i kapital for utvikling av – og strategiske investeringar i – norske bedrifter som baserer seg på grønt karbon som t.d. biogass og biokol, og dessutan andre bedrifter som satsar på bioenergi eller biobaserte materiale.
- Sikra at Enova har mandat og rammer som bidreg til realisering av lågutsleppsteknologi/rein produksjonsteknologi innan alle dei viktigaste industrigreinene, inkludert nye produksjonsprosessar, som hydrogen, ammoniakk og solkraft, og dessutan skifte frå fossilt til fornybar råstoff.
- Gjera det meir lønsamt å bruka fornybar råstoff som materiale i plast og i kjemisk industri.
- Utnytta handlingsrommet i EØS-avtalen for å sikra konkurransedyktige rammevilkår for nye, store investeringar i klimavenleg industri i Noreg.
- Bidra til at det planlagte CCS-anlegget på Norcem i Brevik vert realisert. Målet må vera to fullskala CCS-anlegg i drift før 2025.
- Arbeida for nullutslepp frå alle installasjonar på norsk sokkel frå 2040. Alle installasjonar skal vera elektrifisert eller ha system for fangst og lagring av CO₂.
- Legga til rette for ny sirkulær industri som skal stimulera auka utnyttinga av ressursar som allereie er i krinslaup. Industri knytt til gjenbruk, reparasjon, og gjenvinning av ressursar.

Internasjonal klimafinansiering

Ettersom Noreg er ein kapitalsterk stat kan vi bidra sterkare til den nødvendige klimaomstillinga. Eit felt som peikar seg ut som ei openberr moglegheit for store og effektive klimakutt internasjonalt, er omstillinga i energisystema i framveksande økonomiar. Mange av desse økonomiane står no i eit val om dei skal satsa på fossilt eller fornybart.

Dessverre er det framleis slik at kullforbrenning med særst høge utslepp og anna omfattande forureining spelar ei hovudrolle i energiforsyninga i verda. Medan særleg Vest-Europa arbeider med å fasa ut kull, vert det mange stadar elles i verda etablert stadig nye kolkraftverk, som er billigare i investeringsfasen, men dyrare i drift. Dersom desse planane vert realiserte, vil Parisavtalens målsetjingar verta uoppnåelege.

Noreg er blant dei største bidragsytarane i verda til REDD+ (den norske regnskogsatsinga) og GCF (Det grøne klimafondet). REDD+ har bidratt til at skog og klima har vorte sett høgt på den internasjonale klimaagendaen. Likevel har det årlege tapet av tropisk skog auka det siste tiåret og evalueringar av programmet indikerer ein usikker klimaeffekt. I tillegg har nasjonal politikk i mottakarlanda gjort arbeidet vanskelegare. Det er behov for å sjå på innrettinga av regnskogsatsinga for å sikra at programmet har ein reell og varig effekt mot avskoging. GCF bidreg til investeringar i både utsleppskutt og klimatilpassing i utviklingsland. Fondet skal støtta verkemidla knytt til FN's klimakonvensjon og bygga tillit hos landa. Noreg må bidra til at fondet i større grad investerer i klimatilpassing og prosjekt prioritert av utviklingslanda.

Senterpartiet vil:

- Vera ein aktiv støttespelar for internasjonale klimainitiativ i FN-regi.
- Vurdera innrettinga på Noreg si internasjonale klimasatsing på regnskog for å sikra at programmet har ein reell varig effekt mot avskoging.
- Arbeida for at Noreg styrkar ordninga med klimafinansiering knytt til energiomstilling i framveksande økonomiar. Noreg bør verta ein sentral bidragsytar i arbeidet med å velja fornybar energikjelder som grunnlag for vidare utvikling i framveksande økonomiar.
- At tiltak vert prioritert etter kor effektive dei er, eller kor stort potensiale dei har for å skalerast opp.

Beredskap, forsvar og justis: **EIT TRYGGARE NOREG**

Staten skal sørge for sikkerheita til individet, samfunnet og Noreg og innbyggerane sin tryggleik. Det handlar både om korleis vi organiserer kvardagen og om korleis vi best mogleg trygger Noreg i det internasjonale samfunnet.

Beredskap er sektorovergripande. Sjølv om mange samfunnssektorar har gode planar for beredskap i eigen sektor er det behov for i større grad å sjå dei samla beredskapsressursane i samfunnet i samheng. Øvingar på tvers av sektorar er viktige for å sikra at beredskapsressursane i samfunnet vert utnytta best mogleg. Både for å avdekka kvar beredskapen er svak, men også for å visa kvar det er mangel på samhandling som er problemet.

Vår del av verda har sidan 2. verdskrig opplevd fred og framgang. Men det internasjonale bildet er no prega av større spenningar og meir uvisse. Teknologiske endringar, auka reiseaktivitet og nedbygging av klassisk grensek kontroll påverkar kriminalitetsbildet. Terrorangrep, både her heime og i andre land, har gjeve oss nye erfaringar om vår eigen sårbarheit. Ein stadig meir internasjonalisert handel har opna nye marknader for norsk næringsliv, men gjer oss og utsett dersom noko skjer som påverkar den internasjonale marknaden. I Noreg er vi vane med at matforsyning, helsevesen, infrastruktur og andre tenester fungerer godt, og vi diskuterer korleis kvaliteten kan forbetrast ytterlegare. Dette skygger ofte for det faktumet at mykje av tryggleiken vår bygger på faktorar som at klimaet er nokolunde føreseieleg, at vi har ein sikker nasjonal digital grunnmur, at pandemiar ikkje bryt ut og at antibiotika framleis verkar.

Eit breitt spekter av truslar og utfordringar møter fellesskapet. Krisescenario i Noreg viser at helsekriser er dei krisene som mest truleg kan ramma oss. Det viser viktigheita av ein god nasjonal helseberedskap. Dette betyr at Noreg bør arbeida målretta for å rusta samfunnet for ei framtid som kan verta prega av større uvisse enn det vi har opplevd tidlegare. Senterpartiet vil jobba for at samfunnskritisk infrastruktur som vatn- og avløpsnett, energiforsyninga og kommunikasjonssystema så langt det lèt seg gjera er under norsk eigarskap og kontroll.

Senterpartiet vil at det skal setjast ned ein totalberedskapskommisjon for å gjennomgå dei utfordringane som kjem til å møte oss dei neste tiåra. Målet er å sikra at myndighetene og beredskapsaktørane er godt rusta til å møte eit breitt spekter av utfordringar.

God beredskap er alltid lokalt forankra. Ressursane som skal handtera krisene, må vera spreidd over heile landet. Det er ein føresetnad at kommunar og fylkeskommunar vert sikra tilstrekkelege økonomiske ressursar til å løysa desse oppgåvene i heile landet. Dette gjeld både personell, materiell, kompetanse og mynde.

Eit gjennomgåande problem i dei viktigaste beredskapsetatane er at løyvingane til administrasjonsleddet aukar, medan dei ytre etatane – som faktisk skal handtera krisene – får ein mindre del. Senterpartiet meiner at ein større del av ressursane som går til dei viktigaste beredskapssektorane, som Forsvaret, politiet og helsevesenet, må gå til dei ytre ledda i staden for til den sentrale administrasjonen.

I praksis viser det seg at lokal beredskap er både effektiv og sparer kostnader. Det kommunale brannvesenet er i delar av distrikts-Noreg vorte ein ressurs som løyser langt fleire oppdrag enn kva som opphavleg var tenkt. Dette er i utgangspunktet ikkje ei ønskt utvikling, men ein konsekvens av at statlege aktørar som politi og ambulanse har vorte stadig meir sentralisert. Samtidig er det illustrerande at brannvesenet, som i stor grad er basert på frivillig innsats og deltid, klarer å løysa mange oppdrag fordi det er til stades lokalt og har god kunnskap om området dei jobbar i. Senterpartiet vil prioritera auka midlar til lokale og kommunale beredskapsressursar framfor ytterlegare styrking av departement og direktorat. Dette vil styrka beredskapen der den faktisk vert praktisert.

Brannvesenet skal framleis vera eit kommunalt ansvar. Det er avgjerande at brannvesenet får løyvingar som står i forhold til det ansvaret det har. Brannmannskapa må dessutan ha god utdanning for å fylla den krevjande rolla dei har. Samtidig er det viktig å ta vare på kombinasjonen av heiltids- og deltidsmannskap som sikrar fleksibilitet og rask respons. Brannvesenet tar i større og større grad over helseoppdrag, dette er ikkje ei ønskt utvikling. Helseoppdrag bør i hovudsak løysast av helsepersonell. Senterpartiet vil gjennomgå finansiering og organisering av brannvesenet si akutthjelpeordning. Akutthjelpearar i brannvesenet skal vera eit supplement, ikkje ei erstatning ved sentralisering av andre akuttbereidskapstenester.

Frivillig innsats og private initiativ kan vera eit godt supplement til den offentlege beredskapen, men privatisering og kommersialisering av det som tidlegare har vore offentlege oppgåver, er ei utfordring for beredskapen. Mål- og resultatstyring er ikkje formålstenleg for beredskapsarbeidet. Senterpartiet vil ha mindre detaljfokusert mål- og resultatstyring og meir overordna styring av offentleg sektor.

Sivilforsvaret er i beredskap for å verna befolkninga i krigssituasjonar og ved store hendingar, og har i tillegg ei viktig rolle som støttefunksjon til nødetatane i fredstid, til dømes ved ulykker og naturkatastrofar. Senterpartiet meiner det er behov for eit sterkt Sivilforsvar og ønsker ei styrking av denne viktige beredskapsressursen, mellom anna for å henta inn materielletterslepet og skapa grunnlag for fleire øvingar for mannskapet.

Forsvaret kan spela ei svært nyttig rolle når flaum, uvêr og andre naturkatastrofar eller kriser skjer. Senterpartiet vil understreka Heimevernet si store tyding i denne samanhengen. Heimevernet er ein hurtig og lokalt forankra mobiliseringsstyrke som kan spela ei sentral rolle i mange krisesituasjonar.

Senterpartiet vil:

- Setja ned ein totalberedskapskommisjon som skal visa korleis ein kan bruka dei totale ressursane i samfunnet best mogleg for å sikra god beredskap. Kommisjonen må ha representantar frå ulike delar av landet og skal koma med forslag til korleis nasjonal og lokal beredskap kan styrkast på tvers av sektorar.
- Bidra til betre samarbeid mellom dei ulike nødetatane og andre beredskapsorganisasjonar.
- Prøve ut nye samarbeidsformer mellom nødetatane i distriktsområde. Formålet er å styrka den samla beredskapen i område med store avstandar og lita befolkning. Det må hindrast at kostnader for dette vert lagt over på kommunane.
- Sørge for at det vert fastsett forpliktande responstider for alle nødetatar. Responstid skal målast på kommunenivå.
- Etablere eit system der ansvarleg departement for statlege nødetatar må betala vertskommunane dersom brannvesenet må gjera den jobben ambulanse eller politi skulle ha utført.
- At brannvesenet framleis skal vera eit kommunalt ansvar.
- Gjeninnføra beredskapsslager for korn.
- Sikra finansiering av nødnett og at det vert tilgjengeleg for alle relevante aktørar.
- Sørge for at etatar som har ansvar for ulike delar av beredskapen i samfunnet oftare øver saman.

- Styrka Redningsselskapet som ein viktig aktør i beredskapen langs kysten.
- Styrka Sivilforsvaret og Heimevernet.
- Styrka dei frivillige organisasjonane i redningstenesta.
- Ruste opp tilfluktsrom slik at dei ved behov kan gje reelt vern for befolkninga.
- Sikra at nødetatane har oversikt over tilgjengelege sivile beredskapsressursar og sørge for at desse vert ein del av lokale beredskapsøvingar.
- Bygga ny fagskule for brannvesen og utgreia ny leiingsutdanning for brannvesen.
- Styrka og verna norsk matproduksjon i heile landet slik at kapasiteten vår til å produsera mat vert sikra.
- Sikra at luftambulansenesta vert driven av det offentlege eller ideelle aktørar.
- Bidra til meir samøving mellom Forsvaret, helsevesenet, brannvesenet og politiet for å sikra betre samhandling ved krisehendingar.
- Sørge for at operasjonssentralane til nødetatane har nødvendig lokalkunnskap for å arbeida effektivt. Det er spesielt viktig å sikra kunnskap om lokal geografi og nødvendige språkevner, særleg i samiske område.
- Styrka nasjonalt eigarskap og kontroll over strategisk viktige bedrifter og verdikjeder som bidreg til beredskap og tryggleik.

Helseberedskap

Koronapandemien har vist at helseberedskapen må styrkast. Noreg bør ha eit lager av kritiske medisinar og materiell for dei mest sannsynlege og alvorlege helsekrisene. Vi må òg ha ein nasjonal plan for korleis vi sikrar tilgang på livsviktige medisinar om den internasjonale farmasøytiske marknaden stoppar opp. Nye sjukehus må planleggast og byggast med utgangspunkt i ein beleggspersent som gjev rom for å ta inn fleire pasientar dersom ei krise oppstår. Nærleik til akutthelsetenestene er òg ein sentral del av helseberedskapen, og det desentraliserte tilbodet må takast vare på og styrkast.

Antibiotikaresistens er eit aukande problem på verdsbasis. Sjølv om Noreg og Norden har hatt lite resistensproblematikk, er problemet aukande òg her.

Noreg har opplevd ein kraftig auke av legemiddelmangel dei siste åra. Mangelsituasjon skapar utryggleik i befolkninga og er i tillegg eit alvorleg beredskapsproblem. Senterpartiet meiner at innsatsen mot legemiddelmangel må styrkast, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Senterpartiet meiner at det må leggast til rette for produksjon av kritisk viktige legemiddel i Noreg, slik som antibiotika.

Senterpartiet vil:

- Stansa overforbruket av antibiotika og satsa på arbeidet med å utvikla nye antibiotika.
- Fremja tiltak mot legemiddelmangel gjennom Verdas helseorganisasjon (WHO) og globale helseinitiativ.
- Styrka norsk produksjon og beredskap når det gjeld legemiddel og medisinsk utstyr, vaksinar, smittevernustyr og laboratoriediagnostikk. Noreg skal ha lager for tre månaders forbruk av essensielle legemiddel.
- Styrka ambulansenesta og hindra sentralisering av tilbodet.
- Styrka smittevernberedskapen i kommunane.
- Utvikla ein nasjonal medisinsk industri ved hjelp av eit nytt investeringselskap, Statmed, som ved hjelp av både statleg og privat kapital kan byggast opp til å verta ein langsiktig investor.
- Lovfesta responstid for ambulansenesta.

Ein velfungerande rettsstat

Senterpartiet vil føra ein justispolitikk som sikrar tryggleik, rettssikkerheit og tilgjengelege tenester for innbyggjarane i heile landet. Ein velfungerande rettsstat skal sørge for at lovene og rammeverket i

samfunnet er likt for alle. Senterpartiet har ein visjon om eit ope samfunn bygd på tillit mellom menneske.

Senterpartiet vil styrka politiet og påtalemakta, domstolane og kriminalomsorga. Det er dessutan viktig å sjå desse aktørane i samheng. Straffesakskjeda opplever stadig auka belastning som følge av komplekse saker, trangt økonomisk handlingsrom og ikkje minst store endringar og reformer i justissektoren. Samtidig møter politiet nye utfordringar med stadig større innslag av organisert kriminalitet, gjengkriminalitet og tilreisande kriminelle. Vald, drap, ran, valdtekt og vald i nære relasjonar er alvorleg kriminalitet som må prioriterast høgt i heile straffesakskjeda.

Alle skal ha tryggleik for bistand ved behov, uansett kvar ein er. Fleirspråklegheit og tolketenester er viktige i alle delar av justissektoren og spesielt i grenseområda.

Dei offentlege aktørane innan justissektoren er avhengige av eit godt samarbeid med ideelle organisasjonar, stiftingar og frivillige. Dei frivillige organisasjonane gjer ein stor innsats innan redningstenesta, rettshjelp, kriminalitetsførebygging, og når det gjeld å støtta dei som har sona i fengsel med tilbakeføring til samfunnet. Senterpartiet meiner dei frivillige aktørane er ein stor ressurs på justisområdet og ein viktig del av totalberedskapen i landet.

Politi- og lensmannsetaten

Senterpartiet meiner at alle, uansett bustad, skal vera trygge på at tryggleiken deira vert godt varetatt av eit nærverande og synleg politi. Vi vil arbeida for å behalda ein desentralisert politistruktur for å sikra beredskap og nødvendig lokalkunnskap hos politiet. Det lokale politiet må ha god kompetanse om lokalsamfunnet sitt og kunna jobba førebyggjande i samarbeid med andre organ.

Senterpartiet vil gje større ansvar og innverknad til politimeistrane og lokalt politi når det gjeld å bestemma bemanning og disponera ressursar ut frå lokale analysar og prioriteringar. Dette må skje i samråd med kommunane og lokalt næringsliv.

Senterpartiet vil ha eit reelt nærpoliti. Derfor må politikrafta aukast i tråd med bemanningsmålet på to tenestemenn per 1000 innbyggjarar. Dette målet må gjelda alle politidistrikt. Auka i tal på politifolk må koma lokalsamfunn i heile landet til gode. I dei store byane kan det vera for lite patruljerande politi sjølv om bemanningsmålet er nådd. Dette må det takast omsyn til, slik at byane òg har tilstrekkeleg bemanning til å ha synleg politi i bydelane.

Det er ein styrke ved den norske Politi- og lensmannsetaten at den både har sivile og uniformerte oppgåver og har brei kompetanse. Vi er tilhengjarar av eit politi med eit breitt spekter av oppgåver, frå etterforsking og ordensteneste til å skriva ut pass og ulike løyve. Politiet består ikkje berre av politifolk, men også påtalejuristar, økonomar og andre yrkesgrupper. Også slike grupper må politiet kunna bemanna ut frå behov og ikkje måltal.

Effektivisering av politi- og lensmannsetaten må ikkje gå på kostnad av kvalitet og nærvær. Bruk av ny teknologi vil redusera avstandsulempene og danna grunnlag for å desentralisera fleire av oppgåvene og ressursane i politiet. Senterpartiet går inn for at ressursane i politiet vert brukte på polititenester, ikkje på auka byråkrati.

Overvaking og kontroll må kvila på ei etisk og prinsipiell tilnærming og vera minst mogleg inngripande overfor innbyggjarane. Overvaking skal berre skje dersom det kan grunnjevast i sterke samfunnsmessige omsyn som kamp mot terror, kontraetterretning³ eller førebygging av alvorleg kriminalitet. Senterpartiet held på prinsippet om at domstolane skal avgjera om vilkåra for

³ *Kontraetterretning* har til formål å motverke fiendtleg etterretningsverksemd retta mot eins eige land

politiovervaking er til stades. Vi er motstandarar av ny lovgjeving som opnar for auka overvaking av lovlydige borgarar. Senterpartiet tar avstand frå alle forsøk på rutinemessig overvaking av innbyggjarane utan kopling til særleg mistanke om alvorleg kriminalitet. Teknologien som gjer masseovervaking mogleg, er i dag i høgaste grad til stades, og det er viktig å verna privatlivet og fridomen til innbyggjarane frå overvaking.

Senterpartiet vil:

- Sikra eit reelt nærpoliti ved å styrka lensmannskontor og politistasjonar i heile landet.
- Styrka den førebyggjande verksemda til politiet. Det viktigaste politiarbeidet er å sørge for at kriminalitet ikkje skjer.
- Oppretta lensmannskontor og politipostar gjennom ein fireårig «opptrappingsplan for meir nærverande nærpoliti». Planen vert sett i verk frå 2022 og skal i løpet av ein fireårsperiode etablera eit tal nye tenesteeiningar etter dialog mellom politimeister og kommunane. Kor mange nye einingar som vert oppretta, vert avgjorde årleg.
- Etablera lokale politistasjonar/-postar i bydelane i større byar.
- Stilla krav til kva funksjonar og tenester eit lensmannskontor skal ha for å sikra innhaldet i tenesta.
- Sikra at krava til responstid vert utvida og vert oppfylte i kvart enkelt politidistrikt.
- Sørge for auka politikraft i heile landet og leggja til rette for at politiet kan rekruttera nødvendig sivil kompetanse.
- Løyva middel til ei omfattande opprusting av tenestebilane og utstyr til politiet ved lokale lensmannskontor, inkludert IKT-system.
- Styrka kompetansen og kapasiteten til politiet når det gjeld straffeforfølgjing og førebygging av valdtekts- og overgrepssaker.
- Sørge for at saksbehandlingstida hos politiet vert korta ned og kvaliteten på etterforskinga vert betra.
- Styrka samarbeidet mellom politiet, barnevernet og helsearbeidarar i kampen mot overgrep mot barn. Arbeidet må både retta seg mot utført kriminalitet og behovet til barnet i samband med dette. Men det viktigaste er å førebygga at slik kriminalitet skjer.
- Gå imot generell væpning av politiet, men vidareføra ordninga med «framskoten lagring» av våpen i tenestebilar og ordninga med «punktvæpning» på særleg sårbare stadar og i spesielle situasjonar.
- Redusera rapporteringskrava og detaljstyringa av politiet.
- Setja påtalemakta i stand til å arbeida effektivt og raskt med straffesakene. For mange saker kjem i dag ikkje til rettsalen fordi påtalemakta har for dårleg kapasitet.
- Innføra ei landsdekkande politieining som arbeider med gjengkriminalitet.
- Samarbeida med politiet i andre land for å kjempa mot organisert kriminalitet over landegrensene. I tillegg skal det arbeidast for soningsoverføring av straffedømte som er tatt for kriminelle handlingar i Noreg, men som ikkje har norsk statsborgarskap.
- Innføra forbod mot å delta i og rekruttera til kriminelle gjengar, og lovfesta ein heimel som gjev tilgang til opphaldsforbod i eit bestemt område for personar som har gjort alvorleg kriminalitet.
- Styrka Økokrim og Kripos sitt arbeid med kvitvasking, kvitsnippekriminalitet og organisert kriminalitet.
- Sikra nødvendig politihelikopterdekning i alle landsdelar og bygga opp denne kapasiteten i Nord-Noreg, Midt-Noreg og på Vestlandet.
- Legga ned Politidirektoratet og overføra oppgåvene til politidistrikta, særorgana og Justisdepartementet.
- Styrka bemanninga til Tollvesenet ved grensene og ta i bruk nye teknologiske verkøy for å sikra at grensehandhevinga vert smidig og effektiv.
- Styrka løyvingane til strategisk og operativt samarbeid mellom tollvesen, grensestyresmaktene og lokalt politi i grenseområda.
- Gje tollarar utvida tilgang til å gje forenkla førelegg for å oppnå ein meir effektiv kontroll med grensekryssande kriminalitet og avlasta politiet for rutineoppdrag.

- Innføra streng digital overvaking for utanlandske vogntog som skal køyra inn i Noreg. Dette skal sikra at regelverk om kabotasje, løns- og arbeidsvilkår og bompengavgift vert overhalden.
- Evaluera om dagens ordning med åremål for politimeistrar sikrar tilstrekkeleg sjølvstende.
- Styrka konfliktråda slik at fleire saker kan løysast ved mekling.
- Sikra desentraliserte barnehustilbod.
- Sikra eit godt desentralisert krisesentertilbod.
- Gje namsmannen avgrensa politimynde og nødvendig kompetanse for å effektivisera gjennomføring av sivile saker slik at ordinært politi kan verta avlasta for rutinemessig bistand.

Straff og kriminalomsorg

Kriminalomsorgen skal førebygga at innsette gjer ny kriminalitet etter soning. Straffegjennomføringa må verka allmennpreventiv og samtidig setja dei domfelte i stand til å møta samfunnet når soninga er ferdig. Senterpartiet ser på førebygging som heilt vesentleg for å skapa trygge og gode lokalsamfunn.

Løyvingane til Kriminalomsorgen må aukast for å setja etaten i stand til å gjennomføra samfunnsoppdraget sitt. Organisasjonen må styrkast fagleg for å sikra god kvalitet i straffegjennomføringa. Helsetilbodet i kriminalomsorga er i dag langt frå godt nok. Samarbeidet mellom kommune-, spesialhelsetenesta og Kriminalomsorgen må styrkast ytterlegare for å setja alle instansane i stand til å gje eit godt tilbod til psykisk sjuke og rusavhengige innsette.

Senterpartiet meiner at formålet og innhaldet på straffa er viktig for verknaden på straffa på den kriminelle og dermed på tilbakefallsstatistikken. Ulike soningsformer og straffenivå må jamleg vurderast opp mot kriminalstatistikk og samfunnsverknad.

Senterpartiet vil ha ei desentralisert kriminalomsorg for unge lovbrutarar. Målet må vera å forhindra at dei etablerer ein vidare kriminell løpebane. Det er viktig å styrka det lokale samarbeidet mellom politi, barnevern, skule og andre relevante aktørar for å fanga opp og hjelpa unge som er på veg i feil retning. Senterpartiet vil at vi i tråd med barnekonvensjonen berre nyttar straff mot barn som siste utveg. Rask reaksjon er særleg viktig når barn og unge gjer lovbrøt, men reaksjonen må vera tilpassa det spesielle behovet til barn og unge. Senterpartiet går òg inn for at unge lovbrutarar i større grad vert møtt med tverrfaglege tenester og samfunnsstraff. Samtidig vil det for nokon få unge som gjer alvorleg kriminalitet og er kome langt i ein kriminell løpebane, vera til det beste å få ein reaksjon som bringar dei ut av det kriminelle miljøet dei er ein del av.

Senterpartiet vil:

- Bygga ut kriminalomsorga og styrka bemanninga og kvaliteten i tilbodet.
- Utvida ordninga med rusmestringseiningar i fengsel og tverrfagleg spesialisert behandling i fengsel.
- Sørga for at dei som sonar fengselsdom skal få tilbod om avrusing.
- Redusera soningskøane og auka fengselskapasiteten i heile landet. Dette handlar både om å bygga ut eksisterande fengsel, opna opp att nyleg nedlagte fengsel og å bygga nye fengsel i distrikta.
- Oppretta nye ungdomseiningar i kriminalomsorga for å unngå at unge som får straff utan vilkår for grov kriminalitet må sona saman med vaksne med lang kriminell erfaring. Einingane må ligga spreidd i landet, ha få plassar og gode ressursar så ungdommane kan få tett oppfølging.
- Gå inn for at soning med elektronisk kontroll vert utvida til å gjelda fengselsstraffer inntil 9 månader eller fengselsstraffer der resterande tid fram til forventa lauslating er inntil 6 månader.
- Forbetra rettstrygginga for offer for seksuelle overgrep. Foreldingsfristen for seksuelle overgrep må fjernast.
- Auka bruken av samfunnsstraff og promille- og narkotikaprogram.
- Sikra kvinner betre soningstilhøve og fleire eigna soningsplassar.

- Oppretthalda dagens trenivåmodell⁴ i kriminalomsorga.
- Styrka dei mindre fengsla og fengselsavdelingane.
- Styrka ettervernet i kriminalomsorga, slik at tidlegare straffedømde får høve til å skaffa seg bustad, utdanning, arbeid og sosialt nettverk. Spesielt må det gjerast ein stor innsats for å sikra eit bustadtilbod.
- Etablera eit nasjonalt exit-program som skal hjelpa medlemmer av kriminelle gjengar og ungdomskriminelle grupper å koma seg ut og starta eit lovlydig liv.
- Auka talet på overgangsbustadar.
- Styrka skule- og utdanningstilbodet under soning. Retten til utdanning under soning må òg gjelda høgare utdanning og etterutdanning.
- Redusera bruk av isolasjon i fengsla.
- Satsa sterkare på alternative straffereaksjonar der dette styrkar moglegheitene for å rehabilitera den dømte.
- Intensivera arbeidet med å utvisa utanlandske kriminelle til soning i heimlandet.
- Styrka det frivillige og ideelle arbeidet til organisasjonane med kriminalitetsførebygging og tilbakeføring til samfunnet for dei som har sona.
- Vurdera auka bruk av pålagte hjelpetiltak utan samtykke når barn gjer alvorleg eller gjentatt kriminalitet.
- Sørga for betre tilgang til tolketenester.
- Styrka helsetenesta i fengsel, sørga for ei utbygging av kapasiteten i sikkerheitspsykiatrien og leggja opp til at psykisk helsevern får områdefunksjonar i alle fengsel.
- Gjera det enklare å ta i bruk «omvend valdsalarm». Det bør etablerast som prinsipp at det er den domfelte som vert pålagt avgrensingar og ansvar, ikkje offeret. Dei som er pålagt besøksforbod, bør i større grad få omvendt valdsalarm.

Domstolane

Senterpartiet vil oppretthalda ein desentralisert domstolsstruktur for å vareta den lokale rettspleia og sikra folk god tilgang til konfliktløysing. Krav til kompetanse, fleksibilitet og kapasitet kan løysast på ein like god måte i ein desentralisert struktur som i ein sentralisert. Senterpartiet vil stansa trenden der mindre domstolar i distrikta vert tappa for ressursar og risikerer nedlegging som følge av det.

Domstolane har ei aukande saksmengd og fleire kompliserte saker. Sektoren må sikrast tilstrekkelege ressursar slik at saksavviklinga vert god.

Fri rettshjelp er viktig både som rettstryggingsgaranti og som eit ledd i kampen mot fattigdom. Behovet for rettshjelp er stort, særleg for vanskelegstilte grupper i samfunnet. Fri rettshjelp til fleire vil føra til større rettsleg likskap mellom ulike sosiale grupper. Det vil òg sikra at ein i større grad fangar opp dei som har rettshjelpsbehov òg utanfor dei største byane.

Alle domstolar skal ha kunnskap om same- og urfolksrett, og dessutan kjennskap til dei samiske forholda. Noreg har særskilde nasjonale oppgåver når det gjeld utvikling av samisk som rettspråk. Det er òg viktig å sikra kompetansebygging innan samisk språk, kultur- og rettsforståing i domstolane.

Senterpartiet vil:

- Reversera domstolsreforma og retta opp igjen tingrettar og jordskifterettar som vart nedlagt i 2021.
- Sikra ein desentralisert struktur for tingrettane og jordskiftedomstolane.
- Sørga for at endringar i domstolsstrukturen vert avgjort av Stortinget.

⁴ Dagens kriminalomsorg er organisert i tre nivå – nasjonalt, regionalt og lokalt. Fleire arbeidar for å organisere tenesta med berre to nivå (nasjonalt og lokalt), noko som i praksis ville innebere ei stor sentralisering

- Legga ned Domstolsadministrasjonen og overføra oppgåvene til Justisdepartementet.
- Bidra til at også dei små og mellomstore domstolane skal få digitalisert saksbehandlinga.
- At kvar domstol skal ha ei stadleg leiing.
- Utvida fri retts hjelp-ordninga til å gjelda fleire saksområde og prisjustera inntektsgrensa for ordninga.
- Sikra tilstrekkeleg bemanning og rekruttering ved jordskifterettane.
- Setja ned eit utval for ein heilskapleg gjennomgang av straffesaks kjeda utan føringar om strukturendringar eller lokalisering, som tar for seg samanhengen mellom ressurs situasjonen og framtidig kompetansebehov i politiet, domstolane og kriminalomsorga.
- Gjere ei evaluering av Domstolsadministrasjonen.
- Sikra at innbyggjarar uavhengig av bustad har tilgang til god juridisk kompetanse ved behov. Med ein desentralisert domstolsstruktur vert det òg lagt til rette for advokatkontor i distrikta.
- Reversera distriktsfiendtlege kutt i fråværs godtgjersla til advokatar og sakkunnige.
- Vidareføra arbeidet med utvikling av samisk som rettspråk.
- Oppgradera retts salane med tekniske løysingar som legg til rette for tolking og fleispråklegheit.

Forsvarspolitik

Målet for vår forsvars- og tryggingsspolitikk er å hevda norsk suverenitet og sikra nasjonale interesser. Senterpartiet er tilhengar av eit folkeforsvar som er til stades i heile landet. Hovudoppgåva til Forsvaret er å tryggja norsk territorium, norske suverene rettar og demokratiske styringsform.

Noreg må ha eit nasjonalt og sjølvstendig forsvar med eigna kapasitetar på land, i luft og på sjø. Forsvaret må hevda norsk suverenitet, over territorium, naturressursar og – i siste instans – ved grensene. Senterpartiet meiner at investeringa i nye kampfly ikkje må gå på bekostning av løyvingane til dei andre forsvarsgreinene.

Senterpartiet vil arbeida for at Forsvaret vert tilført moderne utstyr, tilstrekkeleg ammunisjon og kompetent og godt trena personell. Det er avgjerande at dei ulike forsvarsgreinene har eit tett samarbeid og at dei regelmessig øver saman for å oppnå størst mogleg samla kampkraft og ein reell avskrekkande effekt.

Berebjelken i folkeforsvaret er verneplikta. Senterpartiet meiner at verneplikta gjev ein demokratisk basis for Forsvaret som sikrar rekruttering og meiner det er nødvendig å auka talet som gjennomfører verneplikta. Senterpartiet er positiv til at varigheita til verneplikta kan differensierast.

I Forsvaret sitt omstillingsarbeid er det avgjerande at Hæren utviklast vidare til å verta ein moderne landsstyrke som kan fylla den viktigaste funksjonen sin – førstelinjeforsvaret. Det er strategisk viktig å sikra nærværet og kampkrafta i Troms og Finnmark.

Samtidig er Noreg ein kyststat med ei av dei lengste kystlinjer i verda. Sjø- og luftforsvaret spelar ei viktig rolle i å overvaka dei store kyst og havområda. Noreg er på dette området NATO sin forlengte arm i nord. Saman med etterretning, cyberforsvar og landsforsvar set dette oss i stand til å vareta dei viktige oppgåvene for forsvarsalliansen som den geografiske plasseringa vår gjev oss.

Eit velfungerande Heimevern er særleg eigna til å møte endringane i eit uoversikleg trusselbilde. Dette krev at Heimevernet må vera landsdekkande og desentralisert. For å styrka rekrutteringa vil Senterpartiet innføra HV-utdanning på seks månader. Senterpartiet støttar «geografisk utskrivning» slik at Heimevernet vert styrkt i heile landet.

Senterpartiet vil:

- Sikra eit sterkt Forsvar som er rusta for hovudoppgåva si – forsvar av norsk territorium.

- Oppretthalda basar i samsvar med prioriteringane våre i Langtidsplanen for Forsvaret 2020–2024 og vidareføra Andøya som flystasjon.
- Oppretta ein ny Brigade Sør.
- Auka løyvingane til Forsvaret til 2 % av BNP i tråd med NATO-forpliktingane våre.
- Vera tilbakeholdande med å inkludera nye medlemsland i NATO.
- Ha eit forsvar basert på ein allmenn verneplikt, auka talet ungdommar som årleg vert kalla inn til å avtena førstegongstenesta og differensiera lengda på tenesta slik at ho vil passa for fleire.
- Styrka Forsvaret med moderne utstyr, våpen og godt trena personell. Hær og heimevern må styrkast spesielt etter å ha vore nedprioritert gjennom fleire år.
- Greia ut konsekvensane for nasjonal trygging og beredskap av at drift og vedlikehald av kampflya er sett ut til andre europeiske land framfor norske verksemdar.
- Redusere Forsvarets stabs- og administrasjonskostnader til fordel for operativ verksemd.
- Organisere Forsvarets eigedomar og logistikkforvaltning meir effektivt og målretta.
- Auka Heimevernet til 50 000 soldatar.
- Retta opp igjen ei eiga utdanning for Heimevernet og styrka Heimevernsungdommen.
- At det skal etablerast eigne maritime avdelingar (sjøheimevern-avdelingar) i HV-distrikta langs kysten som får oppdrag tilsvarande det Sjøheimevernet tidlegare hadde. Heimevernet må få tilført personell, utstyr og ressursar til å ta i vare desse oppgåvene.
- Framleis prioritera å auka ressursane til øving og trening av Heimevernet. Det årlege inntaket av vernepliktige vert auka, ved at det vert innført seksmånaders HV-utdanning og bruk av «geografisk utskrivning» som sikrar eit landsdekkande Heimevern.
- Oppretthalda dagens område- og distriktsstruktur i Heimevernet med distriktssjef som territoriell sjef.
- Sikra Hæren og kystvakta eigna helikopterkapasitet.
- Styrka Kystvaktas aktivitet og evne til kontroll i norske territorialfarvatn.
- Sikra nødvendige etterretnings- og overvaksingsressursar til å gje ei oppdatert situasjonsforståing i Nordområdet til nasjonale myndigheiter og NATO.
- Arbeida for eit tettare nordisk forsvarssamarbeid mellom anna når det gjeld ressurovervaking, deltaking i internasjonale operasjonar, materiellinnkjøp, øvingar, skytefelt og utdanning.
- Styrka arbeidet med objektsikring i Forsvaret.
- Styrka ettervernet for veteranar og familiane deira.
- Oppretthalda støtte til Det frivillige skyttarvesenet.
- Sørga for at Forsvaret ved utstyrsinnkjøp i større grad kjøpar allereie utvikla og utprøvd utstyr. Innkjøp bør gjerast gjennom allierte, og norske myndigheiter må sikra forpliktande gjenkjøpsavtalar som bidreg til nasjonal verdiskaping og teknologioverføring.
- Sørga for at NATO-soldatar som er stasjonerte på basar i Noreg, vert verande rotasjonsbasert og ikkje permanent til stades.
- Sørga for at strategisk viktig infrastruktur har nasjonalt eigarskap.

Digital trygging

Vi opplever raskare og større endring som følge av stadig ny teknologi. Innbyggjarar, bedrifter og styresmaktene står i ei rask digitalisering.

Samtidig vert samfunnet sin sårbarheit for digitale truslar stadig større. Samansette (hybride) truslar i form av digital kriminalitet og digitale angrep utfordrar det tradisjonelle skiljet mellom fred og konflikt og den tradisjonelle ansvars plasseringa mellom sivil og militær sektor.

Organisert desinformasjon, påverknadskampanjar og hacking – utført av andre statar eller kriminelle aktørar - utfordrar demokratiske spelereglar og kan setja nasjonale styresmakter ut av spel.

Stadig fleire einingar kopla til internett vert moglege mål for hacking, og bruk av internasjonale skyløysingar for datalagring aukar. Då vert innsikt, digital beredskap og kunnskap om digitale avhengigheiter viktigare.

Senterpartiet vil stilla større krav til ein aktiv nasjonal politikk og auka den digitale beredskapen. Den nasjonale digitale sjølvråderetten må sikrast. Det er òg nødvendig å greia ut og innføra strengare krav og tydelege rammer for nasjonale og globale aktørar som lagrar og handterer nasjonale data.

Fleire digitale løysingar krev òg at den digitale infrastrukturen vert godt sikra. Både nettangrep, tekniske feil og naturkatastrofar kan føra til omfattande feil, nedetid i samfunnskritiske funksjonar og isolasjon av innbyggjarar og lokalsamfunn.

Løysingar for å vareta personvern for den enkelte vert òg viktigare, med strenge kvalitetskrav for oppbevaring og bruk av personopplysningar. System der slike opplysningar finst må ha krav til sikring.

Senterpartiet meiner vi må styrka den nasjonale sjølvforsyningsevna når det gjeld datalagring. Vi vil etablera ei datalagringsteneste i offentleg regi, ei «statssky», der data som krev god tryggleik kan takast vare på. Dette vil vera ein naturleg lagringsstad for sensitive personopplysningar, helseopplysningar og informasjon knytt til nasjonale tryggingssinteresser. Essensiell kompetanse på bygging, vedlikehald og drift av slike lagringsverktøy skal vera tilsett i det offentlege. Vi må sørga for at utvikling av sentrale nasjonale datatenester ikkje vert bundne til få store private leverandørar, til dømes gjennom bruk av fri og open programvare i utviklingsarbeidet.

Det er òg viktig å innføra strengare nasjonale retningslinjer og rammer for digitale sosiale nettverk for deling av informasjon. Desse må ha eit redaksjonelt ansvar for å ikkje formidla informasjon som bryt med norsk lov.

Senterpartiet vil:

- Styrka Etterretningstenesta og Cyberforsvaret slik at Noreg kan møte truslar mot digital infrastruktur og digitale løysingar frå både militære og sivile aktørar, ved å investera i personell og materiell.
- Stramma inn karantenerregelverket for å styrka tilliten til forvaltinga og for å sikra sensitiv informasjon om norsk trygging og beredskap.
- Sikra at grunnleggande digital infrastruktur vert lagt inn under sikkerheitslova.
- Pålegga offentlege verksemder som eig kritisk digital infrastruktur å gjennomføra risikovurderingar for å identifisera digitale sårbarheiter og avhengigheiter mellom infrastrukturar.
- Styrka og desentralisera den digitale kompetansen og kapasiteten i politiet.
- Styrka det førebyggjande arbeidet gjennom Norsk senter for informasjonssikring (NorsIS) og Næringslivets tryggingråd for å auka innbyggjarane sin og næringslivet sitt medvit om personvern og datatryggleik og samtidig sikra den enkelte hjelp ved id-tjuveri, krenkjande åtferd på nett og digital økonomisk kriminalitet.
- Styrka den digitale beredskapen i kommunesektoren gjennom Nasjonalt senter for informasjonstrygging i kommunesektoren (Kommune-CSIRT) med rådgjeving og formidling av kunnskap, informasjon om truslar, hendingar og sårbarheiter.
- Gjennomgå lovregulering av sosiale medium og gjera det ulovleg å tena pengar på falske nyhende, hatpropaganda og informasjon som bryt mot norsk lov.

Økonomi og skatt: **GOD FORDELING OG LANGSIKTIG FORVALTING**

Senterpartiets økonomiske politikk bygger på forvaltartankegangen. Vår forplikting ligg i å sikra at vi kan overlevera samfunnet i betre stand til neste generasjon. Den økonomiske politikken er eit sentralt reiskap for å oppnå dette. Senterpartiet vil føra ein ansvarleg finanspolitikk som bidreg til stabil økonomisk utvikling og god sosial og geografisk fordeling. Den offentlege pengebruken skal vera nøktern og ansvarleg, samtidig som vi skal løysa dei viktigaste fellesoppgåvene.

Senterpartiet vil sikra langsiktig økonomisk stabilitet og bruka den finansielle styrken til staten til å driva aktiv motkonjunkturpolitikk⁵. I gode tider er det viktig at staten avgrensar pengebruken, for å ha handlingsrom til å stimulera økonomien i krevjande tider.

Små skilnadar, sosialt og geografisk, har historisk sett gjeve høg tillit til den norske modellen. Målet til Senterpartiet er sosial og geografisk jambyrde. Senterpartiet vil redusera skilnadane i det norske samfunnet, og ser arbeidsmarknadspolitikken, næringspolitikken og skatte- og avgiftspolitikken som viktige verktøy for å bidra til dette.

Noreg skal vera eit godt land å driva næringsverksemd i. Mykje av grunnlaget for velferda i samfunnet er ein sterk og lønsam privat sektor. Norsk økonomi heng òg sterkt saman med eksportnæringane. Senterpartiet er eit næringsparti, som vil ha ein økonomisk politikk og skattepolitikk som fremjar privat sektor. Ein omfordelende skatte- og avgiftspolitik, gode offentlege tenester, infrastruktur, satsing på teknologi, omstillingsevne og kunnskap er nødvendig for å sikra busetjing og bedrifter i heile landet.

Eigen valuta og pengepolitikk under nasjonal kontroll har vore avgjerande for å sikra tilpassingar til svingingar i norsk økonomi. Senterpartiet er den sterkaste garantisten for ein sjølvstendig norsk valuta og sentralbank.

Ei av hovudoppgåvene til folkestyret er å sikra at alle får moglegheit til å forsørgja seg sjølv og sine næraste gjennom arbeid. Det å kunna ha eiga inntekt sikrar personleg fridom, finansiering av felles velferd og inkludering. Alt dette gjev grunnlag for sosial tryggleik og økonomisk vekst.

Noreg har, med sine solide bankar og ein mangfaldig bank- og finanssektor, eit godt samfunnsøkonomisk utgangspunkt. Senterpartiet legg vekt på å føra ein politikk som gjev rom for ein desentralisert banksektor med sterk vekt på sparebankar. Reguleringa av bankar må i større grad tilpassast dei ulike storleikane på bankane og risikobilde.

Senterpartiet vil:

– Sikra ein stabil og føreseieleg økonomisk politikk, som legg til rette for vekst og verdiskaping, sysselsetjing og god sosial og geografisk fordeling.

⁵ Konjunkturpolitikk er offentlege tiltak for å regulere økonomiske konjunkturar. Omgrepet er også kjent som *motkonjunkturpolitikk*, ettersom politikken tar sikte på å motverke negative effektar av konjunkturar. Essensen er at det offentlege ved hjelp av auka utgifter må satse seg ut av kriser, ikkje spare seg gjennom dei.

- Sikra eigen valuta og pengepolitikk under nasjonal kontroll.
- Grunnlovsfeste den norske krona.
- Halda bruken av oljepengar godt innanfor dei rammene som handlingsregelen set.
- Legga vekt på at reguleringa av norsk banksektor ikkje påfører mindre bankar unødige regulatoriske krav. Det er viktig å sikra likeverdige konkurransevilkår mellom små og store bankar, og mellom norske og utanlandske bankar.
- Sikra det norske Finanstilsynet sjølvstende i verksemda si.
- Forby reklame for kredittkort som vert gjeve ut utan kredittvurdering og med urimeleg stor bruksgrense. Forbodet skal òg omfatta reklame for urimeleg dyre forbrukslån utan tryggleik.
- Fremja samvirkebaserte finansinstitusjonar og sparebankar.

Skattar og avgifter

Skatt på inntekt, formue og næringsoverskot er viktige finansieringskjelder for fellesskapet. Skattepolitikken skal innrettast effektivt, med breie skattegrunnlag og låge satsar. Skattebyrda skal fordelast rettferdig. Dette inneberer skatt etter evne, både for inntekt og formue. Eit progressivt skattesystem er eit viktig verkemiddel i fordelingspolitikken.

Senterpartiet legg til grunn ein skattepolitikk som stimulerer til arbeid og innsats. Skattepolitikken skal bidra til auka entreprenørskap og nyskaping – og bidra til moglegheiter og utvikling i alle delar av landet. Derfor trengst det ei styrking av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla i skattesystemet.

Skatte- og avgiftssystemet er eit viktig verkemiddel for å kutta klimautslepp. Senterpartiet ønsker eit grønt skatteskiift som er føreseieleg, sikrar sosial og geografisk fordeling og som direkte reduserer klimagassutslepp framfor berre å bidra til inntektene til staten.

Senterpartiet går imot «karbonavgift til fordeling». Ei slik avgift må setjast særst høgt dersom ho både skal påverka folk sine handlingsmønster og ha ein omfordelende effekt. Faren er at systemet vil gje ei urimeleg stor byrde for alle som ikkje har klimavenlege alternativ, til dømes i form av godt kollektivtilbod. Modellen vil dermed ikkje bidra til sosial og geografisk utjamning.

Den store marknadsmakta til teknologigigantane og evne til å unndra seg nasjonal skattelegging bidreg til å utkonkurrera mindre aktørar og heimlege bedrifter. Senterpartiet vil bidra til å endra dette for å sikra fellesskapet berettiga skatteinntekter og eit meir mangfaldig næringsliv.

Det kommunale sjølvstyret føreset frie inntekter, og moglegheit til å forma utviklinga lokalt gjennom demokratiske prosessar. Senterpartiet vil styrka høvet lokaldemokratiet har til sjølv å påverka kommunale inntekter og styrka ansvaret til kommunane, fridom og fleksibilitet til å gjera tilpassingar for sitt lokalsamfunnet og sine innbyggjarane.

Senterpartiet ønsker å gje ansvaret for skattekontora tilbake til kommunane for å sikra betre tilgang til offentlege tenester og samhandling med lokalt næringsliv.

Senterpartiet vil:

- Redusera skatten på låge inntekter og auka skatten på høgare inntekter. Skattesystemet må verta meir progressivt.
- Innretta skattesystemet slik at det fremjar verdiskaping og framtidige investeringar i norsk næringsliv, effektivitet i økonomien, og dessutan sosial og geografisk utjamning.
- Arbeida for at ein større del av verdiskapinga som skjer i distrikta, vert verande i distrikta.
- Redusera avgiftsnivået i Noreg då flate avgifter ramar låginntektsfamiliar mest.
- Halda bedriftskattelegginga på eit nivå som bidreg til at bedrifter opprettheld verksemda si i Noreg, og at mest mogleg av overskotet vert halde i bedriftene.

- Gå gjennom og forbedra dei skattemessige avskrivingsreglane for å gjera norsk næringsliv meir konkurransedyktig.
- Skjerma primærbustadar med vanleg standard i skattesystemet og gå imot innføring av statleg eigedomsskatt.
- Auka botnfrådraget i formuesskatten og redusera formuegrunnlaget for driftsmiddel.
- Styrka innsatsen mot svart arbeid, sosial dumping og skatte- og avgiftsunndragingar.
- Sikra at internasjonale konsern med aktivitet i Noreg ikkje tilpassar verksemda si med det formålet å unngå å betala skatt i Noreg.
- Arbeida for å innføra internasjonal skattelegging av multinasjonale selskap som er nullskatteytarar etter nasjonale skattetilpassingar.
- Styrka skattefrådraget til pendlarane.
- Innføra skattefrådrag på det årlege sparebeløpet i Gardssparing for unge (GSU).
- At Vinmonopolet overtar taxfreesalet av alkohol, på Avinor sine flyplassar
- Arbeida for å innføra internasjonal avgift på valutahandel (Tobin-skatt).
- Styrka arbeidet mot kapitalflukt og skatteparadis.

Statens pensjonsfond utland (SPU)

Statens pensjonsfond utland (Oljefondet) forvaltar ein sentral del av vår felles nasjonale formue og skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv. Det må skje på ein måte som sikrar høgast mogleg avkastning over tid, og innanfor ein akseptabel risiko. Kva type investeringar fondet skal vera i og kvar fondet skal vera investert, må gradvis utviklast over tid.

Statens pensjonsfond utland skal i forvaltinga si, investeringane sine og eigarskaputøvinga si styrka arbeidet sitt med etikk. Fondet skal fremja ei utvikling i dei verksemdene dei er investerte i som bidreg til å betra arbeidsmiljø og sosiale rettar, og redusera negative helse- og miljøpåverknader.

Senterpartiet meiner vi framover må tenka nasjonalt om forvaltinga av ein stor og veksande finansformue. Det å flytta ein større del av forvaltinga heim til Noreg vil bidra til å utvikla viktige arbeidsplassar og miljø i Noreg. På same vis som vi har tenkt langsiktig og industrielt rundt forvaltinga av naturressursane våre, bør vi gjera det same rundt forvaltinga av kapitalformuen vår.

Senterpartiet vil:

- At ein størst mogleg del av investeringsaktivitetane til fondet skal styrast frå Noreg.
- Flytta delar av fondsadministrasjonen ut av Oslo.
- Stramma inn regelverket for investeringar i selskap tilknytt kol, med sikte på ein sluttdato for når fondet skal vera ute av selskap med betydeleg kolverksemd innan 2025.
- Auka rammene for dei miljørelaterte mandata til Oljefondet.
- Heva grensa for investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi.
- Innan 2025 flytta hovudkontoret for klima- og miljøinvesteringane i Oljefondet til Noreg.

Statens pensjonsfond Noreg – Folketrygdfondet

Norsk eigarskap er sentralt for å sikra at kompetanse, arbeidsplassar og næringsutvikling finn stad i Noreg. Folketrygdfondet utgjer gjennom Statens pensjonsfond Noreg den største institusjonelle investoren i Noreg, og forvaltar store verdier på vegne av fellesskapet.

Dagens mandat for Statens pensjonsfond Noreg slår fast at fondet skal forvaltast med formål om størst mogleg avkastning over tid. Folketrygdfondet spelar gjennom si eigarskaputøving ei sentral rolle i å sikra nasjonalt eigarskap og arbeidsplassar i Noreg. Senterpartiet vil utvida mandatet til Folketrygdfondet slik at fondet i endå større grad kan fungera som eit verktøy for å sikra norsk eigarskap til strategisk viktige bedrifter, naturressursar og infrastruktur.

Senterpartiet vil:

- Opna for at Folketrygdfondet kan gjera strategiske investeringar med mål om å behalda arbeidsplassar og kompetanse i Noreg.
- Bruke Folketrygdfondet som eit verktøy for å sikra norsk eigarskap i viktige selskap.

Næring og industri: **VERDIANE SKAPAST I HEILE LANDET**

Senterpartiet vil føra ein næringspolitikk som legg til rette for eit livskraftig næringsliv og verdiskaping i heile landet. Det er eit offentleg ansvar å føra ein aktiv næringspolitikk og sikra nasjonalt eigarskap til naturressursar og viktige selskap og kritisk infrastruktur. Det offentlege skal òg stå for utbygging, vedlikehald og drift av transport- og kommunikasjonssystema. God næringspolitikk og god klima- og miljøpolitikk heng saman.

Senterpartiet vil ha lange og vitale norske næringskjeder frå råvare til produkt, fordi dette utnyttar ressursane i landet best og sikrar størst mogleg verdiskaping. Vidare sikrar det at verdiskapinga gjev gevinst i form av overskot og arbeidsplassar. Senterpartiet meiner det er viktig å satsa innanfor dei næringane der vi har fortrinn og der vi har etablerte næringsklynger.

Privat eigarskap og privat initiativ er heilt sentralt i verdiskapinga i Noreg. Dei små og mellomstore bedriftene utgjer ein stor del av det totale norske næringslivet. Det er derfor spesielt nødvendig å gje desse bedriftene gode og føreseielege rammevilkår. Det må finnast eit breitt spekter av verkemiddel som understøttar gründerar.

Kommunane er gode forvaltarar av middel til lokal næringsaktivitet. Meir middel til næringsfond i kommunane er ei effektiv og målretta satsing på lokalt næringsliv. Den regionalpolitiske utviklingsrolla til Fylkeskommunen må styrkast betydeleg, mellom anna gjennom Regionale utviklingsmiddel.

Senterpartiet meiner vilkåra for sjølvstendig næringsdrivande må betrast. Arbeidet med avbyråkratisering og forenkling må styrkast. Moglegheitene knytt til digitalisering må utnyttast maksimalt for å forenkla kvardagen til bedriftene – og det offentlege må avgrensa kontroll og rapporteringsrutinar til eit minimum.

Senterpartiet ønsker norsk eigarskap i det private næringslivet fordi dette sikrar verdiskaping, kompetanse, arbeidsplassar og framtidige investeringar i Noreg. Vi vil arbeida for at statleg eigarskap sikrar hovudkontor i Noreg og forskings- og utviklingsaktivitet her i landet.

Norsk næringsliv er verdsleiane på fleire felt, og vi har moglegheiter til å verta det på fleire område. Dette krev ei særskild satsing på kompetanse og innovasjon i eksisterande bedrifter. Senterpartiet vil innføra statlege garantiordningar for å redusera risiko for norsk næringsliv som satsar internasjonalt.

I samspelet mellom utdanning, forskning og næringsliv leggast grunnlaget for eit kunnskapsbasert og innovativt næringsliv. Senterpartiet vil satsa på forskning og utvikling og utvikla klyngearbeidet slik at Noreg kan styrka konkurransekrafta si i verdsmarknaden.

Varehandelen sysselset verksemder i heile landet. Næringa varetar mange oppgåver utover det å driva handel. Næringa gjev effektive karrierevegar, kompetanseutvikling og leiarerfaring, som alternativ til lang og formell utdanning. Varehandelen er i stadig endring. Netthandel utfordrar dei tradisjonelle butikkane, og tar større og større marknadsdelar. Senterpartiet meiner

konkurransvilkåra må vera slik at vi framleis kan ha både butikkar og netthandel. Vi vil òg hindra at utanlandsk netthandel får konkurransefortrinn gjennom skatte- og avgiftssystemet som norsk netthandel ikkje har. Det må etablerast tiltak som avgrensar grensehandelen.

Senterpartiet vil:

- Legga fram ei stortingsmelding om korleis Noreg kan sikra nasjonalt eigarskap i strategisk viktige bedrifter og teknologiar.
- Redusera byråkratiet særleg for små bedrifter.
- Omstrukturera og forenkla dagens verkemiddelapparat, for å målrette offentleg pengebruk, og gjera tilgangen på kapital, kompetanse og nettverk lettare tilgjengeleg for norske næringsdrivande.
- Forenkla systemet for skattlegging av enkeltpersonføretak.
- Forenkla skattefunnordninga og tilpassa den betre til enkeltpersonføretak, slik at ho vert reelt nøytral når det gjeld selskapsform.
- Jobba for ordningar som bidreg til å sikra inntekta til sjølvstendig næringsdrivande under svangerskaps-, fødsels- og foreldrepermisjon.
- Styrka ordningane som støttar gründerane i den kritiske etableringsfasen.
- Styrka samarbeidet mellom næringsliv og utdanningssektoren om grunn-, etter- og vidareutdanning for å sikra relevant arbeidskraft.
- Vurdera avgiftsreduksjon på utsette varer eller etablera andre tiltak for å avgrensa grensehandelen.
- Ikkje utvida ordninga med søndagsopne butikkar.
- Styrka Merkur-programmet som sikrar butikkar på små stadar.
- Innføra ei norsk aktsemdslov for næringslivet.
- Gje handverksbedrifter på alkoholområdet høve til å merka produkt med anerkjente utmerkingar.
- Styrka bedriftsintern opplæring som eit alternativ til permisjonar.

Industri og energi

Senterpartiet vil vidareutvikla eksisterande industri og legga grunnlag for nye industrietableringar i heile Noreg. Auka foredling av naturressursar gjennom lange verdikjeder i Noreg vil gje grunnlag for fleire arbeidsplassar, auka verdiskaping og teknologiutvikling. Dette vil bidra til ytterlegare reduksjon av klima- og miljøutslepp, nødvendig omstilling og jobbmoglegheiter i heile landet.

Industrien sin del av verdiskapinga (BNP) i Noreg har i løpet av 2000-talet sokke betrakteleg. Andre land i våre nærområde har klart seg langt betre. For å oppnå ny industrivekst i Noreg krev det ein heilt annan politisk vilje enn det som har vore tilfellet så langt, og det må leggest til rette gjennom rammevilkår og prioritering av økonomiske og menneskeleg ressursar. Investeringar må rettast mot sektorar der vi har eiga leveringsevne. Styresmaktene må i dialog med næringslivet utvikla nye krav og spesifikasjonar som fremjar eigen teknologi og produksjon. Store investeringar må styrast slik at dei skapar stor nasjonal etterspørsel.

Dei mangfaldige industribedriftene spelar ei nøkkelrolle i å nå Senterpartiet sitt mål for samfunnsutviklinga. Industriarbeidsplassar finn vi i alle delar av landet, dei gjev arbeid og dannar ryggrada i mange lokalsamfunn. Ny teknologi og automatisering gjev ei moglegheit til å henta heim produksjon til Noreg og gjev moglegheit for auka produktivitet, høgare verdiskaping og auka eksportinntekter. Industriproduksjon basert på rein norsk kraft og med verdslaiande miljøteknologi bidreg til å få ned klimagassutsleppa, både i Noreg og internasjonalt.

Den teknologiske utviklinga gjev nye store moglegheiter for at kompetanse kopla med norske ressursar kan gje auka produksjon, fleire arbeidsplassar og vidareforedling i Noreg. Senterpartiet vil gje industrien rammevilkår som bidreg til at arbeidsplassar i industrien kan etablerast og vidareutviklast over heile Noreg. I mange tilfelle bygger industrien på foredling av naturressursar som finst i distrikta, anten det gjeld mineral, kraft, fisk, tømmer, korn, mjølk og kjøtt. Det er eit mål at

desse ressursane skal gje størst mogleg verdiskaping og ringverknader lokalt. Politiske avgjerder skal leggja til rette for dette.

Staten må spela ei aktiv rolle gjennom å setja klare og konkrete mål for industriutvikling. Samtidig må staten kunna bidra som eigar, stilla med risikokapital og ha formålstenlege støtteordningar.

Noreg har ei verdsléiande maritim klynge som omfattar mellom anna verftsindustri, reiarlag og utstyrsprodusentar. Desse hjørnesteinsbedriftene har spelt ei viktig rolle i Noregs historie som sjøfartsnasjon, og har erfaring og dyktige fagfolk som kan spela ei avgjerande rolle i utviklinga av nye arbeidsplassar i industrien. For å vidareutvikla den maritime klynga vil Senterpartiet ha ei satsing på fornying av nærskipfarta/kysttransporten. Dette vil både styrka verfts- og leverandørindustri, gje lågare klimautslepp frå havgåande transport og gje teknologiutvikling som kan gje grunnlag for lønsame eksportmoglegheiter.

Senterpartiet vil jobba for at Noreg framleis skal vera fremst i verda på område som miljø, teknologiutvikling og sikkerheit. Norske sjøfolk er ein føresetnad for vidare utvikling av maritim næring i Noreg. Senterpartiet meiner sjøfolk skal vera sikra norske løns- og arbeidsvilkår for arbeidet sitt til sjøs i norske farvatn og på norsk sokkel. Senterpartiet skal vera garantisten for den godt innarbeidde nettolønsordninga som fremjar rekruttering til den maritime klynga.

Den maritime næringa spelar òg ei nøkkelrolle i å utnytta moglegheitene som ligg i flytande havvind, både for auka energiproduksjon, elektrifisering av sokkelen og som ledd i utviklinga av ny industri. Senterpartiet meiner staten må bidra ved å stilla areal til rådighet for fullskala prosjekt, og gjennom støtte til ein aktiv marknad i Noreg utvikla ei fullstendig verdikjede og også leggja til rette for norsk eigarskap. I utviklinga av flytande havvind vil det vera avgjerande med gode prosessar slik at dette ikkje går på bekostning av miljøomsyn, fiskeria og andre næringar.

Næringsmiddelindustrien er ein av våre største og mest komplette verdikjeder. Ei storstilt satsing på robotisering og ny sensorteknologi gjer det mogleg å effektivisera foredlinga i tida som kjem, noko som kan gje grunnlag for auka vidareforedling av desse naturressursane i Noreg. For Senterpartiet er det eit mål at moderne produksjonsteknologi skal gje arbeidsplassar spreidd over heile landet.

Gjennom auka avverking i norske skogar, ved å redusera tømmereksporten og betre utnytting av restråstoff kan vi i Noreg auka verdiskapinga frå norsk skog- og treindustri. Vi har høg kompetanse innan avanserte biokjemiske produkt og moglegheiter for auka verdiskaping gjennom samspel med andre norske industriar, som til dømes metallurgisk industri. Senterpartiet vil leggja til rette for auka foredling av tømmer i Noreg. Dette krev tiltak som støttar opp om den norske verdikjeda, stimulerer til bruk av tre i bygg og styrkar finansieringa av industriprosessar som utnyttar tømmer.

Norske selskap er langt framme innan teknologiutvikling for fangst, utnytting og lagring av CO₂, såkalla CCUS⁶. Fleire prosjekt er allereie ferdig utvikla og klare for gjennomføring. Gjennom realisering av slike prosjekt kan vi skapa nye jobbar i heile verdikjeda frå fangstteknologi, til transport-, bruks- og lagringsløyisingar. Fangst og lagring av CO₂ spelar ei avgjerande rolle for utvikling av annan verksemd som prosessindustri og rein produksjon av hydrogen.

Noreg har ein stor energiproduksjon frå fornybare kjelder, som vil auka i åra framover. Energipolitikken og industripolitikken har vore og må vera samkøyrte. Foredlinga i industrien av fornybar energi kan gje auka verdi til energiproduksjon, samtidig som norsk fornybar energi er ein strategisk innsatsfaktor i industriell utvikling. Senterpartiet meiner at mest mogleg av krafta skal

⁶ CCUS står for «Carbon capture, utilisation and storage», altså karbonfangst, -bruk og -lagring

foredlast i Noreg, og legga til rette for at arbeidsplassane vert lokaliserte i nærleiken av der krafta vert produsert.

Utbygging av kraftnettet må sikra stabil tilgang på kraft både til kraftforedlande og annan industri, og det øvrige samfunnet. Kraftnettet må utviklast slik at både eksisterande bedrifter får høve til å veksa og utvikla seg vidare, og at nye produksjonsanlegg kan byggast ut. Straumnettet må rustast opp slik at ressursane kan utnyttast og busetjing vert sikra over heile landet. Senterpartiet vil hindra oppsplittinga av strumnettet som følge av EU sitt energidirektiv. Nett-tariffane som industrien betalar må vareta omsynet til konkurransekraft, og den samfunnsviktige rolla industrien spelar for sysselsetjing og verdiskaping. Senterpartiet vil arbeida for styrkt CO₂-kompensasjon til norsk industri for å motverka karbonlekkasje, og på eit nivå som reflekterer at norsk industriproduksjon skjer på fornybar kraft.

Dei små nettselskapa vert drivne like effektivt som dei store. Vi treng variasjonen av nettselskap for å utvikla nettsystemet i framtida. Nettselskapa spelar ei viktig rolle i arbeidet for å legga til rette for busetjing og næringsverksemd i heile landet. Ei utvikling mot stadig større nettselskap, gjennom premiering av fusjonar, må stansast.

Senterpartiet vil:

- Oppretta eit statleg grønt investeringselskap med startkapital på 10 mrd. kroner som skal investera i selskap som tar ei leiande og strategisk rolle i utvikling av nye løysingar og teknologiar basert på grønt karbon.
- Auka investeringar i energiteknologi som kan gje nye industriarbeidsplassar i Noreg.
- Sikra at Investinor AS og andre statlege investeringsfond skal kunna investera direkte i bedrifter og verksemdar og kunna ha ein langsiktig strategi for slike investeringar.
- Etablera ein samla og meir effektiv eksportstrategi der verkemiddel som GIEK⁷, Eksportkreditt Noreg⁸, Innovasjon Norge og Utanriksdepartementet sitt apparat vert sett i samanheng og vert samordna betre. GIEK/Eksportfinans vert lokalisert til Vestlandet der dei tunge maritime klyngene finst.
- Legga til rette for at industri- og energibedrifter kan inngå langsiktige kraftkontraktar.
- Gje skatteinsentiv til investeringar i produksjonsmaterieil for industrien.
- Stilla krav i konsesjonar gjeve av det offentlege om ein berekraftig leverandørstrategi.
- Forsterka støtteordningar som bidreg til ein meir desentralisert slakteristruktur for kjøtt.
- Bruka staten sitt innkjøp av eigne skip til utvikling av teknologi som reduserer klimagassutslepp.
- Ved offentlege anbud stilla langsiktige og føreseielege krav til m.a. redusert CO₂-avtrykk og levetidskostnad på innkjøp, som legg til rette for konkurransedyktige norske industribedrifter.
- Bruka staten sitt innkjøp til å utvikla og styrka gjenkjøp i norsk forsvarsindustri.
- Justere Enova sitt mandat for å legga betre til rette for reduserte utslepp og auka produksjon basert på kjente teknologiar.
- Effektivisera statlege saksbehandlings- og reguleringsprosessar for å legga betre til rette for industriutvikling.
- Styrka arbeidet med robotisering og automatisering på tvers av ulike industriar, med mål om å flytta industri som har flagga ut tilbake til Noreg.
- Auka støtta til etterutdanning, kompetanseheving og innovasjonsprosjekt.
- Auka nettrabatten Statnett og andre nettselskap gjev industrien.
- Fjerna makstaket i nettolønsordninga og gjera ho gjeldande for alle sjøfolk om bord i alle fartøysegment som ei varig ordning.

⁷ Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK) er eit norsk forvaltingsorgan underlagt Nærings- og fiskeridepartementet.

⁸ Eksportkreditt Norge AS er eit norsk statleg aksjeselskap som på vegne av den norske stat yter lån til eksportfinansiering

- Styrka ordningar for kondemnering og ombygging av m.a. offshorefartøy til lågutsleppsartøy.
- Fjerna CO₂-avgifta på LNG for gods- og passasjertransport i innanriks sjøfart.

Reiseliv

Reiseliv er ei stor næring i Noreg og er viktig i mange regionar. Marknadsendringar, teknologi, digitalisering, delingsøkonomi, nye forretningsmodellar og behovet for meir berekraftig utvikling gjer at reiselivet er i endring.

Naturbasert reiseliv som kombinerer reise, opplevingar og mat er i vekst. Dette gjev store moglegheiter innanfor dei næringane som har grunnlaget sitt i forvaltning av naturressursar, og som lykkast med utvikling av samarbeid med lokale produsentar. Samtidig gjev satsing på kultur i reiselivet moglegheita til å visa fram både historia og tradisjonen vår – og dagens Noreg.

Mange bedrifter i reiselivet slit med knappe marginar. Auking i reiselivsmomsen har tidlegare ramma norsk reiselivsnæring hardt. Senterpartiet vil arbeida for auka lønsemd og verdiskaping i reiselivsnæringa.

Senterpartiet vil:

- Satsa nasjonalt på at reiseliv skal bidra til å utvikla gode destinasjonar og arbeidsplassar i heile landet.
- Opna for at kommunane sjølv kan bestemma om dei vil ilegga turistskatt.
- Sikra eit permanent lågt nivå på momsen for reiseliv, persontransport og kultur.
- Sikra at det vert tatt omsyn til besøkande og turistar når beredskap og tenester som er viktig for liv og helse, vert dimensjonerte.
- Forenkla reglar og ha større grad av samordning av statlege tilsyn ved kontroll hos bedrifter.
- Stimulera til fleire heilårs arbeidsplassar i reiselivsnæringa for å kunna auka kompetansen hos dei tilsette og utvikla endå betre og meir attraktive tilbod.
- At reiselivsnæringa og offentlege aktørar saman må skapa nye og vidareutvikla eksisterande opplevingar.
- Styrka samarbeidet mellom reiselivsaktørar, kulturliv og matprodusentar gjennom felles marknadsføring og samarbeid om utvikling av reiselivsprodukt.
- Bidra til auka internasjonal marknadsføring av norske reisemål.
- Legga til rette for berekraftig opplevingsturisme og naturbasert turisme i nasjonalparkane.
- Styrka regionalparkar som samarbeidsmodell for distriktsutvikling og for varetaking av natur- og kulturverdiar

Mineralnæringa

Det må etablerast eit rammeverk for mineralindustrien som legg grunnlaget for ei verdiskapande og lønsam næring, der bedriftene leverer på høgaste nivå på sosial og miljømessig berekraft.

Senterpartiet ønsker betre samordning av regelverk og myndebehandling i saker som handlar om mineralutvinning. Kommunen skal vera planmynde, medan løyve etter andre sektorlover bør samordnast av statsforvaltaren. Målet må vera at tiltakshavar møter koordinerte styresmakter. Dagens rammeverk må òg utformast slik at ein større del av verdiskapinga frå mineralverksemd kjem det aktuelle lokalsamfunnet til gode, og i tradisjonelle samiske område også det samiske samfunnet.

Det bør utviklast miljøstandardar for deponi i land og sjø, og forskingsinnsatsen knytt til deponi må styrkast. Det er òg eit behov for å styrka arbeidet med å gjenvinna mineral, slik at primærutataka ikkje vert større enn nødvendig.

Senterpartiet vil:

- Sikra nasjonalt eigarskap til mineralressursane og sørge for ein del av overskotet frå desse skal koma fellesskapet til gode.
- Greia ut ei kommunal utvinningsavgift for å gje kommunane ein del av verdiskapinga ved mineralutvinning og ved utvinning av sjeldne jordarter.
- Ha berekraftig mineralutvinning som óg tar omsyn til fiskeri, havbruk og sårbare naturressursar.
- Stilla strenge krav til avfallshandtering og kjemikaliumbruk og støtta forskning på effektiv og berekraftig gruvedrift.
- Etablera ein strategi for nasjonal vidareforedling av mineral.
- Styrka den grunnleggande geologiske kartlegginga i regi av Noregs geologiske undersøking (NGU) slik at vi får eit meir oppdatert bilde av dei mineralressursane vi har i Noreg.
- Etablera støtteordningar for mineralindustrien for å bidra til undersøkingar av potensielt lønsame mineralressursar.

Olje og gass

Dei rike olje- og gassførekomstane på norsk kontinentalsokkel har vore og er grunnlaget for Noregs største eksportnæring og gjev Noreg ein økonomisk handlefridom som er eineståande i internasjonal samanheng. Senterpartiet ønsker ein petroleumspolitik med særleg vekt på langsiktig forvaltning, næringsutvikling, inntekter til fellesskapet og klimaansvar.

Det er viktig for Senterpartiet at petroleumsforvaltninga og utvinningstempoet på norsk sokkel er foreinleg med og bidreg til vedtatte klimaambisjonar i Parisavtalen. Petroleumsnæringa skal på lik linje med andre næringar ta sin del av klimaforpliktingar gjennom kvotesystemet og CO₂-avgift. Klimautslepp frå produksjonen av olje må reduserast og frå 2040 må det vera nullutslepp frå alle installasjonar på norsk sokkel. Det inneberer at alle installasjonar må vera elektrifisert eller ha system for fangst og lagring av CO₂. Senterpartiet vil at Statnett skal ta eit koordinerande drifts- og eigaransvar for eit eventuelt el-nett på norsk sokkel.

Når installasjonar skal elektrifiserast, vil krafta koma frå enten havvind eller kraft frå land. Senterpartiet meiner at det må vurderast frå felt til felt kva løysingar som er best, men vi vil ikkje gå inn for løysingar som svekker forsyningssikkerheita i det landbaserte kraftsystemet, eller løysingar som direkte eller indirekte svekker rammevilkåra for kraftkrevjande industri og driv opp prisane i den norske straummarknaden.

Petroleumspolitikken må utformast slik at han i størst mogleg grad stimulerer lokal verdiskaping og gjev positive ringverknader i området der aktiviteten er. Det er òg viktig at olje- og gasspolitikken bidreg til industriell utvikling på miljøteknologifeltet, der norsk oljeindustri skal vera verdslende. Olje- og gassressursane må utnyttast i eit tempo og på ein måte som balanserer omsynet til olje- og gassnæringa mot resten av næringslivet sitt behov. Petroleumsnæringa må vera underlagt politisk styring for å sikra at nødvendige omsyn til miljø, klima og fornybar næringar vert varetatt.

Leverandørindustrien til olje- og gassverksemda bidreg til sær mange arbeidsplassar i heile landet. Denne næringa er i omstilling. Det er avgjerande at omstillinga skjer på ein slik måte at kraft, ekspertise og teknologi opparbeidd gjennom oppdrag frå oljeverksemda vert overført til prosjekt innanfor både fornybar industri og annan industri. Det krev at leverandørindustrien gjevast moglegheit til ein kombinasjon av oppdrag for olje og gass og fornybar i åra framover, slik at fagfolk og teknologi ikkje går tapt undervegs.

Senterpartiet vil ha olje- og gassutvinning som ikkje går på bekostning av fiskeri og havbruk og sårbare naturressursar. I område der det vert drive petroleumsværksemd, leggest sameksistens til grunn for forvaltninga. I område som er særleg verdifulle for fiskerinæringa, som ligg nært land eller har stor risiko for ulykker, skal det ikkje vera petroleumsværksemd.

Gjennom det statlege eigarskapet i Equinor, det statlege selskapet Petoro og gjennom skatte- og avgiftspolitikken skal det sikrast at verdiane kjem fellesskapet til gode. Norsk petroleumsaktivitet i utlandet skal bidra til positive ringverknader for samfunn som vert berørt.

Senterpartiet vil:

- Styra tildeling av nye areal til petroleumsutvinning slik at omsynet til miljø, klima og fornybar næringar veg tungt.
- Ikkje opna for olje- og gassverksemd på Møreblokkene, i Lofoten, Vesterålen, eller utanfor Senja (Nordland 6, Nordland 7 og Troms 2) eller i nærleiken av iskantsona i Arktis.
- Arbeida for auka utnyttingsgrad av allereie opna oljefelt.
- Auka bruk av gass til industrielle formål.
- Bygga ut oljevernberedskapen langs kysten.
- At alle installasjonane på sokkelen skal vera basert på nullutslepp av CO₂ innan 2040.
- At staten bidreg aktivt til å styrka rammevilkåra for leverandørindustrien.
- Setja i gang ei utgreiing om korleis eit framtidig skattesystem for norsk petroleumsverksemd skal innrettast, inkludert leiterfusjonsordninga
- At det vert gjennomført ei utgreiing om kva finansiell risiko investeringar i olje- og gassverksemd utgjer i ei tid med aukande internasjonale klimakrav.
- Intensivera arbeidet med å førebu det norske samfunnet på ei framtid der petroleumsinntektene vert reduserte.
- Sikra framleis statleg aksjemajoritet i Equinor og Petoro.
- Behalda minst dagens eigardel i Equinor og sikra framleis hundre prosent statleg eigarskap i Petoro.

Landbruk, fiskeri og havbruk: **MATLANDET NOREG**

Råvarene, nordisk klima og topografi og store sesongvariasjonar er utgangspunktet for den norske matkulturen og produksjonen av trygg mat. Maten er utgangspunktet for dei største komplette verdikjedene i Noreg, og nasjonal matproduksjon er ein viktig del av totalberedskapen i samfunnet. Noreg har ei unik plante- og dyrehelse med lite bruk av antibiotika og plantevernmiddele som danner grunnlaget for produksjon av trygg, rein mat. Det er viktig at det vert tatt naudsynte førehandsreglar for å sikra lågt smittepress og minimal bruk av antibiotika òg i framtida.

Senterpartiet vil satsa på dei norske mattradisjonane og det store mangfaldet av verksemder som vidareforedlar råvarene. Slik vil vi styrka og vidareutvikla Matlandet Noreg. Senterpartiet vil forenkla regelverket som regulerer «kortreist mat» og på denne måten støtta dei mange spanande matbedriftene som vert utvikla i heile Noreg.

Noreg har særeigne moglegheiter knytt til den lange kystlinja vår og plassering i nord. Kyst- og havområda våre er viktige for å sikra mat og for å skapa verdiar. Ressursane i havet og langs kysten er eige domene til fellesskapet og skal sikrast for framtidige generasjonar gjennom berekraftig forvaltning og nasjonal råderett.

Senterpartiet vil styrka den nasjonale matvaremarknaden samstundes som konkurranselovgjevinga vert skjerpa, slik at kjedemakta i daglegvarebransjen vert redusert. Senterpartiet vil arbeida for reglar som sikrar fordeling av makt mellom dei ulike ledda i verdikjeda og ein rettferdig handelspraksis.

Forbrukarar og styresmakter må få innsyn i prisfastsetting og konkurranse i daglegvaremarknaden. All mat må forbruksmerkast med tydeleg informasjon om opphavslandet til råvarene, foredlingsfirma og innhald.

Kasting av mat er sløsing med ein dyrebar ressurs. Senterpartiet vil motverka matsvinnet gjennom tett samarbeid med produsent- og salsleddet slik at matsvinn vert redusert og overskotsmat vert gjeve bort.

Fiskeria – ei nøkkelnæring langs kysten

Fiskeriressursane skal framleis eigast av det norske folket i fellesskap. Fiskeriløyva skal forvaltast på ein måte som ikkje bidreg til sentralisering verken innanfor regionar eller mellom landsdelar. Senterpartiet vil at fiskeri- og havbrukspolitikken skal utformast slik at den kan bidra til å sikra tilstrekkeleg råstoff til industrien slik at det vert skapt lønsame bedrifter både på hav og land. Senterpartiet vil dessutan ta i vare distriktpolitiske målsetjingar om arbeidsplassar og busetjing i kystsamfunn. Fiskerieringa skal vidareutviklast ved å bygga på fortrinnet vi har i tilgangen på ferskt råstoff av høg kvalitet. Senterpartiet vil føra ein politikk som gjev auka vidareforedling i Noreg.

Havretten gjev Noreg tilgang til store delar fiskeressursar i kraft av dei økonomiske sonene og kvoteavtalar med andre omkringliggende kyststatar. Nokre av bestandane oppheld seg i periodar av året nær kysten, medan andre lever stort sett heile tida lenger frå land. God utnytting av desse

fiskeressursane krev ein variert fiskeflåte både med omsyn til storleik og teknologi. Nærvær av norske fiskefartøy i alle havområda våre er viktig for å bevare norsk suverenitet.

Senterpartiet vil leggja til rette for ein variert, fiskareigd flåte. Kystfisket har i hundreår vore ein grunnpilar i sysselsetjing og verdiskaping langs kysten, og skal framleis vera det i framtida. Kysttorsken er ein viktig bestand for busetjing og heilårleg aktivitet langs heile kysten. Han er spesielt viktig for den mindre og kystnære flåten sin heilårsaktivitet. Den vedvarande svake bestandssituasjonen for kysttorsken er urovekkande. Senterpartiet vil intensivera arbeidet med å få avklart årsaka til problemet med å oppnå eit berekraftig nivå på kysttorskebestanden.

Fiske frå små fartøy er ein viktig del av norsk fiskeripolitikk. Desse fartøya fiskar råvarer av svært høg kvalitet og landar dei langs heile kysten. Dette er strategisk viktig verdiskaping, sjølv om fisket utgjør ein liten del av totalfangsten i næringa. Dei havgåande fiskefartøya er viktige for å utnytta fiskeslag som lever lenger ute i havet. Vidare sikrar dei leveransar til fiskeindustrien, noko som er særleg viktig i periodar med lite fisk langs Norskekysten. Nokre av dei norske trålarane har vorte tildelte ei særskild rolle gjennom leveringsplikt til kystsamfunn. Leveringsplikta har opp gjennom åra vorte endra med bakgrunn i at systemet ikkje har fungert godt nok. Dagens uoversiktlege system med tilbodsplikt, aktivitetsplikt og bearbeidingsplikt ønsker Senterpartiet å skifta ut med ei reell, faktisk og lett kontrollbar aktivitetsplikt.

Sjømatnæringa er vorte stor og viktig for Noreg som nasjon. Kunnskapane våre, forskingsressursar og innovasjonsmiddel innanfor både sjømat og landbruk bør nyttast til å utnytta ressursane våre i ferskvassellar og innsjøar. Senterpartiet vil satsa på forskning, ressurskartlegging og målretta innovasjonsmiddel i denne samanhengen.

Senterpartiet vil:

- Oppretthalda og utvikla ein differensiert og fiskareigd flåte tilpassa nasjonale målsetjingar om å auka foredling og verdiskaping av fiskeressursar i Noreg.
- Oppretthalda deltakarlova, havressurslova og fiskesalslagslova og sørga for at lovene vert handheva. Det er svært viktig å handheva aktivitetskravet i deltakarlova.
- Prioritera kystflåten og leggja klare avgrensingar i fisket for større båtar innanfor fire nautiske mil frå grunnlinja.
- Seia «nei» til strukturering av kystflåten under 11 meter. Denne flåten må sikrast tilstrekkelege kvotar.
- Greia ut overgang frå kjøp og sal av kvotar til tildeling av kvotar og konsesjonar.
- Greia ut heile regimet med eigarskapavgrensingar i fiskeflåten med mål om å sikra sterkt lokalt og nasjonalt eigarskap.
- Sikra at berre aktive fiskarar kan tidelast fiskerettar.
- Sørga for at fiskeriløyve/konsesjonar som ikkje er i aktiv bruk, vert trekte tilbake.
- Bidra til betre generasjonsskifte i fiskerinæringa ved å leggja til rette for overføring av kvotar frå eldre til yngre utøvarar
- Vidareføra og styrka ungdomsfiskeordninga og ungdomskvotar som bidreg til rekruttering.
- Styrka ordninga med lærlingkvotar for å sikra lærlingplassar og arbeida for å betra rekrutteringa av kvinnelege fiskarar.
- Leggja til rette for at ungdomskuleelevar får betre utplasseringstilbod og informasjon om fiskaryrket.
- Arbeida for å styrka heile verdikjeda, der verdiskapinga skal fordelast mellom sjø og land. Ferskfiskordninga er eit godt døme på ein reguleringsmetode som fremjar dette perspektivet.
- Bidra til at ein større del av fiskeressursane går til produksjon på norske landanlegg og sikra ein desentralisert mottaksstruktur gjennom å setja av middel til føringsordningar og mottaksstasjonar.
- Leggja til rette for auka foredling av fisk i Noreg, mellom anna gjennom auka støtte til innovasjon og automatisering.

- Utbetre fiskerihamner og farleier langs kysten.
- Styrka Kystvakta, Redningssselskapet og redningshelikoptera langs kysten. Sikra god samordning mellom ulike aktørar for å auke tryggleiken på sjøen.
- Tilføra kontrollorgana fleire ressursar, fortrinnsvis lokalt og på kaia, og ikkje ved å bygga opp større administrasjon sentralt.
- Styrka kampen mot arbeidsmiljøkriminalitet og sosial dumping i fiskeri- og sjømatnæringa.
- Gjeninnføra ordninga med fiskerirettleiar.
- Auka fiskarfrådraget.
- Sikra varig kompensasjon for fiskerinæringa etter at den reduserte satsen i CO₂-avgift fall bort.
- Satsa på elektrifisering og overgang til klima- og miljøvenleg drivstoff for fiskeflåten.
- Stimulera til berekraftig utnytting av fiskeressursane i ferskvatn.
- At innrapporteringskrav og regelverk for fiskeria er tilpassa dei ulike flåtegruppene slik at dei minste fartøya ikkje får urimelege belastningar gjennom dei krava som vert stilte.
- La kriteria for fordeling av kvotar mellom dei enkelte fartøygruppene i hovudsak ligga fast, men vurderer mellom anna å refordela kvoter frå den delen av trålflåta som er omfatta av pliktsystemet, dersom formålet med pliktsystemet ikkje oppfyllest, samt styrka verkemidla for rekruttering av unge til fiskerinæringa, til dømes gjennom rekrutteringskvoter.

Sats på verdiskapinga i havbruksnæringa

Senterpartiet vil styrka Noreg sin allereie sterke posisjon som sjømatnasjon på den globale marknaden, og på den måten bidra til å styrka mattryggleiken i ei verd med befolkningsvekst. For å klara dette må vi ligga i front på kunnskap på område som berekraftig ressursbruk, havmiljø, klima, produktutvikling og marknad.

Moglegheitene for havbruka i framtida er store, og Senterpartiet er opptatt av at det skal leggest til rette for vidare vekst i havbruksnæringa gjennom å utvikla gode lokale og regionale arealplanar, samstundes som miljøet og livet i havet vert tatt vare på. Senterpartiet meiner det er avgjerande å sikra utvikling i fiskeri- og havbruksnæringa gjennom føreseielege rammevilkår.

Det er viktig å sikra tilgang på gode lokalitetar for havbruksnæringa. Reglane for næringa må bygga på nulltoleranse for rømming og spreining av sjukdomar frå merdane og tiltaka mot desse problema må styrkast. Senterpartiet er ein pådrivar for at skattar og avgifter frå havbruksnæringa i større grad skal tilbakeførast til kommunar som set av areal til havbruksanlegg. Private som mistar hevdvunne moglegheiter til fiske som følge av oppdrettsverksemda, skal ha full kompensasjon frå oppdrettseigar.

Marin bioprospektering⁹ kan gje grunnlag for ny næring i Noreg. Vi har enorme kystareal som kan brukast til oppdrett av nye artar, fangstbasert akvakultur og levandelagring av villfisk, og dessutan tong- og tareproduksjon. Det er viktig at denne næringa vert stimulert til vidare utvikling, lønsemd og vekst.

Senterpartiet vil:

- At det vert sett av tilstrekkelege areal langs kysten til sjømatproduksjon.
- Innføra eigarskapavgrensingar i oppdrettsnæringa.
- Jobba for eit skatte- og avgiftsregime som stimulerer til nasjonalt eigarskap og lokale investeringar i havbruksnæringa.
- Legga til rette for mangfald i næringa når det gjeld storleik på selskapa.

⁹ Bioprospektering er å utforske mangfaldet i naturen (biodiversiteten) for å finne kommersielt verdifulle genetiske og biokjemiske ressursar

- Greia ut om framtidige konsesjonar gradvis skal falla tilbake til staten. Gjennom retildeling på gjevne vilkår kan ein sikra kontroll med omsetninga av konsesjonar, vidare utvikling i næringa og samstundes sikra norsk eigarskap.
- Sikra berekraft og god dyrevelferd i havbruksnæringa.
- Styrka offentleg FoU-innsats for berekraftig og aukande produksjon av dagens oppdrettsartar, og initiera prosjekt for annan havbasert produksjon.
- At kommunane skal sikrast god kompensasjon for å setje av areal til havbruksnæringa Dette bør skje ved ei fordeling der midla frå Havbruksfondet vert fordelte med 70 % til havbrukskommunane, 20 % til fylkeskommunen og 10 % til staten. Produksjonsavgifta vert øyremærkt havbrukskommunane og fylkeskommunane.
- Legga til rette for satsing på innlandsfiskeoppdrett.
- Etablera eit program for utvikling og industriell produksjon av fôr til landbruk og havbruk basert på norske fornybare ressursar.
- Setja i verk tiltak for å redusera avfall frå havbruksnæringa i norske fjordar og stø opp om løysingar som nyttar avfall i form av biologisk masse.
- Avgrensa omfanget av marine verneplanar. Havområda skal som utgangspunkt verta nytta til berekraftig matproduksjon og fangst av viltlevande artar.
- Stimulera havbruksnæringa til å ta i bruk fossilfrie løysingar.
- Styrka havbruksutdanningar på fagskule, høgskule og universitetsnivå saman med havbruket sjølv, også i utdanningsløpet.

Reindrift

Reindriften er allment anerkjent som ei spesiell samisk næring, og dannar eit viktig grunnlag for å bevare samisk kultur, samfunnsliv og språk. Reindrift som næring, kultur og livsform er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng. Reindriften nyttiggjer seg utmarksressursane i fjellområda, og har eit stort potensial for auka verdiskaping. Det er betydelege moglegheiter knytt til vidareforedling av reinkjøtt og biprodukt frå rein, reiseliv og formidling av reindriftssamisk kultur og leveste.

Utviklinga til næringa skal vera basert på tradisjonell kunnskap, ny kunnskap og føreseielege rammevilkår.

Den største utfordringa i næringa i dag er pressa på beiteareala. Utbygging av infrastruktur og etablering av nye næringar i utmark et opp beiteland bit for bit. Dette skapar òg fleire forstyrringar i beiteområda til reinen, og er spesielt til skade i kalvingsområder og i periodar med vanskelege beiteforhold.

Endringar i klimaet vert allereie godt merka i reindriften. Store snømengder og låste beiter grunna isdanning skjer oftare. Reindriften treng ein beredskap for å handtera klimaskapte beitekriser, for å sikra god dyrevelferd.

Reindrift var eit faktum lenge før dei nasjonale grensene vart trekt i nordområda. Samarbeid over landegrensene er derfor viktig for å sikra ei vidareføring av tradisjonell reindrift.

Senterpartiet vil:

- Framleis anerkjenna reindriften som ei viktig kulturnæring som er familiebasert og bygger på eit unikt leveste.
- Sikra eit framleis sterkt vern av reindriften sine beiteareal og bidra til berekraftig forvaltning.
- Sikra reinbeitedistrikta tilstrekkelege ressursar. Distrikta skal kunna vareta interessene til reindriften, og ha høve til å delta aktivt i planprosessar, for å skapa gode totalløysingar til beste for alle.
- Legga til rette for betre infrastruktur for slakting av rein.
- Legga til rette for auka verdiskaping av kjøtt og biprodukt, og dessutan satsing på kulturformidling og turisme basert på reindrift.

- Arbeida for ein betre beredskap for klimaskapte beitekriser.
- Sikra retten til tradisjonell flytting over landegrensene.
- Stramma inn rovviltpolitikken slik at den ikkje utarmar reindrifta, og ha rovdryfrie kalvingsområder.
- Ha ein heilskapleg gjennomgang av skatte- og avgiftsregelverket for reindriftnæringa.
- Sørge for at lovverket varetar samisk tradisjon, nasjonal rettspraksis og internasjonal rett.

Ta vare på matjorda!

Produksjon av mat, bioenergi og fiber krev berekraftig arealbruk. I Noreg utgjer dyrka mark berre 3 % av landarealet. Matjord er ein nasjonal ressurs som må forvaltast nasjonalt.

Dyrkbar jord er ein knappleiksressurs både i verdssamfunnet og her heime. Omsynet til utbygging av industri, infrastruktur og bustadar må balanserast betre mot det langsiktige omsynet til matproduksjonen. Meir matjord må derfor dyrkast opp, og mindre matjord må byggast ned. I tillegg må vi sikra lokalt eigarskap og redusera hindringar for aktiv arealbruk. Aktiv bruk gjev det beste vernet.

Det er eit paradoks at utmark i dag har eit sterkare vern enn innmark. Medan utmark vert verna i større grad, er matjorda under stadig sterkare press. Senterpartiet meiner derfor at dyrka mark må få eit langt sterkare lovvern enn i dag.

Landbruksareal som går ut av drift er ei stor utfordring. For å hindra tap av matjord må landbrukspolitikken styrkast, slik at vi held oppe landbruket i heile landet.

Senterpartiet vil at omsynet til jordvernet skal avklarast så tidleg som mogleg i samferdselsprosjekt. Ved val av standard og trasé må det synleggjerast alternativ til nedbygging av landbruksjord.

Senterpartiet vil:

- Sikra at jordvern vert overordna i all framtidig arealforvaltning.
- Praktisera eit strengt jordvern ved å mellom anna å vedta ein ny, nasjonal jordvernsplan der nedbygginga vert halvert ytterlegare til 2000 mål.
- Lovfesta tilgang til varig vern av matjord.
- Innføra forbod mot opsjonsavtalar om kjøp av matjord for framtidig bruksendring til industri-, handels- eller bustadområde.
- At jord som vert bygd ned, skal brukast om att som matjord – fortrinnsvis til nydyrking.
- Innføra strengare krav til jordvern ved etablering av «Landbruk+verksemd».
- At jordvernet skal vektast tyngre i planprosessar og at det skal nydyrkast like mykje jord som det vert omdisponert.
- Endra dagens nasjonale retningslinjer for samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga, slik at jordvern vert gjeve høgaste prioritet ved utbygging i pressområda. Avgjerdene i jordlova må gjevast forrang føre desse retningslinjene.
- At byvekstavtalar må ha mykje sterkare vekt på jordvern.
- At matjord som vert beslaglagt til offentlege prosjekt vert prisa høgare.

Jordbruk

Samfunnsoppdraget til jordbrukspolitikken er å sikra Noreg si befolkning nok og trygg mat. Senterpartiet vil føra ein landbrukspolitikk som gjev trygg og sikker mat, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og redusert klimaavtrykk. For å sikra dette vil Senterpartiet auka lønsemda i bruk av jordbruksareala gjennom eit sterkt importvern, årlege forhandlingar mellom staten og faglaga i jordbruket, og dessutan ved å sikra gardbrukarane ei sterk marknadsmakt gjennom gode marknadsordningar og landbrukssamvirka som marknadsregulator. Det må leggest til rette for at næringsverksemda i landbruket skal verta endå viktigare framover for å oppretthalda lokal

sysselsetjing og busetjing. Ein variert bruksstruktur gjev best moglegheiter til å produsera maten på ein berekraftig og klimavenleg måte.

Betre lønsemd og føreseielegheit for framtidige investeringar er ein føresetnad for auka matproduksjon og rekruttering til landbruket. Jordbruket må inntektsmessig jamstillast med andre næringer. Dette er ein føresetnad for betre rekruttering til yrket. Næringsutøvarane i landbruket må ha same moglegheit til inntekt og velferdsordningar som andre grupper.

Eigedomspolitikken i landbruket skal sikra at ressursane vert haldne i hevd og vert forvalta i eit langsiktig perspektiv, og må derfor finna balansepunktet sitt mellom interessene i enkeltmennesket og samfunnet. Det at eigarskap til ressursar har vorte fordelte på mange har gjeve verdiskaping og vekst i heile landet og lagt til rette for eit mangfald av små, mellomstore og store bruk.

Familielandbruket, med personleg eigarskap til jorda, bidreg til livskraftige lokalsamfunn og meir livskraftige distrikt. Senterpartiet vil vidareføra odelslova og grunnlovsvernet den har, oppretthalda konsesjonslova med personleg buplikt og vidareføra priskontroll av eigedomar, og dessutan sikra driveplikt for all matjord og gjeninnføra priskontroll på reine skogeigedomar. Både priskontroll, personleg buplikt og driveplikt skal handhevast.

Senterpartiet vil ha ein berekraftig bruk av jordbruksressursane i landet, og vil derfor arbeida for å styrka arbeidsdelinga i norsk jordbruk og leggja til rette for optimal utnytting av dei enkelte areala. Dette, som kallast «kanaliseringspolitikken for landbruket», inneber målretta bruk av dei økonomiske verkemidla og tiltak som gjev levande produksjonsmiljø i alle delar av landet. Ein føresetnad er at landbruket har eit godt og likeverdig tilbod over heile landet innan service, infrastruktur og tilgang til investeringskapital.

Landbruket er avhengig av at naturen er i økologisk balanse. Næringa er avhengig av å minimera belastninga på natur og miljø. Skog i vekst tar opp CO₂. Aktiv skogskjøtsel, med hogst, planting, gjødsling og ungskogpleie bidreg til ein betydeleg klimagevinst. Tilgang til utmark med gode og samanhengande beiteareal er ein viktig føresetnad for norsk husdyrproduksjon. Utmarksbeite er viktig for at Noreg skal oppretthalda mattryggleiken og ta vare på biologisk mangfald. Beitemark er òg viktige karbonlager. Eit ope kulturlandskap er ein viktig føresetnad for eit attraktivt reiseliv.

Den som eig dyr skal sikra gode forhold for dyra. Senterpartiet vil oppretthalda og utvikla eit godt og strengt regelverk for dyrevelferd, basert på kunnskap om behovet til dyra. Mattilsynet må ha tilstrekkelege ressursar til å driva god rådgjeving, hyppig kontroll og ha eit målretta samarbeid med produksjonsnæringane, og dessutan ha fokus på ein tilsvarande høg standard hos kjæledyra. Antibiotika skal ikkje nyttast til førebyggjande bruk.

Senterpartiet vil utvikla Veterinærinstituttet vidare. For beredskapen i heile Noreg er det viktig å sikra nærleiken mellom landbruket og beredskapen for både folk og dyr. Den neste pandemien kan i større grad involvere produksjon-, vill- eller husdyr og det er viktig med tett samarbeid mellom Folkehelseinstituttet, Mattilsynet, Veterinærinstituttet og lokale helsetenester gjennom Verdens Helseorganisasjon si «Ei helse» tilnærming. Mattryggleik, bekjemping av zoonosar og antibiotikaresistens vil berre verta viktigare i framtida.

Importvernet for jordbruksvarer er avgjerande for å ha ein norsk jordbruksvaremarknad. For å utvikla norsk matproduksjon, og sikra norske bønder ei inntektsutvikling på linje med andre grupper, må importvernet styrkast. Nye handelsavtalar som svekker importvernet og rammevilkåra for den nasjonale landbruksproduksjonen skal ikkje inngåast. Innanfor dagens WTO-avtale må vi utnytta det handlingsrommet som seier at høgaste vernetoll, prosent- eller kronetoll, skal brukast til kvar tid.

For å utvikla eit landbruk i heile landet må marknadsordningane i landbruket haldast oppe. Landbrukssamvirket må få stabile og føreseielege rammevilkår for å sikra inntekta til bøndene. Med ein stadig sterkare maktkonsentrasjon i matvarehandelen er eit sterkt og velfungerande landbrukssamvirke ein føresetnad for å ta vare på posisjonen til bøndene i verdikjeda. Dette vil krevja tiltak som avgrensar moglegheitene matvarekjedene har til å styrka maktposisjonen sin gjennom vertikal integrasjon. Det er viktig å unngå at leverandørane vert svekte gjennom utviklinga av kjedene sine egne merkevarer.

Tilgang på nok og kompetent arbeidskraft er ein grunnleggande føresetnad for ei konkurransekraftig landbruksnæring. Det er spesielt viktig å ta vare på og utvikla utdanningssystemet. Landbruksutdanning må i sterkare grad tilpassast behovet til dei som skal inn i næringa. Tilbod om etterutdanning for dei som er i næringa er òg viktig. Naturbruksskulane må styrkast.

Avløysartilskotet skal vera eit velferdsgode som gjev bonden moglegheit til å ta ut ferie og fritid, på lik linje med andre yrkesgrupper. Gode velferdsordningar med riktig formål er grunnleggande for rekruttering, menneskeverd, velferd for bonden og dyrevelferd. Avløysartilskotet må følgja lønsutviklinga i samfunnet.

Produksjon og næringsverksemd basert på ressursane i landbruket er viktig for å oppretthalda den lokale sysselsetjinga og befolkningsgrunnlaget. Senterpartiet meiner at koplinga mellom landbrukspolitikk og distriktpolitikk må vidareførast og styrkast.

Andelslandbruk finst i heile landet og bidreg til kunnskap og interesse for jordbruk, matproduksjon og kosthald. Senterpartiet vil leggja til rette for at det vert tilgjengeleg for fleire. Urbant landbruk bidreg til berekraftig byutvikling, er eit supplement til det tradisjonelle landbruket og gjev barn og vaksne i byen eit sterkare forhold til kvar maten kjem frå.

Senterpartiet vil:

- Styrka importvernet for å utvikla norsk jordbruksproduksjon. Noreg må søka samarbeid med andre land for å auka handlingsrommet i inngåtte handelsavtalar.
- Styrka tollvernet på produkt det er naturlege føresetnader for å produsera i Noreg. På denne måten kan meir av inntekta til bonden takast ut i marknaden og budsjettoverføringar målretta betre for å nå resten av måla i landbrukspolitikken, slik som utjamning mellom produksjonar, bruksstorleik og distrikt.
- Jobba for betre opphavsmerking og produktinformasjon på matvarer.
- Sikra ein velfungerande marknads- og produksjonsregulering og sikra rolla til samvirket som marknadsregulator og avtakar av norske råvarer frå heile landet.
- Arbeida for at framtidige WTO-avtaler og andre handelsavtalar må ta vare på retten til eigen matproduksjon.
- Bevara prisutjamningsordninga for mjølk for å sikra at mjølkeprodusentar får lik pris uavhengig av kvar mjølka vert produsert og kva ho skal brukast til.
- Arbeida for at norsk landbruk òg i framtida skal ha dyrevelferd i verdstoppen basert på kunnskap om behovet til dyra.
- Avgrensa makta til daglegvarekjedene, styrka stillinga til råvareprodusentane i varekjeda og avgrensa tilgangen matkjedene har til vertikal integrering i matmarknaden.
- Sikra effektiv innføring av lov om god handelsskikk, med eit uavhengig tilsyn. Vi vil innføra konkrete tiltak for å sikra auka konkurranse på distribusjonsleddet og styrka kontrollen med EMV.
- Fjerna dei konkurransepolitiske verkemidla i prisutjamningsordninga for mjølk.
- Oppretthalda forbodet mot førebyggjande bruk av antibiotika og vekstfremjande middel i dyrefôr.
- At råvareprisane aukast. Løyvinga over statsbudsjettet må brukast målretta til dei jordbrukspolitiske mål som marknadsprisane ikkje greier å oppfylla.
- Sørja for inntektsauke for små og mellomstore bruk for å sikra busetjing i heile landet.

- Styrka norsk matproduksjon basert på eige ressursgrunnlag slik at sjølvforsyningsgrada, korrigert for importerte fôrråvarer, kan aukast.
- Auka produksjonen av fôrmidlar som grunnlag for husdyrproduksjonen med mål om å redusera fôrimporten. Fiskemjøl må igjen kunna brukast som proteinkjelde i husdyrfôr.
- Dekka etterspørselen etter økologiske jordbruksvarer gjennom norsk produksjon.
- Føra ein restriktiv politikk for import av husdyr, kjæledyr og plantar for å bevare den gode dyre- og plantehelsa i Noreg.
- Satsa meir på planteproduksjon av grønsaker, frukt og bær for å styrka norsk sjølvforsyning.
- At forbruksvekst av grønsaker, frukt og bær bør dekkast av norske varer, på same måte som etterspørsel av ferdigmat og vegetarmat bør dekkast av norske produkt.
- Auka norsk kornproduksjon og betre kornøkonomien.
- Gjeninnføra beredskapslagring av korn gjennom styrkt gardslagring og styrka nasjonal silokapasitet.
- Auka midlane til landbruksforskning og rusta opp utdanningstilbodet i biologiske fag innanfor høgskule og universitetsutdanning i landbruk.
- Innføra eit statleg nydyrkingstilskot.
- Auka tilskot til grøfting.
- Sikra at pelsdyrbønder som er vorte pålagt å leggja ned drifta får full kompensasjon for tap og utgifter knytt til omstilling.
- Innføra lineær høgare avskrivingssats for både driftsbygningar og husdyrbygningar.
- Auka tilskota til omstilling frå båsfjøs til lausdrift for å gjera overgangen til lausdrift enklare, særleg for små- og mellomstore bruk.
- Arbeida for betre støtteordningar ved langvarig sjukdom innanfor jordbruket.
- Stø opp under arbeid for at den psykiske helsa til bonden skal varetakast gjennom støtteordningar.
- Styrka veterinærtilbodet med meir middel til den kommunale vakttenesta og veterinære reiser, gjennom geografisk differensierte tilskot.
- Sørga for at erstatningsordningar for avlingsskadar i landbruket vert tilpassa klimaendringane.
- Sørga for auka middel i Innovasjon Norge for å kunna gje tilstrekkeleg støtte til utbygging på små og mellomstore bruk.
- Sikra at beitemark er i bruk og stimulera til auka beiting som eit verkemiddel for vern av kulturlandskap, setring og biologisk mangfald. Beitetilskot, setertilskot og husdyrtilskot må aukast.
- Ta vare på ressursgrunnlaget til næringa gjennom større skattlegging på hjortevilt, villsvin og vert gås.
- Ta vare på det bynære landbruket.
- Arbeida for at delen av norskprodusert mat vert auka i offentleg verksemd.
- Støtta regionale matfestivalar som ein viktig omdømme- og salsarena for lokal matproduksjon og sysselsetjing.
- Styrka satsinga på Inn på tunet-tiltak.
- Gjera det enklare for produsentane å selja varer direkte til forbrukar.
- At Staten skal ønska at næringa skal få gjennomført tiltaka i klimaavtalen til jordbruket, gjennom å sikra finansiering av tiltaka i avtalen og utan at det betyr nedskalering i jordbrukssektoren. Dette skal koma i tillegg til den ordinære jordbruksavtalen.

Samferdsle: **FRAMTIDSRETTA, NORSK INFRASTRUKTUR**

Infrastruktur som veg, jernbane, hamn, ferjer, flyplassar, breiband og mobilnett bind landet saman og er ein uunnverleg del av kvardagslivet for folk og bedrifter. Det er ei grunnleggande målsetjing å satsa på samferdsletiltak slik at Noreg får sikker, effektiv og miljøvenleg infrastruktur.

Hovudmålet er å sikra transport- og kommunikasjonstilbodet på ein måte som forenkler kvardagen til folk i heile landet og aukar lønsemda og jamnar ut konkurransevilkåra for næringslivet gjennom å redusera avstandsulemper. Auka vedlikehald og bygging av ny infrastruktur er nødvendige tiltak for å auka sysselsetjinga i alle delar av Noreg.

Utbygging og vedlikehald av vegar, jernbane, hamner og flyplassar er eit offentleg ansvar, der staten må ta det største finansielle ansvaret. Utbygginga av breiband og mobiltelefoni er ein del av den grunnleggande infrastrukturen i eit moderne samfunn, og må prioriterast.

Senterpartiet meiner at både Statens vegvesen og Nye Veier AS vil spela ei viktig rolle i bygging av veg dei neste åra. Dei to aktørane må i større grad behandlast likt og få like vilkår. Statens vegvesen og fylkeskommunane må sikrast meir langsiktig finansiering for å kunna bygga effektivt og samanhengande. Nye Veiers styringsmodell og mandat må reviderast for å sikra ei betre prioritering og samfunnsmessig styring.

Mange stadar utgjør fare for ras ein trussel mot tryggleiken til dei som er på vegen. I tillegg fører ras og snøskred til stengde vegar, noko som gjev lite føreseielegheit for næringsliv og lokalbefolkning. Klimaendringane fører til fleire skred og ras. Senterpartiet meiner det må vera ei prioritert oppgåve å sikra vegane mot ras og skred. Ny teknologi gjev nye moglegheiter for betre trygging knytt til varsling av ras. Det gjev moglegheiter for å bruka lokalkunnskap i skredførebygging, og gjev meir tryggleik for pengane.

Senterpartiet vil ha ein integrert, offentleg jernbanesektor i Noreg.

Effektiv gjennomføring og kortast mogleg byggeperiode for store veg- og baneprosjekt krev ei meir føreseieleg finansiering utover årlege budsjettløyvingar. Senterpartiet går inn for kontraktstrategiar i samferdslesektoren som gjer det praktisk mogleg for mindre, lokale, norske leverandørar i alle delar av landet å delta i anbodskonkurransar. Staten må saman med mellom anna bygg- og anleggsbransjen utvikla modellar for dette.

Veg, bil, sykkel og gange

Det meste av trafikken vil òg i framtida gå på vegnettet. Opprusting av dei gjennomgåande stamvegane nord-sør og aust-vest skal prioriterast høgt. Vi vil i tillegg redusera flaskehalsar på riks-, fylkes- og kommunevegar. Senterpartiet vil utarbeida nye vurderingskriterium for kva som er formålstenleg vegstandard på nye og gamle anlegg.

Fylke og kommunar har stort ansvar på transportområdet, men dei statlege overføringane står ikkje i forhold til oppgåvene. Ferjestrekningar er ein del av vegnettet, og ferje- og båtfylka må

kompenserast for ekstrakostnaden ved å innføra løysingar med null- og lågutslepp. Senterpartiet vil oppretta eit vedlikehaldsprogram for fylkesvegnettet for å redusera vedlikehaldsetterslepet betydeleg.

Høg bompengebelasting og kostnader til ferje og hurtigbåt rammar skeivt, både sosialt og geografisk. Ferjedrifta frå fylkeskommunane er underfinansiert gjennom dagens inntektssystem og prisane for å ta ferje har etter kvart vorte særst høg enkelte stadar. Senterpartiet vil setja fylkeskommunane i stand til å redusera ferjeprisane, og gjennomgå riksregulativet for ferjer med mål om å redusera prisane. Senterpartiet meiner at den samla bompengebelastinga er vorte for høg og må reduserast.

For at folk i alle aldrar skal kunna ferdast trygt langs vegane på sykkel og til fots, er det viktig å styrka satsinga på gang- og sykkelveggar. Det kan bidra til færre ulykker, mindre bilkøyring, betre miljø og folkehelse. Regelverket må verta meir fleksibelt slik at ein tar omsyn til lokale forhold ved bygging av gang- og sykkelveg. Det viktigaste er å ferdast trygt.

Senterpartiet vil:

- Satsa kraftig på å redusera vedlikehaldsetterslepet på riks- og fylkesveggar.
- Gjennomføre eit særleg fylkesvegløft der staten bidreg med ekstra middel. Det må i forkant gjennomførast ein heilskapleg behovsanalyse for fylkesvegnettet slik det er gjennomført på riksvegnettet.
- Styrka satsinga på rassikring på riks- og fylkesveggar. Etablera ein forpliktande plan som del av Nasjonal transportplan som sikrar at strekningane med høgast skredfaktor vert rassikra.
- Styrka og vidareutvikla ferjeavløysingsordninga på fylkesveggar.
- Innføra ei ordning med gratis ferje og hurtigbåt for samfunn utan vegsamband til fastlandet og vurderer å gjera alle ferjesamband med under 100 000 passasjerar årleg gratis.
- Halvera ferje- og hurtigbåtprisane, etter eit botnfrådrag, for alle ferjesamband med 100 000 eller fleire passasjerar årleg.
- Innføra ein årleg nasjonal maksimalpris for pendlarar som er avhengige av ferje- og hurtigbåttilbodet.
- Sørga for at staten tar meirkostnaden ved klimaomstilling av hurtigbåt- og ferjetrafikken i fylka.
- Intensivera arbeidet med å bygga ut infrastrukturen for nullutsleppskøyretøy. Det må byggast fleire energistasjonar i alle delar av landet for å møta behova til dei nye miljøvenlege transportmidla.
- Fjerna den statlege godkjenningssordninga for bompengeprojekt på fylkesvegprojekt.
- At staten overtar garantiansvaret for eksisterande og komande bompengeprojekt på riksveggar.
- Legga trafikktryggleik til grunn i all samferdslepolitikk og kjempe for nullvisjonen: Null drap og hardt skadde i trafikken.
- Prioritera vidare utbygging av gang- og sykkelvegnettet i heile landet, både langs innfartsårene til byar og tettstadar og strøk med belastande biltrafikk.
- Tilpassa standard på gang- og sykkelveggar til lokal trafikk.
- Sikra fylkeskommunane sine økonomiske moglegheiter til å oppfylle tunnelsikkerheitsforskrifta for å gje tryggare og betre tunnelar i heile landet.
- Auka satsinga på nasjonale turistveggar, sykkelruter og vandringsleiar.
- Sikra at Statens vegvesen har tilstrekkeleg ressursar til å gjennomføra utekontrollar langs vegane.
- Redusera tal moglege kabotasjeoppdrag frå tre til to.
- Innføra førehandsbetaling eller andre garantiløysingar som sikrar at alle utanlandske vogntog betalar bompengar.
- Innføra eit obligatorisk kurs på same nivå som for norske sjåførar for å meistra norske vinterveggar og setja strengare standardar for vinterutrustinga til bilane.
- Legga betre til rette for langtransportssjåførar gjennom etablering av betre rasteplassar.

Kollektivtilbod: (by)bane, buss, båt og taxi

Senterpartiet vil ha eit godt utbygd kollektivnett i heile landet, som gjer det enkelt og rimeleg både å reisa til og frå jobb og skule og å reisa raskt og klimasmart mellom landsdelar. Senterpartiet vil skapa eit attraktivt og moderne togtilbod for passasjerar og gods og arbeidar ut frå ei langsiktig målsetjing om at toget skal kunna konkurrera med fly og veggåande trafikk om å vera eit attraktivt transporttilbod mellom dei store byane, landsdelane og til utlandet.

Jernbanestrekningane må rustast opp slik at dei på sikt kan knyta regionane saman i eit klimavenleg, driftssikkert og raskare togtilbod. For å styrka godstrafikken og regulariteten i persontrafikken vil Senterpartiet arbeida for å bygga fleire kryssingsspor og nye signalsystem. Vi vil òg halda vedlike banestrekningane slik at regulariteten på jernbanenettet kan verta betre.

Langs strekningar som ikkje har togtilbod, vil Senterpartiet stimulera til attraktive bussruter. Langs innfartsårene til byane våre skal kollektivtrafikken utviklast. Ei effektiv satsing føreset at pris og frekvens på rutetilbodet vert kombinert med regularitet og komfort. I byområda vil utbygging av infrastruktur for trikk, bane og buss vera avgjerande for å gje eit godt reisetilbod og følgja opp klima- og miljømål. Staten må bidra til nokre store prosjekt som det er urealistisk for kommunar og fylkeskommunar å gjennomføra åleine.

Ferjer og hurtigbåtar er mange stadar ein uunnverleg del av samferdslenettet. Senterpartiet går inn for fornying av ferje- og hurtigbåtflåten for å imøtekoma krav til klimatilpassing og universell utforming. Dette skal skje i samarbeid med norsk industri og sikra omstilling langs kysten.

Drosjenæringa er den fleksible delen av kollektivtrafikken i Noreg og har ein samfunnskritisk funksjon. Drosjetilbodet skal vera velregulert og sikkert for brukarane, og dei næringsdrivande skal ha gode utviklingsvilkår. Dette krev at staten tar offensive grep for å underlegga nye tenester dei same reguleringane som drosjenæringa har, slik at det vert like konkurransevilkår. Det er viktig å styra løyvepolitikken, slik at bilflåten i drosjenæringa vert utnytta betre og føreseielegheita vert sikra.

Senterpartiet vil:

- Sikra sterk statleg styring av den norske jernbane, slik at staten får gode moglegheiter til å vidareutvikla både tilbod og infrastruktur.
- At Noreg seier nei til EU-direktivet om jernbanepakke 4.¹⁰
- Stoppa konkurranseutsetjinga og reversera oppsplittinga av jernbanen i Noreg.
- Setja i gang planlegging av jernbaneinfrastrukturen i framtida i og ut av Nord-Noreg, for ei realisering av utbygging av jernbanenettet i Nord-Noreg.
- Styrka nattogtilbodet gjennom fleire soveplassar og sovekupear.
- Betre nattogtilbodet mellom dei største byane i Noreg og Nord-Europa.
- Sikra at tog vert meir attraktivt for arbeids- og fritidsreiser gjennom å leggja opp til gode arbeidsstasjonar og ikkje minst eit stabilt internett og mobilnett langs heile jernbanenettet.
- Bygga ut sykkelparkering ved kollektivknutepunkt.
- Bygga fleire pendlarparkeringar rundt regionsentera, slik at bilpendlarar kan veksla over til jernbane eller buss på eit naturleg knutepunkt. Føresetnaden er at det vert tatt omsyn til jordvern.
- Introdusera ei ordning for rimeleg langtidsparkering ved kollektivknutepunkt.
- Sikra fylkeskommunane finansiering for ordningar med fleksibel og brukartilpassa bestillingstransport.
- At alle ungdom i heile landet skal ha eit trygt alternativ for å koma seg heim, anten via ordinær kollektiv transport eller bestillingstransport, etter modell frå “heim for 50” og liknande ordningar.
- Innføra eit rimeleg, nasjonalt månadskort for kollektivtransport for born og unge under 25 år og studentar fram til fylte 30 år

¹⁰ EUs fjerde jernbanepakke er ei samling med lovgeving frå 2016 utforma for å fullføre den indre marknaden for jernbanetenester og –produkt i Europa. Pakken fokuserer på innanlands persontransport

- Styrka TT-ordninga.¹¹
- Oppretthalde Kystruta Bergen–Kirkenes som eit reelt transporttilbod med daglege avgangar. Det må sikrast at inngått anbudsavtale kan haldast.
- Sikra framleis døgnberedskap på drosjer i heile landet.
- Sikra offentleg støtte til ekspressbussar på langrutar der buss ikkje konkurrerer med jernbane.
- Greia ut eit nasjonalt billettsystem for kollektivtrafikk.
- Revidera lovgjevinga som regulerer drosjenæringa for å sikra innbyggjarane over heile landet gode drosjetenester, og sikra drosjenæringa sømelege løns- og arbeidsvilkår.

Luftfart

I store delar av landet er folk og næringsliv avhengige av eit godt flytilbod for å koma seg fram. Kortbanenettet er avgjerande for busetjing og verdiskaping i heile landet. Senterpartiet vil leggja til rette for eit styrkt flytilbod på kortbanenettet. Det er eit mål å få ned utsleppa frå luftfarten ved å stimulera til bruk av dei mest miljøvenlege fly- og drivstofftypane. Det må koma ytterlegare statlege verkemiddel som driv fram ein meir miljøvenleg luftfart.

Senterpartiet vil oppretthalda eksisterande lufthamner og finansieringa av desse gjennom flyplassavgifter/kryss-subsidiering, og meiner Avinor som hovudregel skal driva lufthamnene.

Senterpartiet vil:

- Sikra drift og utvikling av flyplassane i kortbanenettet.
- Styrka rutetilbodet til flyplassar i distrikta, halda fast ved ordninga med statlege rutekjøp i luftfarten og greia ut ei utviding av ordninga.
- Førebu lufthamnene på elektrifisering.
- Sikra betre rammevilkår for dei regionale flyplassane som ikkje er ein del av Avinor-systemet.
- Vidareutvikla biodrivstoffsatsinga som Avinor har starta.
- Endra oppdraget til Avinor slik at målet vert eit godt flytilbod i heile landet i staden for vekst i flytrafikken.
- Sørge for at planane om ein tredje rullebane på Gardermoen vert skrinlagt.
- Bidra til at norsk luftfart baserer seg på verksemder som har ordna løns- og arbeidsforhold og der fridomen til fagorganisering og krav til sikkerheit vert respekterte.

Hamner og farleier

Noreg sitt nett av farleier og hamner må utnyttast til fulle, spesielt i næringsssamanheng. Senterpartiet vil at staten skal bidra til hamneutvikling og vedlikehald av hamner og farleier.

Senterpartiet vil leggja til rette for å flytta meir av godstransporten frå land til sjø. Dette er ein viktig del av omlegginga til ein meir miljøvenleg samferdslesektor.

Senterpartiet vil leggja til rette for hamneutbygging i nord for å møte dei moglegheitene ei framtidig opning av Den nordlege sjørute vil gje. Staten skal framleis medfinansiere kommunale fiskeri- og tømmerhamner.

Senterpartiet vil:

- Styrka innsatsen for at alle hamner skal tilby straum innan 2030 og greia ut påkoplingsplikt.
- Sørge for rask utbygging av Stad skipstunnel.
- Bruka kraftigare verkemiddel for å få meir gods over frå veg til sjø.
- Arbeida for forpliktande utsleppsreduksjonar i kystflåten og internasjonal skipsfart.
- Flytta ansvaret for fiskerihamnene frå fylkeskommunane til staten og henta inn vedlikehaldsetterslepet.

¹¹ TT-ordninga står for «Tilrettelagt transport for menneske med nedsett funksjonsevne»

Digitalisering

Digitale løysingar vert stadig viktigare innanfor dei fleste samfunnsområde. Ny teknologi og auka digitalisering gjev nye og spennande moglegheiter, men det fører òg med seg nye dilemma og utfordringar som krev nye politiske løysingar.

Samfunnet utviklar seg gjennom teknologiske endringar og nye måtar å samhandla på, noko delingsøkonomien er eit døme på. Senterpartiet er opptatt av at slike endringar skjer på ein måte som skapar betre tilbod, gjev fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping. Vi ønsker òg at ny teknologi skal bidra til at vi reduserer klimautslepp og at fleire kan velja miljøvenlege løysingar.

Auka omstillingstakt og ny teknologi krev større tilgang på ny kompetanse gjennom heile livet. Dette krev at vi aktivt arbeider for at det ikkje skal oppstå nye skilje mellom folk, både når det gjeld alder og når det gjeld geografi. Vi må akseptera at nokon av dei eldste ikkje kjem til å verta digitale og i ein periode laga særordningar for dei, og vi må sørge for at alle dei yngre – uansett kvar dei bur – får vera med på dei digitale endringane. Dette krev full dekning av høghastigheitsbreiband i heile landet.

Offentleg sektor gjennomgår ei rekke endringar som følge av digitalisering. Senterpartiet vil stå i front for å skapa moderne og effektive offentlege tenester gjennom digitalisering, utan å mista nærleiken til innbygarane. Digitalisering vil òg vera eit verkemiddel for å behalda spreidd busetjing og arbeidsplassar i heile landet.

Senterpartiet ønsker at offentlege sektor skal vera leiande på digitalisering gjennom auka innovasjon, god samhandling, brukarvenlege løysingar og samanhengande digitale tenester. Det er viktig at det vert lagt til rette for at ulike forvaltingsnivå har digitale løysingar som har høg grad av saumlaus integrasjon. Digitale løysingar er viktig for å frigjera ressursar frå administrasjon som kan brukast på betre tenester. Staten må samarbeida tett med leverandørar og med kommunal sektor for å leggja til rette for større grad av standardisering av offentlege IKT-løysingar.

Med auka bruk av internett vert krava til personvernet endå viktigare. Senterpartiet vil auka medvitnet til næringslivet og innbygarane om personvern og datasikkerheit. Det totale risiko- og sårbarheitsbiletet i Noreg er vorte meir kompleks og auka grad av digitalisering medfører større tryggingmessige utfordringar og utfordrar personvernet for den enkelte.

Når samfunnet etablerer fleire kritiske digitale løysingar, er det avgjerande at den digitale infrastrukturen vert godt sikra. Både nettangrep, tekniske feil og naturkatastrofar kan føra til omfattande feil, nedetid i kritiske løysingar og isolasjon av lokalsamfunn.

I ei tid der informasjonsstraumen er større enn nokon gong tidlegare og ein stor del av produksjon og deling av informasjon skjer på sosiale medium, vert kritisk tenking og kjeldekritikk stadig viktigare. Feilinformasjon er ei stor utfordring for den informerte meningsutvekslinga som er grunnleggande for kvart demokrati, og må møtast med aktive mottiltak.

Barn og unge er flinke til å ta i bruk alle moglegheitene som internett og mobiltelefon gjev dei. Det er samtidig viktig at vi legg til rette for at barn og unge har kunnskap og haldningar som gjer nettkvardagen så trygg som mogleg.

Senterpartiet vil:

- Arbeida for å fremja praktiseringa av nettnøytralitet, for å sikra lik behandling av alle aktørar.
- Sikra prinsippet om nettnøytralitet, både nasjonalt og internasjonalt.
- Styrka arbeidet for at dei som ikkje har digital kompetanse i dag, får moglegheit til å læra.

- Hindra at sensitive data kan verta misbrukt gjennom å motarbeida avgjerder i handelsavtalar om «fri flyt av data» over landegrensene.
- Sikra at offentlege digitale løysingar i Noreg òg støttar samiske bokstavar og tastatur.
- Sikra framdrift i arbeidet med å digitalisera materiale i offentlege og private arkiv.
- Forsterka digitaliseringa i offentleg sektor og vidareutvikla sentrale digitale register og felleskomponentar som Matrikkelen, Folkeregisteret, Enhetsregisteret og Altinn.
- Ha eitt enkelt digitalt kontaktpunkt der alle offentlege økonomiske og rettslege krav er samla, både for privatpersonar, organisasjonar og verksemder.
- Gje barn og unge ein sikker digital kvardag.
- Styrka det førebyggjande arbeidet for å forhindra overgrep på nett.
- Styrka fokus på internett som del av arbeidet med ungdom og psykisk helse.
- Gje eit godt tilbod til ungdom som vert mobba eller utsett for uønskt deling på nett, mellom anna ved å styrka slettmeg.no.
- Styrka arbeidet og ha betre koordinering for oppfølging av id-tjuveri.

Digital allemannsrett

Gode elektroniske kommunikasjonsmoglegheiter er avgjerande for at stadar skal vera attraktive for næringslivet, innbyggjarane og fritidsbebuarane i ei verda med aukande digitalisering.

Det er viktig at alle har moglegheit til å delta i digitaliseringa, som effektiviserer og forenkler liva våre og skapar nye moglegheiter i næringsliv og arbeidsliv. Senterpartiet meiner det er eit statleg ansvar at alle i Noreg – både menneske og bedrifter – har tilgang til høghastigheitsbreiband. Derfor vil Senterpartiet at det vert bygd ut høghastigheitsbreiband til alle hus og leilegheiter med fastbuande, til alle bedrifter, og til alle innan offentleg verksemd.

Det er viktig å få til eit godt samarbeid mellom industri, styresmakter og fagrørsle om digitalisering. Ny teknologi forandrar måten næringslivet og det offentlege arbeider på og måten innbyggjarane samspekar med det offentlege. Kommunal sektor er avhengig av å lykkast med digitalisering. Andre tenestoområde som ligg til rette for digitalisering er transport, driftsinnsparing innanfor energi, eigedomsforvaltning og renovasjon.

Senterpartiet går inn for ei statleg støtteordning til investeringar for å leggja fiberkablur til utlandet. Dette vil bety mykje for datasenterindustrien i Noreg og sikra norsk beredskap.

Senterpartiet vil:

- Sikra heile befolkninga i landet tilgang til raskt breiband (minimum 100 Mbit/s symmetrisk breibandkapasitet) og innføra offentleg leveringsplikt for breiband i dei områda der det ikkje er grunnlag for kommersiell utbygging.
- Gje fylkeskommunane hovudansvaret for å sikra full breibanddekning, med sterk statleg finansiering for å nå måla.
- Satsa på ei kraftig utbygging av mobildekninga i heile landet og sikra mobildekning langs hovudferdselsårene både på land og sjø.
- Innføra tilskotsordning for utbygging av godt mobilnett der kommersielle aktørar ikkje stiller opp.
- At det vert etablert klare nasjonale sikkerheitsreglar og kontrollrutinar for utkontraktering/outsourcing av norske datatenester.
- Oppretta ei statleg refusjonsordning som sikrar at fylke og kommunar som har lagt ut for bygging av breiband og fiber kan få dekt utgiftene sine.

Post

Senterpartiet støttar eit system som garanterer effektiv postgang for folk og næringsliv i heile landet. Systemet med nasjonal einingsporto må sikrast for å utjamna avstandsulemper. Det er viktig å verna

om distribusjonsløyningar som sikrar avisombering laurdag. Samtidig bør landpostbodordninga styrkast gjennom samordning av fleire tenester innan distribusjon og varelevering.

Senterpartiet vil:

- Sikra lik brevporto i heile landet.
- Gjeninnføra Posten sitt monopol på brev under 50 g.
- Forbetra landpostbodordninga, mellom anna gjennom samordning av fleire tenester innan distribusjon og varelevering.
- Sikra effektive ordningar som gjer at laboratorieprøver kan verta sende og mottatt også laurdagar i alle delar av landet og styrka ordningane som gjer at aviser kan distribuerast alle kvardagar, inkludert laurdag.
- Sikra føreseielege rammer for postombering til dei som ikkje bur i nærleikane av posttenester eller post i butikk.

Natur og miljø: **BEREKRAFTIG OG ANSVARLEG FORVALTING**

Langsiktig og ansvarleg forvaltning er grunnprinsippet i Senterpartiet sin miljøpolitikk. I vår forvaltartenking har mennesket eit ansvar for å ta vare på naturen og miljøet. Vekst er ikkje å forbruka meir, men å forvalta betre. Framtida til mennesket er avhengig av at produksjonsevna og mangfaldet til naturen vert opprettheldt. Forureining og klimaendringar skader miljøet og gjev store utfordringar for ei berekraftig miljøforvaltning. Vi må gå frå ein *lineærøkonomi* med bruk-og-kast til ein *sirkulærøkonomi* basert på tanken om at ressursar i minst mogleg grad skal gå tapt.

Senterpartiet står i ein tradisjon som meiner at ressursane nyttast best gjennom berekraftig bruk. Vi kan ikkje berre «freda oss fram» til ei berekraftig utvikling – vi må ha fornuftig bruk av naturen. Folkeleg deltaking og engasjement er ein av berebjelkane i miljøpolitikken vår.

Den utstrekte private eigedomsretten i Noreg er eit sentralt samfunnsgode. Eit breitt lag av eigarar som haustar ressursane lokalt og har dette som levebrødet sitt, gjev den beste, mest effektive og mest langsiktige forvaltninga av naturressursane. «Vern gjennom bruk» gjev det beste vernet.

Vern og biologisk mangfald

Utrydding av dyre- og planteartar forårsakar uopprettelege skadar og set matvaresikkerheita i verda i fare. Biologisk mangfald og sårbare økosystem må sikrast gjennom ein kombinasjon av eit godt nasjonalt regelverk og god og langsiktig lokal forvaltning. Gode forvaltartradisjonar gjev som regel eit betre og meir langsiktig vern enn det meir formaliserte vernet.

Mykje av det biologiske mangfaldet i Noreg er avhengig av menneskeleg bruk. Om lag 1/3 av dei norske artane som er utryddingstrua, høyrer heime i kulturlandskap – særleg i beiteområde og slåttemark. Derfor er framleis bruk av norsk natur til matproduksjon viktig for å oppretthalda naturmangfaldet og sikra leveområde for pollinerande insekt. Det er særleg viktig å oppretthalde aktiv beiting, også i marginale strøk der det er vanskeleg å få lønsemd i ordinær drift. Tilskot til beiting kan vera heilt avgjerande for å oppretthalde kulturlandskap og artsmangfald.

I enkelte tilfelle er vern av naturtypar og dyre- eller planteartar nødvendig. Vern er likevel eit *middel* for å bevare naturen, ikkje eit *mål* i seg sjølv. Frivillig skogvern er den mest effektive og minst konfliktskapande ordninga på dette feltet. Senterpartiet er motstandar av eit prosentmål for verna skog i Noreg.

Skogvern etter naturmangfaldslova inneber at skogen vert tatt ut av produksjon. For at dette skal vera riktig, må verneformålet definerast klart. Det må skje på grunnlag av strengt vitskapelege kriterium. Det vitskapelege verneformålet må følgjast opp så lenge vernet består. Vern av sjeldne artar og naturtypar må skje gjennom ei klar prioritering for å sikra at det vi vernar, kan følgjast opp gjennom langsiktig verneforvaltning.

Senterpartiet vil vidareutvikla og styrka dagens modell med regional og lokal forvaltning. I område der vern er aktuelt, må verneprosessane føregå slik at lokalbefolkninga og grunneigarane får reell

innverknad. Alt vern skal vera forankra i opne prosessar som sikrar rettane til lokalsamfunn. Verneformålet må definerast tydeleg ved kvart vern etter naturmangfaldslova. Korleis verneområdet kan brukast må vera klarlagt når verna vedtakast slik at det er føreseieleg for lokalbefolkninga.

Grunneigarar, lokalsamfunn, kommunar og regionar som er berørt av strengt vern og tar på seg ansvar for å bevare naturen på vegne av heile samfunnet må kompensast for dette. Senterpartiet vil ta i bruk tiltak som skiping av næringsfond og målretta tilrettelegging for næringsliv som kompensasjon for vern.

I byane våre er ofte naturverdiar under press frå utbyggarinteresser. Konsekvensen er at grønne lungar forsvinn, landbruksjord vert bygd ned, strandsona vert bygd ut, kulturmiljø forringast osv. Senterpartiet arbeider for gode og varierte bymiljø der natur-, miljø- og kulturverdiar vert godt forvalta til det beste for innbyggjarane. Det er viktig å sikra friområde for fellesskapet og ta vare på dei lokale verdiane og særpreget til områda.

Senterpartiet vil:

- Sikra at lokale interesser vert vektlagt i tilfelle der vern av naturområde vert vurderte.
- At frivillig vern skal vera førande i skogvernet. Frivillig skogvern må ikkje føra til ulemper for naboeigedomar som ikkje er ein del av vernet.
- Sikra grunneigarar og rettshavarar full økonomisk kompensasjon ved etablering av verneområde.
- Bruka fjellova til å sikra lokal medverknad i forvaltinga av statsallmenningane, vidareføra og styrka fjellstyreordninga i Sør-Noreg og leggja fjellova til grunn for forvaltinga av grunnen til staten i Nordland og Troms.
- Oppretta og styrka tilskotsordningar for å sikra biologisk mangfald i kulturlandskapet i landbruket.
- Sikra full erstatning ved ekspropriasjon av areal.
- Setja i gang evaluering av verneforskrifta for eldre verneområde dersom kommunen verneområdet ligg i, ber om det.
- Legga til rette for gode levevilkår for villreinstammene i Noreg.
- Hindre at svartelista artar kjem inn i Noreg, og setja inn tiltak mot dei svartelisteartene som allereie finst. Det må leggest ein plan for utrydding av villsvin i Noreg.
- Vera restriktiv når det gjeld genmodifiserte organismar og leggja føre-var-prinsippet til grunn for godkjenning.
- Intensivera innsatsen med å førebygga og rydde opp i forureina jord, sjø og sjøbotn. Nye teknologiar for å få dette til, må støttast.
- Gje tilskot til opning av bekkeløp som er viktige gytebekker for sjøaure og laks

Sirkulærøkonomi og forsøpling

Målet med sirkulærøkonomi er å utnytta ressursane i planeten på best mogleg måte for å sørga for berekraft og verdiskaping på lang sikt. Dette inneber produksjon av varer med lang levetid og med minst mogleg bruk av ikkje-fornybare ressursar, og dessutan reparasjon, gjenbruk, gjenvinning og dermed kraftig reduksjon av avfall.

Marin forsøpling er både eit lokalt og eit globalt problem. Plast og anna avfall vert transportert med havstraumane over verdshava. Det er nødvendig med eit breitt spekter av tiltak frå haldningsendring og forbrukaransvar til samarbeid mellom nasjonar for å få bukt med dette problemet.

Senterpartiet vil:

- Satsa særleg på sirkulærøkonomi og ha ambisiøse målsetjingar for reparasjon, gjenbruk og gjenvinning på alle område.
- Greia ut nye insentivordningar for reparasjon, gjenbruk og gjenvinning, herunder redusert mva-sats og etablerartilskot
- Styrka arbeidet mot marin forsøpling både nasjonalt og internasjonalt.

- Innføra tiltak for å stoppa plast på avvege, og stoppa tilførsel av plast til vassdrag og havet.
- Utvida og forsterka produsentansvarsordninga for avfall.
- Styrka produsentansvaret for utstyr som vert brukt i fiskeri- og havbruksnæringa og sørga for at fiskarar som leverer inn avfall ikkje må dekkja kostnadene ved dette.
- At kystflåten skal kunna returnera all søppel dei får i trål/nót gratis på land.
- Gjera det gratis for private eller organisasjonar som gjennomfører t.d. strandrydding, å levera inn avfall frå havet og strendene.
- Gje kommunane lovheimel til å ilegga gebyr i forsøplingssaker.
- Gje kommunane høve til å belasta kostnadar til handtering av såkalla herrelaust avfall sjølvkostområdet i renovasjonsordninga.
- Ta initiativ til ei utgreiing om pantesamarbeid i Norden.
- Erstatte grunnavgifta på emballasje med ei insentivavgift basert på materialbruk som vert gradert etter ikkjefornybart innhald og at det vert forhandla fram ein bransjeavtale om dette.
- Styrka Tolletatens og moglegheita politiet ha til å stansa eksport av elektrisk og elektronisk avfall.
- Redusera matsvinn til eit minimum ved tiltak som femnar både produsent, daglegvarekjedene og forbrukarane.

Friluftsliv

Senterpartiet vil at flest mogleg skal ha moglegheit til friluftsliv. Uteaktivitetar skapar trivsel, god folkehelse og ei betre forståing for naturen. Det er særleg viktig at barn og unge så tidleg som mogleg får ta del i friluftaktivitetar. Tilgang til nære rekreasjonsområde er viktig for å sikra lett tilgang til friluftslivet, særleg for barn og unge i tette bustadområde.

Utmarksareal er ein del av produksjonsgrunnlaget i bygdene. Eigedomsretten til grunneigarane og forvaltaransvar skal ligga fast. Der staten, fylka eller kommunane er grunneigar, må lokalsamfunnet ha førsteretten til bruk og på ein rimeleg måte vert sikra små- og storviltjakt og fiske. Friluftsløva må sikra allmenta rett til fri ferdsel i utmark og høve til å plukka nyttevekstar som sopp og bær. Det skal vera fri ferdsel i strandsona innanfor dei rammene som friluftsløva set. Organisert kommersiell verksemd på ein annan sin grunn er ikkje ein del av allemannsretten.

Statsallmenningane er viktige friluftsområde for betydelege befolkningsgrupper. Statsallmenningane har òg tilbod til andre enn jegerar og fiskarar, og den tilrettelegging som vert gjort av fjellstyra kjem mange grupper innanfor friluftslivet til gode. Tydinga av fjellstyra si forvaltning av områda for folkehelse og friluftsliv kan og bør verdsetjast.

Senterpartiet vil:

- Verna om allemannsretten og styrka det haldningsskapande arbeidet om korleis ein skal ferdast i naturen.
- Verna om jakt, fangst, fiske og sanking som ein viktig del av norsk kulturarv.
- Støtta frivillige aktørar og grunneigarar som legg til rette for friluftsliv, merking av turløyper og stiar, og dessutan informasjons- og forvaltningstiltak knytt til naturbruk og kulturarv.
- Legga til rette for god tilkomst/gode parkeringsmoglegheiter knytt til friluftsområde og arbeida for betre tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.
- Laga ein nasjonal strategi for utvikling av grønne lungar, friluftsområde, kolonihagar, skulehagar og landbruk i folketette område.
- Fortsetja arbeidet med offentleg støtte til sikring og oppkjøp av populære friluftsområde der dette aukar allmenta sin tilgang. Offentlege friområde må i større grad oppgraderast og verta tilgjengelege for alle.
- Sikra grunneigarane og rettshavarane sine interesser opp mot det organiserte og kommersialiserte friluftslivet.

Rovvilt

Den todelte målsetjinga for norsk rovdyrpolitikk inneber at ein skal avvega omsynet til rovvilt opp mot omsynet til beitenæringane og det biologiske mangfaldet som er avhengig av beiting. Dette skjer ikkje i dag. Erfaringar viser at rovviltforlika ikkje følgast opp i praksis. Rettspraksis frå saker der beitenæringane har vunne fram vert heller ikkje følgd opp av forvaltinga. Alt dette skapar uro og konflikhtar rundt norsk rovviltpolitikk. Senterpartiet ønsker ei strengare forvalting av norske rovviltbestandar av omsyn til utmarksnæringar og lokalbefolkning i store delar av Noreg.

Senterpartiet vil oppretthalda utstrekt beitebruk og anna utmarksbruk i heile landet. Dagens forvaltingsregime i beiteområda legg for mykje vekt på dokumentasjon av skadar og søk etter drepne beitedyr. Søkelyset må vridast mot uttak av skadevaldar. Dyreeigar må ha full erstatning og berre fråtrekk for historisk normaltap frå før rovviltet gjorde seg gjeldande. Skal dette verta verkelegheit må rovviltpolitikken endrast og byggja på prinsippa om klare bestandsmål, lokal forvalting, effektive uttak og full erstatning for rovdyrskadar.

Utmarka vert brukt til mykje meir enn beiting. Rovviltpolitikken må tilpassast tryggleiken til lokalbefolkninga, friluftsliv og lange jakt-, fangst- og sanketradisjonar i utmarka. Jaktinteressene som vert berørt av rovviltforvaltinga er betydelege. Desse er i dag særleg ramma innanfor ulvesona.

Det overordna omsynet er å ta vare på den norske arbeidsmarknaden og vårt eige behov for sysselsetjing. Dei viktigaste verkemidla våre er fagorganisering, trepartssamarbeid og regulert arbeidsinnvandring for å sørge for at norske løns- og arbeidsvilkår gjeld i Noreg.

Norske styresmakter må til ei kvar tid ha oversyn over kven som oppheld seg i Noreg, kven som har lovleg opphald, kven som har arbeidsløyve og kva arbeidsgjevar dei har.

Arbeidslivskriminalitet undergrev levevilkåra for seriøse bedrifter og forverrar arbeidsforholda for arbeidstakarar i delar av det norske arbeidslivet. Styresmakter må motarbeida dette langt med langt sterkare verkemiddel enn det som vert brukt i dag. Senterpartiet vil styrka arbeidet til styresmaktene for å avdekka og forhindra arbeidslivskriminalitet i samarbeid med arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane.

¹³ Mange nye bedrifter er bygd på ei teknologisk løysing i form av ein app (kort for applikasjon, eit miniprogram berekna for mobile einingar). Døme er transporttenesta Uber eller Foodora, som har spesialisert seg på å bringe bestilt restaurantmat heim til folk.

Senterpartiet meiner at bygg- og anleggsbransjen må ha ei ordning med éin type HMS-kort for alle sjølvstendig næringsdrivande og lønstakarar der alle vert registrert i ein sentral, offentleg database. Dette vil gje offentlege kontrollorgan høve til å kopla informasjon til andre offentlege register og bidra til å avdekka regel- og tariffstridige forhold.

Arbeidslivet må gje ordna forhold og ha plass til alle med heil eller delvis arbeidsevne. Senterpartiet støttar tiltak som gjer det lettare å kombinera arbeid med pensjon og andre velferdsytningar. Det er spesielt viktig å satsa på lønstilskot til bedrifter som tilset folk med delvis arbeidsevne. For mange er trygg arbeidsplass i skjerma verksemd det beste, og slike tiltaksplassar er å vurdera som arbeid.

Avtalen om inkluderande arbeidsliv må vera meir forpliktande for alle partar i arbeidslivet – både i privat og offentleg sektor. Det er viktig å styrka samarbeidet om sterkare tiltak for å inkludera grupper der mange slit med å koma seg inn i fast arbeid, som personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarakar.

Senterpartiet vil styrka lovverk som støyr opp under faste tilsetjingar og ein heiltidskultur i arbeidslivet. Det gjev tryggare forhold for dei tilsette, betre moglegheiter for fagleg utvikling og meir langsiktigheit for bedriftseigar.

Dagens arbeidsmiljølov gjev moglegheit for at tilsette i bemanningsbyrå erstattar ordinære, faste stillingar. Senterpartiet vil skjerpa regelverket slik at bemanningsbyrå berre vert nytta når det er snakk om reelle vikariat, korttidsengasjement eller spesialiserte funksjonar der ordinære faste stillingar er vanskelege å oppretta. Senterpartiet vil arbeida for ytterlegare innskjerpingar og kontroll knytt til bygg- og anleggsbransjen.

Senterpartiet vil styrka arbeidsmiljølova som vernelov og sikra at norske lover, forskrifter og tariffavtalar skal vera overordna EU/EØS-reglar på arbeidslivsfeltet. Berre gjennom nye og tydelegare lovreglar vil partane i arbeidslivet og styresmaktene ha reiskap som gjer det mogleg å nå målet om eit velorganisert arbeidsliv – og dermed Sikra retten til familieliv og fritid.

Ny teknologi legg forholda til rette for ein meir fleksibel arbeidskvardag for mange. Tilbodsstyrt utbygging av fiber til alle husstandar i Noreg gjev gode tilhøve for desentralisering av arbeidsplassar og høve for å arbeida effektivt frå andre stadar enn sjølve arbeidsplassen. Det bør vera eit mål for partane i arbeidslivet å stimulera til gode, individuelle ordningar for fleksibilitet i arbeidsdagen og dermed minska pendlarbelastninga. Men det er òg viktig at desse ordningane sikrar at arbeidslivet er ryddig, slik at ikkje retten arbeidstakarane har til fritid vert svekt.

Senterpartiet vil:

- Vidareutvikla den norske arbeidslivmodellen mellom partane i arbeidslivet og styresmaktene, kjenneteikna ved maktfordeling basert på medverknad, medbestemming og medansvar.
- Arbeida for å auka delen fagorganiserte gjennom mellom anna å auka skattefrådraget for fagforeiningskontingent.
- Arbeida for eit likelønsløft som bidreg til å tetta lønsgapet mellom typiske kvinne- og mannsyrke. Lik løn for likeverdige arbeid er eit viktig mål.
- Verna om frontfagsmodellen¹⁴ som basis for lønsforhandlingane.
- Sørga for at norsk arbeidslivslovgjeving, norske tariffavtalar og ILO-konvensjonar implementert av Noreg, skal ha forrang føre EU-retten.
- Gjeninnføra kollektiv søksmålsrett.

¹⁴ Modellen bygger på prinsippet om at lønsvæksta i Noreg må tilpassast kva konkurranseutsett sektor over tid kan leve med. Derfor gjennomførast forhandlingar om dei såkalla frontfaga først, dvs. avtaleområde med stort innslag av konkurranseutsette verksemdar

- Fjerna den generelle tilgangen til mellombelse tilsetjingar.
- Verna hovudregelen som seier at offentleg sektor skal tilby heile og faste stillingar. Partane i arbeidslivet må forbetra turnusordningane slik at omfanget av små deltidsstillingar vert redusert kraftig, spesielt i kommunal sektor. Fleksibiliteten til kommunane når det gjeld turnusordningar må varetakast.
- Halda spørsmål om helse, miljø og trygging (HMS) på norsk sokkel under nasjonal kontroll og styring.
- Arbeida for regulert arbeidsinnvandring til Noreg.
- Ta i bruk sikkerheitsklausulen i EØS-avtalen (art. 112) dersom fri flyt av arbeidskraft i EØS truar den norske arbeidsmarknaden.
- Arbeida for eit godt regulert arbeidsliv utan sosial dumping. Arbeidstilsynet, NAV, politiet, Skatteetaten, UDI og Petroleumstilsynet må ha tilstrekkelege ressursar til å følgja opp kampen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.
- Støtta kommunale og fylkeskommunale initiativ som kjempar mot svart arbeid og sosial dumping ved innkjøp og anskaffingar.
- Innskrenka moglegheita for tilsettkontraktar utan løn mellom oppdrag og mellombelse tilsetjingar.
- Gå mot lovfesta minsteløn, men sikra allmenngjering av lønsavgjerdene i tariffavtalar som har eit lågare lønsnivå enn 80 % av gjennomsnittleg industriarbeidarløn.
- Arbeida mot all diskriminering i arbeidslivet.
- Legga til rette for ein heiltidskultur i arbeidslivet. Alle dei som ønsker det, bør dersom mogleg få tilbod om heiltidsstilling.
- Sikra fulle pensjonsrettar frå første krone.
- Styrka varslarvernet i arbeidslivet.
- Fasa ut særaldersgrenser med unntak for yrkesgrupper som er heilt avhengig av fysisk styrke i arbeidskvardagen.
- Arbeida for ei omorganisering av Arbeidstilsynet med geografiske ansvarsområde som skal sikra fleire inspektørar til umelde og stadlege tilsyn.
- Bidra til at statstilsette som har høve til det, kan jobba desentralisert. Praktiske ordningar må avtalast med arbeidsgjevar.

Velferd

Senterpartiet vil at samfunnet skal ha eit sterkt tryggingnett i form av velferdsytingar for dei som treng det permanent, eller i fasar av livet. Vi vil slå ring om viktige velferdsytingar som sjukeløn, alderspensjon og uføretrygd.

Skal velferdstenestene gje tryggleik når vi treng dei, må vi sørge for at dei er økonomisk berekraftige over tid. Derfor er det i vår felles interesse å sørge for at delen av befolkninga som treng ytingar, vert halden på eit lågast mogleg nivå. Når ei gruppe får ein rett, får ei anna gruppe plikt til å oppfylla denne retten. I praksis består denne plikta ofte i å betala meir skatt for å finansiera nye eller betre velferdsordningar. Fordi alle må betala skatt, meiner Senterpartiet det er riktig og viktig at alle òg får tilgang til velferdsgoda. Derfor bør universelle velferdsordningar vera hovudregelen.

Velferdsytingane må vera utforma på ein slik måte at dei bygger opp under arbeidslinja. Vi støttar måla i pensjonsreforma, som stimulerer til arbeid og samtidig gjev valfridom når det gjeld tidspunkt for å gå av med pensjon. Derfor vil Senterpartiet mellom anna endra samordningslova.

Delen nordmenn som lever på uføretrygd aukar, og kostnadene for samfunnet på dette feltet er urovekkande høge både på kort og lang sikt. Det gjev særleg grunn til uro at talet unge uføre stig kraftig. Hovudregelen skal vera at uføre med restarbeidsevne heilt eller delvis skal kunna venda tilbake til arbeidslivet. Dette krev tilrettelegging. Det er særleg viktig med tiltak som følgjer opp unge med psykiske lidningar.

Senterpartiet støttar uførereforma som gjev meir fleksibilitet for dei som har restarbeidsevne. Det er eit hovudprinsipp for opprettholdinga av arbeidslinja at ingen skal kunna motta meir i velferdsytingar enn det dei kunna ha rekna med å tena som lønsmottakarar. Unntaket frå dette er uføretrygda med omsorg for fleire barn som får behovsprøvd barnetillegg.

Senterpartiet vil flytta meir mynde og fleire ressursar til lokale NAV-kontor. Alle vedtak om mellombelse ytingar og eventuelle forlengingar av desse skal gjerast av NAV lokalt. NAV-kontor skal ha opningstider som gjer dei tilgjengelege for innbyggjarane. Dette inneberer at NAV sine publikumsmottak skal utvidast. Overgang til digitale kontaktflater er positiv for ein del grupper, men digitaliseringa av NAV må ikkje føra til at dei mest utsette gruppene av sosialhjelpsmottakarar ikkje får den hjelpa dei har krav på.

Senterpartiet vil forsterka områdesatsingane¹⁵ for å betre jamna ut skilnadar og særleg målrette dei mot å førebygga utanforskap og fattigdom blant barn og unge.

Senterpartiet vil:

- Vidareføra sjukelønsordninga på dagens nivå og forbetra ho for sjølvstendig næringsdrivande.
- Gjera avtalen om inkluderande arbeidsliv meir forpliktande for alle partar i arbeidslivet. Både privat og offentleg sektor må forplikta seg til å få fleire med nedsett arbeidsevne inn i arbeidslivet.
- Utvida omfanget av ordningar med varige og mellombelse lønstilskot til arbeidsgjevar.
- Gjeninnføra moglegheita for å gje støtte til arbeidsretta tiltak til unge ned til 15 år, slik at dei som droppar ut av skulen kan koma i aktivitet.
- Greia ut moglegheita for at personar med alvorlege diagnosar som er under aktiv behandling, får nødvendig fleksibilitet når det gjeld lengda og graderinga til sjukemeldinga, betre moglegheit for arbeidsnærver og økonomisk sikkerheit i behandlingsperioden ut over eitt år.
- Vidareføra aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar under 30 år, kombinert med ein aktivitetsrett for mottakaren. Kommunane må få statstilskot til å organisera denne aktiviteten.
- Prøve ut aktivitetsplikt òg for aldersgrupper over 30 år som mottar kommunal sosialstønad. Det er rettferdig at plikta og retten til aktivitet etter kvart kan koma alle til gode.
- Som hovudregel fjerna moglegheita til å verta varig uføretrygda for dei som er under 30 år, med unntak for enkelte diagnosar.
- Sikra at det skal vera eit økonomisk trygt val å jobba i kombinasjon med uføretrygd for å gjera overgang til arbeidslivet enklare.
- Styrka samanhengen mellom plikter og rettar i dei mellombelse ytingane, eksempelvis AAP og sjukepengar, for å sikra brei oppslutning om velferdsordningane som skal bidra til meir jambyrdige økonomiske forhold for folk som ikkje har vanleg arbeidsinntekt.
- Sørge for eit desentralisert NAV med kompetanse, tenester og auka avgjerdsmynde på det enkelte lokalkontoret. Regelverket må opna for fornuftige, lokale tilpassingar.
- Sikra at Nav vert organisert slik at den enkelte kommunen kan ha eige Nav-kontor.
- Flytta avgjerdsmynda rundt fleire av dei mellombelse ytingane til førstelinja i dei lokale Nav-kontora.
- Sørge for eit meir fleksibelt NAV-regelverk og betre samhandling mellom NAV, kommunar og fylkeskommunar for å hindra at brukarar fell mellom fleire stolar.
- Endra anbudspraksisen i NAV slik at også mindre tiltaksarrangørar kan levera tilbod. Langsiktige avtalar med tiltaksarrangørar er å føretrekka for å sikra stabilitet for brukarane.
- Sikra rammevilkåra for dei kommunalt eigde og ideelle attføringsbedriftene og unngå anbudsregime som sentraliserer og bygger ned viktige tilbod for tiltaksdeltakarane.
- Sikra at NAV-kontora er tilgjengelege gjennom tilstrekkeleg opningstid.

¹⁵ Områdesatsing er eit verkemiddel for å bidra til betre levekår i byområde med store levekårsutfordringar. Ei områdesatsing er eit samarbeid mellom stat og kommune som ser fleire verkemiddel i samheng og bidreg til meir effektiv bruk av statlege og kommunale midlar

- Gje NAV eit tydeleg mandat og tilstrekkeleg med ressursar til å følgja opp personar på uføretrygd som ønsker å koma inn på arbeidsmarknaden.
- Endra samordningslova slik at offentleg tenestepensjon ikkje vert redusert ved arbeid utover pensjonsalder.
- Gjeninnføra praksisen med at trygdeoppgjera vert lagt fram som eiga sak for Stortinget og gje organisasjonane forhandlingsretten tilbake.
- Endra reguleringsprinsippa for løpande pensjonar frå lønsutvikling til gjennomsnitt av løns- og prisutvikling.
- Oppretthalde systemet med enkjepensjon/etterlatnepensjon.
- Setja av ein eigen pott til betring av minstepensjonane i det årlege trygdeoppgjeret.
- Styrka ordningar og aktivitetar som legg til rette for at unge under 30 som står utanfor arbeidsliv eller utdanning får fullført utdanningsløp.
- Styrka dei noverande områdesatsingane i Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Drammen og innføra nye satsingar fleire stadar med liknande utfordringar.

Bustadpolitikk

Bustad er eit velferdsgode på linje med arbeid, helse og utdanning. Ein trygg og stabil bustadsituasjon er ei nødvendig ramme rundt livet til alle menneske. Tydinga til bustadpolitikken for velferd og utvikling må løftast fram og styrkast. Det er eit mål for Senterpartiet sin bustadpolitikk at det skal vera mogleg for flest mogleg å eiga sin eigen bustad. Velfungerande leigemarknader for dei som i kortare eller lengre periodar er best tent med å leiga bustad, må òg sikrast.

Situasjonen for ungdom som skal inn på bustadmarknaden, er vorte vanskelegare. Senterpartiet meiner at tiltak for å forbetra situasjonen for førstegongsetablerarar må intensiverast. Det er òg ei stor utfordring at mange vanskelegstilte og personar med særlege behov manglar bustadtilbod og at gruppa utan bustad ikkje minkar.

Senterpartiet vil motarbeida ubalansar i bustadmarknaden. Sterkt prispress i enkelte byområde og manglande samsvar mellom byggekostnader og panteverdiar i mange distriktsområde viser behovet for ein politikk som motarbeider sentralisering og sikrar betre balanse i befolkningsutviklinga mellom by og land, til beste for innbyggjarane begge stadar.

Senterpartiet meiner kommunane må bidra til å utvikla ein variert bustadmarknad tilpassa innbyggjarar i ulike livsfasar, skiftande økonomisk situasjon og ulikt funksjonsnivå. Bustadar med livsløpsstandard bør særskilt fremjast. Det er òg viktig at det er ein fungerande leigemarknad utanfor dei mest sentrale strøka. Kommunane må ta ansvar for å regulera eit tilstrekkeleg tal tomter.

Senterpartiet vil òg at det skal verta lettare å utnytta eksisterande bygningsmasse til bustadformål og vil gjera det lettare for kommunane å tillata omregulering der det er formålstenleg. Viss folk skal kunna bu der dei vil, må det òg vera mogleg med spreidd bustadbygging.

Senterpartiet meiner bygging av bustad har vorte unødvendig kostbart. For å bidra til reduserte kostnader i byggebransjen vil vi gjennomgå plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter med mål om enklare plan- og søknadsprosessar og rimelegare bygg. Vi vil vurdere geografisk differensierte tekniske forskrifter tilpassa lokalt klima.

Senterpartiet meiner at universell utforming er eit viktig prinsipp som sørger for at bustad og uteområde skal kunna brukast av alle menneske. Spesielt er det viktig at nybygde bustadar bidreg til at eldre og personar med nedsett funksjonsevne kan leva fullverdige liv i eigen heim så lenge som mogleg.

Senterpartiet vil:

- Styrka dei bustadpolitiske verkemidla i Husbanken, slik at kommunane vert best mogleg i stand til å gjennomføra ein aktiv bustadpolitikk tilpassa lokale behov.
- Gjeninnføra Husbanken sine midlar til stadsutvikling i kommunane.
- At Husbanken skal gje gunstige lån til bygging av utleigebustadar.
- Forenkla plan- og bygningslova slik at planprosessane går raskare og færre byggetiltak vert søknadspliktige.
- Forbetra førstegongsetablerarane sin situasjon på bustadmarknaden gjennom styrking av BSU-ordninga¹⁶. Ordninga skal vera øyremerkt førstegongsetablerarar.
- Støtta leige-til-eige-modellar i bustadmarknaden.
- Styrka dei av Husbanken sine verkemiddel som bidreg til at fleire vanskelegstilte kan eiga eigen bustad.
- Styrka dei bustadsosiale verkemidla og sikra kommunane økonomiske rammar til å gje oppfølging til personar som har vanskar med å ha ein stabil bustadsituasjon.
- Styrka bustadstøtteordninga for barnefamiljar og andre med låg inntekt, mellom anna ved å vurdere inntektsgrensene.
- Legga til rette for elektronisk saksbehandling av byggesaker i alle kommunar.
- Tilpasse Husbankens ordningar slik at det vert gjeve stønad og lån til utbetring og tilpassing av eksisterande bygningar til bustadformål.
- Verna krava i Teknisk byggeforskrift (TEK) om å vektlegga solforhold i bustadbusetnad slik at alle nye bustadar får tilstrekkeleg sol og dagslys.
- Auka delen bustadar med universell utforming.
- Hindre «hyblifisering» i dei store byane ved å gje styra i sameiga makt til å seia «nei» til oppdeling av leilegheiter til hyblar.
- Styrka startlånsordninga for å hjelpe fleire til eigen bustad.
- Legga til rette for ordningar i Husbanken som stimulerer til oppussing og vedlikehald av kommunale bustadar.
- Endra dagens nasjonale planretningslinjer for å samordna bustad-, areal- og transportplanlegging slik at det vert eit overordna mål at retningslinjene skal legga til rette for vekst og utvikling i heile Noreg, og bidra til ei balansert utvikling mellom bygd og by.

¹⁶ BSU står for Boligsparing for ungdom og er ei gunstig spareordning for dei som er under 34 år

Helse og omsorg: **FØREBYGGING** **FRAMFOR REPARASJON**

Målet med Senterpartiets helse- og velferdspolitik er å skapa helsefremjande samfunn, førebygga sjukdom og jamna ut geografiske og sosiale helseskilnader. Alle skal sikrast tilgang til nødvendige helse- og velferdstenester, uavhengig av sosial, kulturell, språkleg og geografisk tilhøyrse.

Senterpartiet vil ha eit sterkt offentleg helsevesen som garanterer likeverdige tenestetilbod i heile landet og som hindrar ei todeling av helsetenesta. Helsetenestene våre skal ha kvalitet, vera offentleg finansiert og vi skal ha låge eigenandelar. Marknadstenking og privatisering svekker det offentlege tilbodet og gjev auka sosiale og geografiske skilnader i tilgang på helsetenester. Senterpartiet meiner at anbod, bestillar/utførar-modell og stykkprisfinansiering er lite eigna i helse- og omsorgssektoren. Det bidreg til oppstyking og lite samhandling, fleire kontrollsystem og meir byråkrati.

Senterpartiet vil ha ei samhengande og samarbeidande helseteneste. Styring skal legga til rette for dei viktige møta mellom befolkninga og fagfolka i førstelinja. Senterpartiet vil arbeida for ein ny leiingsmodell i helsesektoren der dei som arbeider nærast pasientane får meir ansvar og tillit. Leiinga må vera lokal og stadleg. Rapportering og byråkratiske arbeidsoppgåver må reduserast.

Frivillige og ideelle tilbydarar innan helse - og omsorgsfeltet må sikrast gode rammevilkår og føreseieleg drift. Dagens anbodssystem bør avviklast til fordel for langsiktige avtalar basert på kvalitet. Senterpartiet vil arbeida for at det ideelle innslaget i helse- og omsorgssektoren skal auka – på bekostning av privat kommersiell sektor som aukar i dag.

Senterpartiet meiner det må satsast på modellar med auka grunnbemanning og heile stillingar som tiltak for å styrka rekrutteringa og få ned sjukefråværet innan helsesektoren. Personorientert omsorg må få eit større fokus i heile helsetenesta.

Det er behov for ei klårare prioritering av folkehelse og førebygging. Senterpartiet vil på alle område ha ei tydelegare avgrensing av kva tilbod det offentlege skal og ikkje skal ha ansvar for. Undersøkingar og behandlingar som ikkje gjev helsegevinst, kan ikkje vera eit offentleg ansvar. Prioritering i helsevesenet må skje i openheit.

Spesialisthelsetenesta har vorte effektivisert og pasientansvar overført til kommunane utan at dette er finansiert. Denne utviklinga har gått ut over pasienttilbodet. Utviklinga må snuast. Velferdsteknologi må takast i bruk etter gode faglege vurderingar i helse- og omsorgssektoren, og verta ein naturleg, integrert del av tenestene. Innføringa må vera behovsstyrt og ikkje tilbodsstyrt.

Folkehelse: Førebygging og helsefremjing

God folkehelse løner seg. Det påverkar alle samfunnsområde. Alle må ha like moglegheiter til å ta vare på si eiga helse. Derfor må vi prioritera helsefremjande tiltak på alle samfunnsområde. Senterpartiet vil gjera folkehelse til ein naturleg del av samfunnsplanlegginga der folk bur og møtast. Kommunar må få sterkare insentiv til å førebygge framfor å reparere.

Vi har aukande sosiale helseskilnader i Noreg, noko som gjer at sjukdom og leveutsikter følgjer skilje i utdanning og inntekt. Helsetilstand er eit fellesskapsansvar som krev politisk vilje til å ta i bruk strukturelle verkemiddel på befolkningsnivå.

Noreg har slutta seg til FN's berekraftsmål, der mål nummer tre er å «sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder». Dette fordrar reduksjon i livsstilssjukdomar, reduksjon i smittsame sjukdomar og god handtering av pandemiutbrot og antibiotikaresistens.

Usunt kosthald er ei helseutfordring. Senterpartiet vil arbeida for auka bruk av godkjent sunnheitsmerking av matvarer, og reguleringar som sikrar redusert salt- og sukkerinnhald i matvarer.

Senterpartiet vil:

- Ha ei nasjonal satsing på auka fysisk aktivitet.
- Gje frivillig sektor og idretten ei viktigare rolle i gjennomføringa av folkehelseiltak.
- Etablera ei tilskotsordning for å sikra fleire frisklivssentraler i kommunane.
- Styrka tilbodet til dei som har utfordringar med overvekt og fedme.
- Støtta tiltak for å få ned talet uønskte graviditetar, som seksualitetsundervisning, tilgang til prevensjon ved behov og kunnskap om fertilitet, kropp og om å setje grenser.
- Styrka samarbeidet mellom helsestyresmaktene og daglegvarebransjen for å leggja til rette for eit sunnare kosthald.
- Auka forskning på kvinnesjukdomar gjennom auka forskingsmiddel

Kommunehelsetenesta

God omsorg oppstår i møtet mellom menneske og har følgjer for dei som treng og får hjelp, pårørande og tilsette. For å oppnå god omsorg for innbyggjarane er det avgjerande med ein god kommuneøkonomi som sikrar eit godt tilbod av tenester og menneskelege ressursar gjennom dyktige leiarar og tilsette.

Det skal setjast tydelegare krav til samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunesektoren. Det må stimulerast økonomisk til oppretting av fleire distriktmedisinske senter og intermediære avdelingar, gjerne i regionalt samarbeid mellom kommunar. Pasientbehandlinga i framtida krev nedbygging av skotta mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Fastlegeordninga fungerer ikkje slik ho skal, verken for legane eller for pasientane. Mange kommunar slit med å få nok fastlegar, og legane sjølv bruker unødvendig mykje tid på administrasjon og byråkrati. Mange distriktkommunar slit derfor òg med legevakttenesta. Senterpartiet vil prioritera tiltak som både stabiliserer og rekrutterer til fastlegeordninga, og vil forenkla ordninga slik at ho verta meir attraktiv for legane.

Alle som treng det, må få tilbod om rehabilitering etter sjukdom. Rehabilitering aukar livskvaliteten og bidreg til at pasientar raskare vert sjølvhjelpne og eventuelt òg kan koma tilbake til arbeidslivet. Menneske med nedsett funksjonsevne må få eit godt habiliteringstilbod slik at dei kan leva mest mogleg sjølvstendig og ha eit godt liv. Samhandlingsreforma har gjeve kommunane eit tydelegare ansvar for førebygging, kvardagsrehabilitering og opptrening av pasientar som er utskrivne frå sjukehus. På same måte har dei ansvar for habiliteringstilbodet. Men dei økonomiske meirkostnadene for dette vert ikkje kommunane kompensert for.

Senterpartiet vil:

- Forbetra samhandlingsreforma for å sikra pasientar tilstrekkeleg helsehjelp i kommunane.

- Styrka fastlegeordninga slik at heile landet sikrast rekruttering og stabil legedekning. Listelengda og legevaktbelastninga må reduserast, basistilskotet må aukast og ordninga med allmennlege i spesialisering (ALIS) må gjerast nasjonal.
- Sikra legevakttenesta og stoppa sentralisering av tilbodet mellom anna gjennom å innføra ei maksimal reisetid til legevakt.
- At det må stimulerast økonomisk til å oppretta og vidareutvikla kommunale akuttavdelingar.
- Sikra at rusavhengigheit, sal av seksuelle tenester eller andre sårbarheitsfaktorar ikkje må koma i veggen for gode helsetenester.
- Vidareføra ansvaret frå fylkeskommunane for tannhelsetenesta.
- Få all tannbehandling inn under eigenandelstak, og sikra at alle innbyggjarane kan ta vare på tannhelsa si, uavhengig av økonomisk status
- Innføra ei eiga opptrappingsplan som sikrar utvikling og finansiering av eit godt kommunalt arbeidsretta rehabiliterings- og habiliteringstilbod for alle pasientgrupper.
- Styrka omsorgstilbodet ved livets slutt og betre tilbodet om palliativ pleie.
- At Staten dekker ein større del av utgiftene for ressurskrevjande tenester ved til dømes at innslagspunktet for refusjon vert redusert. I tillegg skal Staten dekke ein ytterlegare del til dei kommunane som har ekstraordinært store utgifter for ressurskrevjande tenester.
- Fokusera på førebygging og tidleg innsats både når det gjeld fysisk og psykisk helse.
- Styrka helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Helse- og omsorgstenester til eldre

Eldreomsorga skal gje tryggleik, bistand og omsorg. Ho må organiserast slik at eldre er trygg på god hjelp uavhengig av eigen situasjon eller om dei har ressurssterke pårørande. Alle skal behandlast med utgangspunkt i eigne føresetnader, inkludert språk og kultur. Eldreomsorga må vera behovsstyrt og eit kommunalt ansvar som vert finansiert over kommunale budsjett. Oppgåvene må løysast i samarbeid med den enkelte, pårørande, frivillige og ideelle aktørar.

Eldre er ein viktig ressurs for samfunnet og mange har god helse og er aktive deltakarar i samfunnslivet. Eldre skal ha høve til sjølv å forma liva sine, bruke evnene sine, følgja opp interessene sine og ha innverknad i samfunnet. Vi må leggja til rette for at restarbeidsevna den enkelte har, kan takast i bruk.

Eldre må få bu i eigen bustad lengst mogleg dersom dei kan og vil. Tilpassingar i eigen bustad for å møte behovet til alderdommen kan vera ei løysing for å kunna bu heime lenger. Samtidig må det offentlege, gjerne i samarbeid med ideelle og frivillige aktørar, også tilby varierte bustadløysingar når livet endrar seg. Senterpartiet meiner at alle kommunar må integrera velferdsteknologi i si eldreomsorg.

Senterpartiet vil ha meir aktivitet og innhald i eldreomsorga og sikra eldre eit omsorgstilbod med meningsfulle dagar og moglegheit til dagleg aktivitet. Det kan vera fysisk aktivitet, men også kulturell og sosial aktivitet. Det trengst òg sterkare satsing på kvardagsrehabilitering.

Senterpartiet meiner all fagutvikling og endringar i måten å styre, organisere og leia eldreomsorga på må føra til betre samhandling. Det er for dårleg samhandling mellom sjukehus og kommunehelsetenesta, og det er for mange forflyttingar og reinnleggingar. Den demografiske utviklinga og fleire eldre som er sjuke krev auka kapasitet, både i heimetenesta, på sjukeheim og i andre tilbod.

Senterpartiet meiner det må satsast på modellar med auka grunnbemanning og heile stillingar som tiltak for å styrka rekruttering og få ned sjukefråvær i eldreomsorga.

Det er viktig at personar med demenssjukdom vert møtt med respekt og verdigheit, får riktig diagnose og behandling. Heilskaplege hjelpetilbod må utformast for den enkelte, slik at pårørande òg får hjelp, både i heimen og når det er behov for oppfølging og avlastning.

Dårleg og mangelfull ernæring senkar kapasiteten til eldre. Eldre på institusjon og omsorgssenter må derfor garanterast gode måltid kvar einaste dag og ernæringsoppfølging tilpassa kvar enkelt person sitt behov.

Senterpartiet vil:

- Utvikla ei behovsstyrt eldreomsorg med tillitsbasert lokal leiing.
- Vidareføra eldreomsorga som eit kommunalt ansvar finansiert over kommunale budsjett.
- Auka støtta heimebuande eldre kan få til tilrettelegging av eigen bustad dersom dei ønsker å fortsetja å bu heime.
- Bygga ut sjukeheims plassar, omsorgsbustadar og tryggleiksbustadar for eldre med statlege investeringstilskot.
- Sikra eit dagaktivitetstilbod for alle med behov for det og stimulera til eit mangfald i tilbodet, gjerne i samarbeid med frivillige lag og foreiningar eller private tilbydarar.
- Ikkje innføra ordning med fritt brukarval i eldreomsorga.
- Bidra til at bebuarar på sjukeheim/omsorgssenter og heimebuande eldre får god og tilstrekkeleg ernæring. Maten bør vera laga lokalt og gjerne basert på lokale ressursar.
- Avvikla bøteleggingsystemet mellom helseføretaka og kommunane for eldre utskrivingsklare pasientar, og i staden bruka desse midla til å bygga opp den kommunale helsetenesta.
- Kompensera kommunane for utgifter til ressurskrevjande tenester òg for brukarar over 67 år.
- Skapa eit meir demensvenleg samfunn ved at kommunale helse- og omsorgstenester i større grad vert bygd og tilrettelagt for personar med demens og deira pårørande.

Ny og moderne pårørandepolitikk

Helse- og omsorgstenesta i Noreg ville ikkje gått rundt utan den frivillige og familiebaserte omsorga. Det trengst ein ny politikk for pårørande for å synleggjera og verdsetja den innsatsen familie, venner, naboar og frivillige yter.

Dei som har eit særleg belastande omsorgsansvar kan få kommunal omsorgsstønad. Det er stort behov for ein meir tydeleg og føreseieleg støtte til pårørande som har omfattande omsorgsoppgåver.

Å få innverknad i avgjerdsprosessar og utforming av eige tenestetilbod er ein del av menneskeverdet. Ei reell moglegheit til medverknad krev at brukarane og pårørande deira får tilstrekkeleg informasjon, rettleiing og opplæring.

Senterpartiet vil:

- Sikra alle pårørande med særleg tyngande omsorgsoppgåver tilbod om ein pårørandeavtale med kommunen. Avtalane må legga til rette for å dekkja behovet til dei pårørande for avlastning, opplæring, fridagar, rettleiing og tiltak for å vareta eiga helse osv.
- Fastsetja ein opptrappingsplan for utbygging av dagaktivitetsplassar og korttidsopphald og slik sikra avlastning og tryggleik for pårørande.
- Forbetra permisjonsmoglegheitene til pårørande i arbeidslivet for å sikra likestilling og betre moglegheiter til å kombinera arbeid og omsorg.
- Sørja for økonomiske rammer som sikrar ei reell styrking av omsorgsstønadsordninga.

Velferdsteknologi og e-helse

Velferdsteknologi kan bidra til at fleire meistrar kvardagen, kjenner tryggleik og kan bu lengre heime. Den enkelte kan få større grad av fridom i eige liv og kommunane kan avlastast. Ved innføring av velferdsteknologi må helse- og omsorgstenestene opplevast like gode og gje same tryggleik som

tradisjonelle tenester. Kommunane må få kompensert ekstra kostnader som kjem ved innføring av velferdsteknologi.

Teknologi opnar for nye arbeidsprosessar og betre involvering av pasientane. Nye digitale tenester er nødvendige for å sikra innbyggjarane betre informasjon og desentraliserte tenester og sikra god informasjonsflyt på tvers av einingar og sektorar innan helse- og omsorgstenesta.

Senterpartiet vil:

- Gjennomføra eit kompetanseløft for velferdsteknologi i alle kommunar
- Vidareføra Nasjonalt velferdsteknologiprogram med målsetjing om at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av helse- og omsorgstenestene innan 2025.
- Basera velferdsteknologi på opne standardar.
- Stimulera til bruk av innovative innkjøp for at kommunar kan samarbeida med lokale og regionale leverandørar ved innkjøp av velferdsteknologi.
- Legga til rette for integrerte og leverandøruavhengige velferdsteknologiske løysingar på tvers av offentleg og privat sektor.
- Sikra innføring av ein pasientjournal som gjev saumlause overgangar mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, der dei nødvendige pasienttryggingssynsna er varetatt.
- Sikra at eldre som ikkje bruker e-post eller internett har moglegheit til å senda og motta informasjon på ein effektiv måte.
- Legga ned E-helsedirektoratet og flytta ressursar til Helsedirektoratet.

Spesialisthelsetenesta

Spesialisthelsetenesta skal yta gode og likeverdige sjukehus tjenester til alle som treng det, når dei treng det, og i tillegg ha ansvar for forskning og undervisning. Noreg skal ha ein desentralisert sjukehusstruktur med både små og store sjukehus. Senterpartiet vil styrka dei offentlege sjukehusa og vil motarbeida sentralisering og privatisering av tilbodet.

Innbyggjarar i Noreg skal sikrast forsvarleg, moderne og trygg sjukehusbehandling når sjukdom rammar. Pasientar ved norske sjukehus skal oppleva eit helsevesen som samarbeidar til pasientens beste, utan unødvendig ventetid. Pasientar skal oppleva god og saumlaus overgang til kommunehelsetenesta ved utskrivning frå sjukehus. Pasientar skal oppleva eit helsevesen som ikkje gjer skilnad, men som gjev same gode helsehjelp uansett bakgrunnen og bustaden til pasienten.

Norske sjukehus må organiserast slik at legar, sjukepleiarar og anna helsepersonell får meir tid til pasientkontakt. Støttepersonell må igjen takast i bruk for å sikra effektive pasientmøte. Ressursane må brukast på pasientane, ikkje på byråkrati og rapportering.

Senterpartiet vil avvikla helseføretaksmodellen og ta sjukehusa tilbake til folkevald styring og offentleg forvaltning. Vi vil vidareføra statleg eigarskap, men overføra dagens regionale ansvar til folkevalde sjukehusstyre, valt av og blant medlemmene i fylkestinget. Desse skal styra innanfor rammene nedfelt av Stortinget i nasjonal helse- og sjukehusplan.

Alle sjukehus må få stadleg leiing. I tillegg må sjukehus ha eit verksemdsstyre, der kommunehelsetenesta og kommunale folkevalde frå opptaksområdet er representert for å sikra god samhandling med kommunehelsetenesta.

Finansiering av sjukehus må legga til rette for behova i sektoren for auka investeringar i bygg og utstyr og sikring av beredskap i heile landet. Senterpartiet vil skilja drift og investeringar i sjukehus slik at det ikkje må kuttast i drift for å få råd til nødvendige investeringar. Sjukehus må finansierast på

same måte som andre velferdsområde som eldreomsorg og skule, altså i hovudsak gjennom rammefinansiering ut frå behov.

Det statlege organet «Beslutningsforum for nye metoder» som består av dei fire direktørane i dei regionale helseføretaka, må erstattast av ein modell for prioritering med større legitimitet og innsyn.

Senterpartiet meiner at norske sjukehus ikkje treng meir konkurranse, men meir samarbeid om pasientane og at bruk av private må regulerast gjennom avtalar som sikrar offentleg styring.

Senterpartiet vil:

- Utvikla og styrka det desentraliserte sjukehusstilbodet i Noreg, og avvisa endringar i sjukehusstrukturen som inneber sentralisering.
- Avvikle føretaksmodellen og innføra ein forvaltingsmodell for folkevald styring av sjukehusa.
- Sørge for at vesentlege endringar i sjukehusstrukturen vert avgjord av Stortinget i ei nasjonal helse- og sjukehusplan.
- Sørge for stadleg leiing på alle sjukehus.
- Sørge for at sjukehus i all hovudsak rammefinansierast, og at innsatsstyrt finansiering ikkje vert vidareført ned på sjukehusnivå eller avdelingsnivå.
- Sørge for at finansiering legg til rette for samanhengande pasientforløp og auka pasientsamarbeid mellom kommunehelseteneste og spesialisthelsetenesta.
- Avvikle fritt behandlingsval. Samarbeidet med private aktørar skal skje gjennom langsiktige avtalar basert på kvalitet og som er utarbeidd slik at det private, ideelle innslaget kan auka.
- Innføra ny finansieringsmodell for sjukehus der ein skilje drifts- og investeringsbudsjett.
- Sikra auka sjukehuskapasitet i Noreg og stoppa nedbygging av døgnplassar.
- Oppretthalde Ullevål sjukehus og hinder at sjukehuset vert selt, og samtidig sørge for at nye Aker sjukehus vert lokalsjukehus for heile Groruddalen.
- Sikra at nye sjukehus vert bygde med tilstrekkeleg kapasitet og sengeplassar.
- Styrka samordninga mellom ulike spesialistfelt slik at den enkelte pasienten får ei meir heilskapleg oppfølging.
- Sikra at det vert utdanna tilstrekkeleg helsepersonell i Noreg – både legar, sjukepleiarar, psykologar, helsefagarbeidarar og andre typar nødvendig helsepersonell.
- Ha ein opptrappingsplan for fleire turnusstillingar (LIS1-stillingar).
- Støtta det aktive informasjonsarbeidet rundt organdonasjon for å bidra til meir kunnskap og at fleire melder seg som donorar.
- Forbetra og forenkla pasientreiseordninga og Sikra forsvarleg drosjetransport for pasientar i regi av helseføretaka.
- Gje pasientar, pårørande og kommunehelsetenesta reell medverknad ved utskrivning frå sjukehus, og ikkje tillata at sjukehus planlegg for ambulansebyte og heimtransport av pasientar til «ukurante tider», som om natta.
- Utvikla gode polikliniske tilbod for ferdigbehandla personar med seinskadar etter behandling, eksempelvis etter kreftbehandling.

Lokalsjukehus og fødetilbod

Lokalsjukehusa er det nære sjukehusstilbodet vårt. Dei er ein grunnmur i helsetenesta og avgjerande for å sikra kvalitet, nærleik og tryggleik.

Senterpartiet vil styrka rolla til lokalsjukehusa i spesialisthelsetenesta og Sikra akuttberedskap og tryggleik i lokalsamfunna. Lokalsjukehus må utviklast gjennom ein nettverksmodell for auka samarbeid og tydeleg oppgåvefordeling mellom store og små sjukehus i regionen.

Tryggleik ved fødsel og eit desentralisert fødetilbod er viktige mål i helsepolitikken. Jordmortilbodet i kommunane er viktig både under graviditet og i samband med fødsel. Kort liggetid på sjukehus etter

fødsel må vera valet til kvinna. Kortare liggetid ved sjukehus etter fødsel må føra til ei sterk satsing på fleire jordmødrer i kommunane. Alle kvinner med behov må tilbydast følgjeteneste av jordmor.

Eit velfungerande ambulansetilbod er ein føresetnad for tryggleiken til innbyggjarane når liv og helse vert trua. Senterpartiet meiner at ambulanseberedskapen særleg må styrkast der det er lange avstandar til sjukehus.

Senterpartiet vil:

- Sikra at lokalsjukehusa som eit minimum skal ha døgnberedskap innan kirurgi, indremedisin, anestesi, røntgen og laboratorietenester, og dessutan fødetilbod.
- Innføra ein nettverksmodell for fagleg utvikling av lokalsjukehusa og auka samarbeid mellom store og små sjukehus.
- Styrka og utvikla lokalmedisinske senter i samarbeid med spesialisthelsetenesta der dette er ei formålstenleg løysing.
- Sikra utdanning av generellkirurgar for å stø opp under behovet for breiddekompetanse på lokalsjukehus.
- Styrka bemanninga ved kvinneklinikkane og sørga for at alle fødande vert sikra jordmor i aktiv fase av fødselen.
- Sikra at helseføretaka har det formelle ansvaret for barselomsorga 1. til 5. dag etter fødsel. Ved tidleg heimreise må helseføretak stå ansvarleg for at mora og den nyfødde får oppfølging av jordmor ved heimkomst.
- Styrka barseltilbod lokalt
- Sikra auka rekruttering av jordmødrer til kommunane og gje alle gravide rett til å gå til jordmor i svangerskapet.
- Innføra tilbod om følgjeteneste for gravide som har meir enn éin times reiseveg til fødestaden.

Psykisk helse

Senterpartiet legg stor vekt på å styrka folks psykiske helse, men mange vil i løpet av livet oppleve psykisk sjukdom og trenga behandling. Desse pasientane må få betre behandling og oppfølging. Dei siste 20 åra er halvparten av sengeplassane innan psykisk helsehjelp forsvunne. Nedbygginga av sengekapasitet har gått for langt. Senterpartiet vil prioritere tilbodet til pasientar med rusproblem og psykiske lidingar. Senterpartiet vil òg arbeida for å sikra riktig bruk av tvang i psykisk helsevern.

Senterpartiet vil:

- Styrka tilbodet om psykisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta og korte ned ventetider, gjennom satsing på desentraliserte polikliniske tilbod.
- Rammefinansiere psykisk helsevern og avslutte bruk av innsatsstyrt finansiering.
- Trappe opp investeringar til psykisk helse slik at auken på dette feltet vert større enn auken innan somatikken.¹⁷
- Stoppe nedbygging av sengeplassar og auka døgnkapasiteten i psykisk helsevern.
- Vidareutvikla dei distriktpsikiatriske sentra (DPS) og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP). Tal sengeplassar ved DPS-ane må aukast.
- Styrka PP-tenesta, den psykososiale tenesta og skulehelsetenesta
- Styrka kommunale helsetenester som gjeld rus og psykisk helse gjennom ein opptrappingsplan. Satsinga må omfatte helsestasjonar, skulehelseteneste og andre kommunale tiltak for betre psykisk helsehjelp.
- Arbeida for at alle kommunar tilbyr lågterskeltiltak til innbyggjarane sine for å førebygga alvorleg psykisk uhelse.

¹⁷ Somatikken er den delen av medisinfaget som omhandlar behandlinga av fysiske sjukdomar

- Etablere fleire Fact-team¹⁸ for å gje samtidige og heilskaplege tenester til menneske med alvorleg psykiske lidingar.
- Sikra samarbeidet mellom barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og skulehelsetenesta og la helsesjukepleiar få direkte tilvisingsrett til BUP.
- Sørge for at nasjonal handlingsplan for førebygging av sjølv mord og sjølvskading verta følgd opp og finansiert. Senterpartiet støttar nullvisjonen i arbeidet med sjølv mordsførebygging.
- Styrka innsatsen med førebygging og behandling av eteforstyrningar.
- Styrka tilbodet til etterlatne og lokale krisetilbod, og intensivera det sjølv mordsforebyggande arbeidet i kjente risikosituasjonar som dramatiske livshendingar og sårbare overgangar i behandlingsforløp.
- Styrka kapasiteten i Samisk nasjonal kompetanseteneste – psykisk helsevern og rus (SANKS).

Alkohol og tobakk

Skadeleg bruk av alkohol og tobakk fører til dårleg helse og er årsaka til mange innleggingar på sjukehus og behandling sinstitusjonar.

Senterpartiet vil føra ein ansvarleg alkoholpolitikk og oppretthalda Vinmonopolordninga som eit viktig alkoholpolitisk verkemiddel. Kommunane må styrka stillinga si som alkoholpolitisk myndigheit. Det skal vera strenge reaksjonar ved alvorlege brot på alkohollova. Vi vil auka oppslutninga om alkoholfrie soner og Sikra auka informasjon om skadeverknadene av alkoholbruk under svangerskapet.

Senterpartiet vil:

- Oppretthalde Vinmonopolets viktige samfunnsrolle og sørge for at det er tilstrekkeleg tal utsalsstadar for at denne funksjonen vert varetatt.
- Behalda aldersgrensene for kjøp av alkohol og tobakk og styrka handhevinga av desse.
- Arbeida for ein nasjonal alkoholpolitisk strategi som sikrar at Noreg når den vedtatte målsetjinga om minst 10 % reduksjon i det skadelege alkoholkonsumet innan 2025.
- Styrka det førebyggande arbeidet for alle grupper, også barn.
- Innføra krav til innhaldsmerking av alkoholholdige drikkevarer.
- At reaksjonar på skjenking til mindreårige og til overstadig rusa personar skal skjerpast og kunna medføre tap av skjenkebevilling for ein periode òg ved hendinga til første gang.
- Styrka behandlingstilbodet for alkoholavhengige.
- Støtta lågterskeltilbod til unge som har rusproblem.
- Arbeida for ein ny tobakksstrategi med meir ambisiøse målsetjingar og konkrete forslag til tiltak for å oppnå ein tobakksfri ungdomsgenerasjon.
- Satse sterkt på røyke- og snuseslutt, høge tobakksavgifter og framleis reklamefrie tobakkspakkar.

Narkotika

Narkotika er eit stort samfunnsproblem som rammer både brukarar, pårørande og lokalsamfunn hardt. Ruslidningar er avhengigheitsjukdomar som treng eit meir heilskapleg og effektivt behandlingstilbod enn i dag. Målet med rusbehandling i Noreg bør framleis vera rusfridom, medan legemiddelassistert rehabilitering (LAR) skal vera eit supplement. All behandling sinnsats innanfor spesialisthelsetenesta må følgjast opp av ettervern og tilbod om bustad, sysselsetjing, skulegang og nettverksbyggande tiltak.

Senterpartiet konstaterer at Noreg er blant dei landa i Europa med lågast narkotikabruk. Men norsk narkotikapolitikk har likevel ikkje nådd måla sine. Senterpartiet vil jobbe for tiltak som har til hensikt

¹⁸ FACT (Flexible Assertive Community Treatment) er ein samhandlingsmodell mellom spesialisthelsetenesta og kommunen, og rettar seg mot personar med alvorlige psykiske lidingar og med store og samansette problem

å hjelpe menneske ut av byrjande narkotikaproblem og tiltak som sikrar alle tyngre brukarar oppfølging og helsehjelp. Rusomsorga må styrkast og tiltak mot overdosar må intensiverast.

Tilgangen på ulovlege narkotiske stoff må reduserast for å hindre nyrekruttering og auka bruk. Innsatsen til tollvesenet og politiet i det narkotikaforebyggande arbeidet må styrkast. For folk med rusliding er det viktig å sjå på korleis samfunnet kan legge til rette for helsehjelp, framfor fengselsopphald. Særleg gjeld dette for ungdom.

Senterpartiet ønsker at det framleis skal vera forbode å ha, bruke og kjøpe narkotika i norsk lovgeving og straffeavgjerdene knytt til dette. Alternative reaksjonsformer, som individuelle oppfølgingsplanar, bekymringsamtalar, ungdoms- og ruskontraktar m.m., skal vera føretrekte reaksjonsformer for ungdom i narkotikasaker som dreier seg om å ha og bruk av små mengder. For at desse alternativa skal fungera og vera forpliktande er dei avhengige av at vi ikkje avkriminaliserer narkotika. Dei alternative reaksjonsformene bør òg brukast overfor unge over 18 år og personar i alle aldersgrupper når det kan vera formålstenleg. Alle under 18 år som vert tatt for å ha eller bruk av narkotika skal kallast inn til samtale med rådgjevar. Ved manglande oppmøte vert det pålagt sanksjonar. Alle i denne gruppa skal òg tilbydast ruskontrakt og oppfølging. Dei som er rusavhengige og har sjukdomsproblem knytt til dette, skal ikkje straffefølgjast, men følgjast tett opp av helsevesenet.

Senterpartiet vil ha ein førebyggings- og behandlingsreform for å hindra auka bruk av narkotika i Noreg og forbetra behandlingstilbodet til rusavhengige. Vi vil legge vekt på å bygge opp ettervernet etter behandling, og setja inn tiltak for å unngå lange ventetider i behandlingsskjeda. Oppfølginga av pårørande må òg styrkast.

Kvalitetsforbetring i helsetenesta

Pasientar skal få rask, trygg og god hjelp når dei treng det. Vi har ei god helse- og omsorgsteneste i Noreg. Likevel skjer det for mange feil og uheldige hendingar i norsk helsevesen. Mange av desse kan førebyggast. Det er viktig å ha openheit om feila som skjer, for å læra og unngå at det skjer igjen. Det er i dag stor underrapportering av feil og uheldige hendingar, særleg frå kommunehelsetenesta. Det trengst systematisk arbeid for ein tryggingskultur i heile helsetenesta. Moglegheitene for å lykkast er størst når dei tilsette får meir tid til og innverknad over tiltaka.

Senterpartiet vil:

- Styrka det nasjonale arbeidet for pasienttrygging og kvalitet for å redusera omfanget av pasientskadar, både i kommunehelsetenesta og på sjukehus.
- Sikra rask og grundig behandling av pasientklagesaker.
- Gjeninnføra meldeordninga (§3-3 i spesialisthelsetenestelova).
- Forplikte sjukehusstyra til å jobba systematisk for ein god tryggingskultur og kvalitetsdrivande arbeid.
- Styrka brukarmedverknaden, særleg frå minoritetsgrupper, for å sikra kvalitetstenester for alle.

Kamp mot antibiotikaresistens

Verdshelseorganisasjonen (WHO) har definert antibiotikaresistens som eit globalt helseproblem. Noreg og Norden har låg førekomst, men utbreiinga av antibiotikaresistente bakteriar er aukande òg i Noreg. Det er bruk og feilbruk av antibiotikum som er den viktigaste drivkrafta bak utviklinga. Senterpartiet vil styrka nasjonal og internasjonal innsats mot antibiotikaresistens.

Senterpartiet vil:

- Stilla krav til sjukehus om å ha fagleg oppdaterte planar og tiltak for å redusera unødvendig bruk av breispektra antibiotika.

- Gjennomføra ei konsekvensutgreiing om spreiging av antibiotikaresistens ved grenseoverskridande verksemd når det gjeld mat og levande dyr.
- Styrka forskings- og utgreiingsarbeid for å stoppa spreinga av antibiotikaresistente bakteriar.
- Innføre eigen reseptklasse med strengare regulering for antibiotikum, etter mønster av ordninga med eigen reseptklasse for vanedannande medisinar.
- Intensivera nasjonalt og internasjonalt arbeid med å finna raskare og betre diagnostika¹⁹, og nye typar antibiotika, i samarbeid med Verdens helseorganisasjon.
- Gje full kompensasjon til eigarar av besetningar med påvist MRSA.

Bioteknologi – etiske dilemma om liv

Bioteknologi og genteknologi opnar for viktige spørsmål som må sjåast i ein etisk og verdimeisig samanheng. Senterpartiet meiner at bioteknologi og genteknologi må møtast med ei haldning om at alle menneske har rett til liv, uavhengig av utviklingsmoglegheiter og evnar.

Lowverket må ivareta dei positive moglegheitene som ligg innanfor feltet, samtidig som det vert sett klare grenser for kva som er etisk, medisinsk og ressursmessig akseptabelt. Senterpartiet vil understreka at det ikkje må vera den tekniske utviklinga åleine som skal vera bestemmende.

I saker om bioteknologi som omhandlar barn, skal barnets beste koma først. Det må leggest vekt på at barn så sant det er mogleg bør få kjennskap til dei biologiske foreldra sine. Med den hurtige utviklinga som skjer innan bioteknologisk forskning, er det viktig at nye problemstillingar og kunnskap vert gjort tilgjengeleg og lagt fram for open debatt.

Vidareføra dagens abortlov med sjølvbestemd abort fram til veke 12. Gjennomgå arbeidsmåten til nemndene, rolle og namn.

Senterpartiet vil:

- Ha ein restriktiv politikk når det gjeld bruk av genteknologi, men opna for unntak når det gjeld diagnostikk og behandling av alvorlege sjukdomar, herunder bruk av eigne stamceller.
- Gå imot bruk av befrukta egg, fostervev og aborterte foster i forskning.
- Lovregulera marknaden for genetisk sjølvtesting for å ivareta personvern, retten til eigne helsedata og helsekonsekvensar ved villeiande testresultat. Genetisk testing av barn utanfor helsetenesta vert ikkje tillaten.
- At surrogati ikkje skal tillast og arbeida for at ingen vert utnytta gjennom surrogattenester i utlandet.
- Ikkje opna for aktiv dødshjelp i Noreg.

¹⁹Diagnostika er legemidler som brukast til å påvise sykdom eller skader, til dømes røntgenkontrastmidler, midler til leverfunksjonsprøver og til undersøking av hormonproduksjonen med mer.

Barn, familie og mangfald: **ULIKE LIV – LIKE MOGLEGHEITER**

Senterpartiet meiner det er ein viktig verdi at det mangfaldet av familiar som finst skal ha tryggleik og rom for å velja ulike måtar å organisera familielivet sitt på. Vi ser no synkande fødselstal òg i Noreg. Senterpartiet meiner ei moderne foreldrepermisjonsordning, løpande barnehageopptak og eit krafttak for sosial utjamning er viktig for å snu denne trenden.

Å sørja for gode oppvekstvilkår for barn er blant dei viktigaste oppgåvene i samfunnet vårt. Senterpartiet har framleis høge ambisjonar for familiepolitikken, i tråd med FN's barnekonvensjon. Senterpartiet sin familiepolitikk skal bidra til å jamna ut sosiale skilnadar, skapa god livskvalitet og gje alle barn rett til ein trygg og god oppvekst.

Kommunane må gjevast økonomi til å sikra gode og trygge oppvekstvilkår. Det gjev gode utviklingsmoglegheiter for alle barn og bidreg til sosial mobilitet og utjamning. Vi må sikra nok og kvalifisert bemanning i skule og barnehagar og satsa på fritidsaktivitetar og trygge møteplassar for barn og unge. Vi foreslår målretta tiltak for å redusera fattigdom, hjelpe barna i utsette familiar, sikra god inkludering i samfunnet og førebygga utanforskap. Styrking av familiekontora og betring av ordninga med heimeassistent for familiar med behov er viktige førebyggjande lågterskeltiltak.

Foreldra har ansvar for omsorg for og oppseding av barn. I tilfelle der foreldra ikkje kan ha dette ansvaret skal samfunnet sikra barna god, stabil og føreseieleg omsorg. Senterpartiet vil førebygga at barn opplever ein kvardag med omsorgssvikt, mobbing, rus eller fattigdom. For å følgja opp dei barna og familiare som på ulike måtar har utfordringar må det vera eit godt tverrfagleg samarbeid.

Barn har rett til samvær med begge foreldra, sjølv om foreldra bur kvar for seg. Foreldra har gjensidig ansvar for at samværsretten vert oppfylt. Dessverre finst det saker der éin av foreldra vert nekta samvær med barna sine.

Barnetrygd, kontanttrygd og foreldrepermisjon

Barnetrygda er eit effektivt tiltak for sosial utjamning. Ho har likevel vorte svekka gjennom mange år. Senterpartiet vil behalda barnetrygda som ei god og universell ordning, og dessutan prisjustera ho. Fruktharheitstala i Noreg går ned. Senterpartiet meiner det må leggest betre til rette for fleirbarnsfamiliar, og at studentar og andre som ikkje er i lønt arbeid får gode økonomiske ordningar ved barnefødsel.

Småbarnsforeldre bør ha valfridom til å bestemma om dei ønsker å vera heime med dei vesle barna sine. Senterpartiet vil vidareføra den målretta kontantstøtteordninga for barn mellom eitt og to år.

Betalt foreldrepermisjon er viktig for å sikra ein god start for livet til barna, og bidra til likestilling mellom foreldra. Ordningar tilpassa ulike livssituasjonar er viktig for å bidra til sosial og økonomisk utjamning. Senterpartiet støttar ei tredeling av foreldrepermisjonen. I familiar med tvillingar og trillingar må begge foreldra få meir foreldrepermisjon.

Utvidinga av fedrekvota er viktig for at fedrane skal utvikla ein god og nær relasjon til barna sine frå fødselen av og i småbarnsåra, og dessutan ta del i oppveksten til barna. Vi meiner likevel at dei første seks vekene etter fødsel bør vera øyremerkte barselpermisjon for mor til kvile, rekonvalesens, tilpassing til nye rutinar og ammestart. Desse seks vekene må takast av den felles tredelen av foreldrepermisjonen slik at den vert redusert til 10 veker.

Senterpartiet vil:

- Auka barnetrygda og behalda denne støtta til barnefamiliane som ei universell ordning utan behovsprøving eller skattelegging.
- At barnetrygd skal haldast utanfor ved utrekning av sosialhjelp.
- Vidareføra kontantstøtta for barn mellom 1 og 2 år, og målretta ho mot dei minste barna.
- Auka eingongsstønad ved fødsel til 100 000 kr.
- Legga til rette for arbeidstidsreformer for kvinner og menn som gjev rom for omsorgsarbeid.
- Øymerke barseltida på seks veker etter fødsel til mor og halda vekene utanfor utrekning av mødrekvote
- Oppretthalda mødre-/fedrekvote på 15 veker og ha 10 veker til felles fordeling ved full sats. Når særlege grunnar gjeld, må det vera betre moglegheit for overføring mellom foreldre.
- Arbeida for at far sin del av foreldrepermisjonen får tilbod knytt til helsestasjonen, både når det gjeld oppfølging og sosiale møtepunkt.
- Gje foreldre sjølvstendig uttaksrett til foreldrepengar.
- Fjerne aktivitetskravet ved uttak av fellesperiode for foreldrepengar.
- Arbeida for at permisjonsregelverket i større grad tar omsyn til sjølvstendig næringsdrivande, arbeidstakarar og studentar som ikkje har moglegheit til å ta ut permisjon samanhengande.
- Likestilla foreldre juridisk ved samlivsbrot ved å gjera delt bustad til hovudregelen i barnelova, og sikra likebehandling av foreldre ved barnefordelingssaker.
- Styrka og utvida ordninga med heimeassistent til praktisk hjelp i heimen for familiar med stor omsorgsbyrde eller som mellombels er i ein vanskeleg situasjon.
- Innføra strengare sanksjonar mot samværs sabotasje.

Kvalitet i barnehagane

Barnehagane skal bygga på ein grunnleggande respekt for barndommens eigenverdi og bidra til ein meningsfull oppvekst. Dette må gjelda uavhengig av funksjonsnivået til barnet, bustad og den bakgrunnen barnet har sosialt, kulturelt og etnisk. Senterpartiet meiner at den viktigaste oppgåva til barnehagen er å fremja leik, fordi læring først og fremst skjer gjennom den.

Den faglege kvaliteten vert sikra gjennom pedagogiske leiarar som vert gjeve tillit og tar ansvar for innhaldet i barnehagen innanfor ein nasjonalt fastsett rammeplan. Dei tilsette skal kjenna barna og sjå behova deira. Barnehagelærarane må ha fagleg handlingsrom til å velja metodar og arbeidsmåtar, og barnehagane må vera ein attraktiv arbeidsplass. Barnehagane må òg vera ein arena for tidleg innsats slik at barn med særskilde behov raskt får oppfølging som sikrar god utvikling.

Det er store svakheiter i dagens finansieringssystem, der særleg små barnehagar opplever økonomisk uføreseielegheit og økonomisk press, og der eit aukande tal vert kjøpt opp av kommersielle kjeder. Senterpartiet meiner denne utviklinga viser behov for endringar i finansieringssystemet og styringsmoglegheita for kommunane over lokal barnehagesektor. Senterpartiet vil oppretthalda eit mangfald av barnehagar, samtidig som vi må sikra at offentleg finansiering går til barnas beste og ikkje er gjenstand for økonomisk spekulasjon.

Det er viktig at barnehagane reelt er ein del av lokalsamfunnet, der foreldre og folkevalde skal kunna kjenna leiinga i barnehagen, styre og drift. Senterpartiet ønsker derfor ikkje ei utvikling der ein stadig større del av barnehagesektoren er eigd av kommersielle konsern.

Samiske barnehagar er viktige for å lykkast med revitalisering av dei samiske språka og samisk kultur, spesielt i område som har vore sterkt ramma av fornsking, der foreldregenerasjonen ikkje har hatt moglegheit til å læra samisk. Desse barnehagane må styrkast med språkopplæringsressursar.

Senterpartiet vil:

- Legga til rette for løpande barnehageopptak innan 2025.
- Fullfinansiera bemannings- og pedagognorma med statlege tilskot til kommunane. Pedagognorma må utformast forholdsmessig etter talet på barn.
- Innføra krav om at 50 % av dei tilsette skal vera barnehagelærarar og minimum 25 % skal vera fagarbeidarar.
- Revidera finansieringssystemet og sikra auka transparens for at finansieringa kjem barna til gode.
- Få ned tala på feil i fordeling av tilskot, ved å innføra tilskotskontroll og at pensjon vert utbetalt etter reelle utgifter.
- Styrka arbeidet med å legga til rette barnehage tilbudet til barn med spesielle behov og sikra at tilsette i barnehagane snakkar godt norsk.
- Støtta samiske barnehagar, særleg fordi dei speler ei viktig rolle når det gjeld å legga grunnlag for vidare opplæring i samisk språk og kultur.
- Sikra at private barnehagar har løns-, arbeids- og pensjonsvilkår som ikkje er dårlegare enn det tilsette i offentlege barnehagar har.
- Stimulera til at barnehage tilsette tar etter- og vidareutdanning.
- Hindra eigedomsspekulasjon og styrka kontrollen til kommunane og moglegheit for styring i lokal barnehagesektor, ved at det vert laga retningslinjer for korleis kommunane i kommuneplanens arealdel for barnehagar kan regulera funksjonen til barnehageeigedommane som «offentleg formål, offentleg barnehage».
- Lovfesta at husleigeavtalar for barnehagar vert godkjente av kommunen slik at gjengs leige i kommunen kan følgjast.
- Vurdera innføring av meldeplikt for private barnehagar ved sal av både eigedomsselskap og driftsselskap, samt forkjøpsrett for kommunen.

Skulefritidsordning (SFO)

Mange av dei minste skulebarna held til på SFO etter skuletid. SFO skal vera ein stad for fri leik og samvær, for kulturelle og fysiske aktivitetar. Senterpartiet vil ikkje gjera SFO til ein obligatorisk del av skuledagen og meiner at SFO bør vera eit tilbod alle familiar har moglegheit til å nytta seg av. For alle barn gjev det å vera på SFO språktrening, noko som særleg minoritetsspråklege barn kan ha nytte av.

Senterpartiet vil:

- At SFO framleis skal vera eit frivillig tilbod som vert utforma lokalt. Skuleeigar skal ha ansvar for forsvarleg bemanning, kvalifisert personale og tilfredsstillande areal.
- Utvikla SFO som eit fritidstilbod, ikkje som ei forlenging av skuledagen.
- Innføra gratis kjernetid for låginntektsfamiliar i SFO.
- Ha ordningar for søskenmoderasjon i SFO og oppfordre kommunane til å ha søskenmoderasjonsordning for familiar med barn i både barnehage og SFO.
- At «assistentressurs» for elevar med spesielle behov òg skal gjelda for SFO.
- Sørga for at andre aktivitetstilbod i kommunen, som kulturskule, kan integrerast i SFO-tida og at det vert lagt til rette for eit auka samarbeid med frivillige organisasjonar, til dømes frivilligheitssentralar og idrettslag, utan at dette går på bekostning av aktiviteten i frivillige organisasjonar.
- Opna for leksehjelp på SFO dersom barn og foreldre ønsker det.

Barnevernet

Senterpartiet vil ha eit barnevern som har høg legitimitet i befolkninga gjennom god kvalitet i forvaltninga si av barnevernslova. Barnevernet skal sikra at barn og unge ikkje vert utsette for

omsorgssvikt, vanskjøtsel, vald og overgrep. Familievernet må vidareutviklast som ein førebyggjande hjelpeinstans for familiar i krise, og kunna møte familiar der dei bur.

Tiltak som vert utløyst gjennom barnevernstenesta skal vera treffsikre og godt tilpassa det enkelte barn og foreldra deira. Barnet sitt beste skal vera klart overordna, og dei det gjeld skal ha gode høve til medverknad når tiltaka vert utforma. Tiltaka skal, så langt det er mogleg, bidra til å unngå omsorgsovertaking. Dersom omsorgsovertakingar vert nødvendige, skal løysingar i familien til barnet/slekt eller nettverk alltid vert vurdert som første alternativ. Løysingar der søsken får bu saman må prioriterast.

Det er stort behov for fleire fosterheimar. Senterpartiet meiner kommunane må få eit større ansvar for å rekruttera og følge opp fosterheimar. Fosterheimfamiliane må sikrast stabile og likeverdige økonomiske rammer, god opplæring, rettleiing og oppfølging. Fosterheimomsorga er godt eigna for samarbeid mellom kommunar. Barnets språk- og kulturbakgrunn må så langt som mogleg vert varetatt ved fosterheimplassering og omsorgsovertaking.

Familiar med minoritetsbakgrunn er overrepresentert i barnevernssaker. Einslege mindreårige asylsøkarar har same rett til barnevernstenester som andre barn. Senterpartiet vil styrka den fleirkulturelle kompetansen til barnevernet og rekruttera fleire fosterheimar frå minoritetsgruppene. Barnevernet må ta omsyn til barnets språklege, kulturelle og religiøse bakgrunn.

Barn og unge som er i omsorga til barnevernet lir oftare av psykisk plager. Senterpartiet meiner samarbeidet mellom barnevernet og helsetenesta må styrkast for å sikra betre førebygging, oppfølging og behandling.

Senterpartiet støttar opp under ideell sektor, og meiner ikkje-kommersielle og ideelle drivarar av barnevernstilbod er gode supplement til det offentlege tenestetilbodet. For å vareta desse vil Senterpartiet avvika anbodssystemet og konkurranseutsetjinga i barnevernssektoren.

Dagens praksis med korte kontraktperiodar for barnevernet sine omsorgstiltak utfordrar barn sin retten til stabile rammer rundt oppveksten sin, som gjev barna stabil og god omsorg utan stadig byte av relasjonar. Senterpartiet meiner styresmaktene må sikra gode rammevilkår for private ideelle tiltak og institusjonar. Det offentlege må sjølv utføra saksbehandlings- og utgreiingsoppgåver.

I eit barnevernssystem utan anbod og konkurranse vil ressursane som i dag vert brukte for å driva dette systemet i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, kunna frigjerast til andre formål i barnevernet. Det vil legga til rette for økt kommunalt ansvar og at Bufdir kan vektlegga rolla si som fagdirektorat.

Bemanninga i det kommunale barnevernet må styrkast. Nokre stadar er det stor gjennomtrekk, høgt sjukefråvær, arbeidspress og lang saksbehandlingstid. Dette er faktorar som både påverkar kvaliteten, arbeidsmiljøet til tilsette og moglegheita til å yta gode og forsvarlege tenester. Vi treng ein opptrappingsplan for å få fleire tilsette i barnevernet, ikkje minst for å sikra at arbeidsbelastninga på den enkelte ikkje vert for stor. Interkommunalt samarbeid, regionale kompetanseteam og andre fellestenester kan vera gode modellar for å styrka det lokale barnevernet.

Ved akuttvedtak og omsorgsovertakingar skal barnets beste alltid ha prioritet. Både rettstryggleiken til barna og foreldra skal varetakast, men dei barnefaglege vurderingane skal vega tyngst. Senterpartiet meiner einetiltak berre må gjennomførast i heilt særskilde tilfelle der dette er til barnets beste.

Senterpartiet vil:

- Styrka rettane til barnevernsbarna og sikra god brukarmedverknad.
- Styrka familievernet for å bistå barn og familiar så tidleg som mogleg.
- Styrka rettssikkerheita i alle ledd av barnevernstenesta.
- Gjennomføra ein heilskapleg, uavhengig og fagleg gjennomgang av barnevernet
- Sikra fullfinansiering av barnevernsreforma, og hindre ei uformålstenleg omfordeling mellom kommunane.
- Gje kommunane nok ressursar til å sørge for eit godt ettervern til barnevernsbarn fram til fylte 25 år.
- Styrka samarbeidet mellom NAV og barnevernet og føre det inn i faste rammer.
- Sikra at inga omsorgsovertaking skal verta gjennomført utan at barnet sin eigen familie eller nære nettverk er vurdert som omsorgsalternativ. Det må alltid vurderast om det finst løysingar som gjer det mogleg at barnet kan verta i nærmiljøet sitt.
- Styrka retten til søsken til å veksa opp saman etter omsorgsovertaking og leggja betre til rette for fosterfamiliar som tar imot søsken.
- Styrka rekrutteringa av fosterheimar, inkludert fosterheim med minoritetsbakgrunn, og sikra at fosterheim har likeverdige økonomiske vilkår, god oppfølging, rettleiing og opplæring.
- Innføra ei eiga fosterheimlov som betre varetar fosterbarna og rettane til fosterfamilien og sikrar hjelp, rettleiing og tilsyn.
- Greia ut ei ny felles samarbeidslov for å sikra barn og unge heilskaplege og tverrfaglege tenester.
- Lovfesta helseundersøking av barn si somatiske og psykiske helse i samband med alle omsorgsovertakingar.
- Styrka barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og systematisera samarbeidet mellom barnevernet og BUP.
- Redusera bruken av tvang i barnevernet.
- Innføra tydelegare retningslinjer for å sørge for at barnevernet kan gjennomføra tiltak for å vareta barn som på grunn av gjentatt alvorleg kriminalitet og rusmisbruk treng å vera på institusjon og ikkje berre kan reisa tilbake til eit utsett miljø.
- Regulera einetiltak mykje strengare og at det berre vert brukt i spesielle tilfelle der det er vurdert som barnets beste.
- Forsterke Statsforvaltaren sitt rettleiaransvar som tilsynsmynde i barnevernet.
- Auka ressursar til det kommunale barnevernet.
- Sørge for at barnevernstenester i all hovudsak vert driven av det offentlege eller private ideelle verksemder og arbeide for rammevilkår som kan sikra dette.
- Avslutta bruken av konkurranseutsetjing og anbod i barnevernssektoren.
- Sikra private ideelle verksemder langsiktige avtalar med det offentlege.
- Arbeida for at alle barn i barnevernet skal ha tilbod om to kontaktpersonar.
- Styrka informasjonsarbeidet om oppgåvene og tilboda til barnevernet for å redusera terskelen for å be om hjelp.

Mangfald

Senterpartiet meiner likestilling og likeverd er ein viktig føresetnad for at alle skal ha eit verdig liv, uavhengig av funksjonsnivå, kjønn, kjønnsidentitet, livssyn, seksuell orientering, kulturell og språkleg bakgrunn. Alle skal ha moglegheit til å delta i arbeids- og næringsliv og ha innverknad på samfunnsutviklinga.

Ingen personar eller grupper skal trenga å tola hets, trakassering, usynleggjering eller diskriminering. Det skal alltid vera fokus på sjølvråderett, medverknad, likeverd og haldningsskapande arbeid, og det skal slåast hardt ned på alle typar krenkjande åtferd og rasisme.

Samfunnet skal leggja til rette for at den enkelte får utnytta potensialet sitt og fremja ordningar som bidreg til å rekruttera kvinner inn i politikk og næringsliv og menn inn på tradisjonelle kvinnearenaer.

Noreg har framleis eit sterkt kjønnsdelt arbeidsliv og Senterpartiet vil endra dette. Lik løn for arbeid av lik verdi har lenge vore eit grunnleggjande prinsipp og må gjennomførast snarast.

Senterpartiet vil:

- Styrka Likestillings- og diskrimineringsombodets rolle.
- Arbeida for at leiargrupper i direktorat, statlege etatar og selskap der staten har eigardel, skal bestå av minst 40 % av begge kjønn. Kvotering kan takast i bruk for å nå dette målet.
- Arbeida for at begge kjønn skal vera representert med minst 40 % av leiarane på dei øvste nivåa i staten, fylkeskommunane og kommunane.
- Styrka innsatsen for å rekruttera fleire menn til dei praktiske oppgåvene innan helse- og omsorgsfaga.
- Styrka arbeidet mot hatkriminalitet.
- Styrka innsatsen for å motverka dårleg psykisk helse i minoritetsgrupper.

Urfolk og nasjonale minoritetar

Urfolket vårt, samane, og dei nasjonale minoritetane våre skal alle kunna ta vare på og utvikla språka sine, kulturen sin og sitt nærings- og samfunnsliv.

Sannings- og forsoningskommisjonen som skal granska fornorskingspolitikk og urett begått overfor samar, kvener/norskfinnar og skogfinnar, vart oppretta i 2016. Kommisjonen skal foreslå tiltak som bidreg til vidare forsoning. Senterpartiet vil ta på alvor det kommisjonen legg fram, og vera ein pådrivar for å setja i verk tiltak som kan gjera opp for noko av den uretten som vart begått.

Senterpartiet vil at Sametinget skal ha eit hovudansvar for å utvikla samisk språk, kultur, næringar og rettar på samane sitt eige grunnlag. Senterpartiet vil sikra Sametingets konsultasjonsrett med regjering og Storting. Statlege styresmakter må ha klare rutinar som sikrar at konsultasjonsretten vert oppfylte i alle saker av tyding for den samiske befolkninga.

NOU 2016: 18 «Hjertespråket» med forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk skal følgjast opp for å sikra funksjonelle og likeverdige offentlege tenester på samisk. Samiskopplæringa har store manglar når det gjeld lærekrefter og læremiddel. Sidan samane bur spreidd i landet, er det òg nødvendig å bygga opp gode fjernundervisningstilbod.

Kvensk/finsk må styrkast i skulen, både gjennom allmenn kunnskap om kvenene/norskfinnane og ved språkopplæring. Kvenene/norskfinnane må få moglegheita til å utvikla fleire møteplassar og kultursenter, og kulturminna deira må identifiserast og bevarast.

Helse- og omsorgstenesta har eit stort behov for fleire fagarbeidarar som er norsktalande med fleirkulturell språk- og kulturkompetanse. Spesielt innanfor eldre- og demensomsorg er behovet stort.

Minoritetsgrupper må gjevast gode moglegheiter for kulturutøving, formidling og kulturopplevingar. Vilkår for film-/tv-produksjon, litteratur, teater, kunst og musikk av og for desse gruppene må styrkast.

Senterpartiet vil:

- Aktivt stø opp om det samiske sivilsamfunnet og dei nasjonale organisasjonane til minoritetane.
- Styrka arbeidet for dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka i samarbeid med kommunane.
- Følgje opp handlingsplanen for samiske språk og stortingsmeldinga om samepolitikken. Samisk språkopplæring i skular og barnehagar må styrkast og elevar i samiske område må kunna velja å læra samisk i staden for sidemål.

Personar med nedsett funksjonsevne

Personar med nedsett funksjonsevne har i dag liten tilgang til arbeidslivet og heller ikkje lik tilgang til helsetenester av god kvalitet på linje med resten av befolkninga. Det er dessutan stor mangel på eigna bustadar og lange ventetider på å få tildelt kommunale bustadar.

Senterpartiet meiner personar med nedsett funksjonsevne må få eit likestillingsløft for å sikra full samfunnsdeltaking, også når det gjeld fritidsaktivitetar og friluftsliv. For barn med nedsett funksjonsevne er det viktig at skular er tilrettelagte, og at undervisningstilbodet er godt og vert kvalitetssikra. Ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for personar med langvarig og stort behov må styrkast og verta eit reelt verktøy for likestilling og samfunnsdeltaking.

Senterpartiet vil:

- Arbeida for at det norske samfunnet skal vera universelt utforma innan 2035 og tilgjengeleg innan 2025.
- Oppheva verjemålslova og innføra ei beslutningsstøtteordning i tråd med CRPD²⁰.
- Inkorporera FN's konvensjon for rettane til personar med funksjonsnedsetjingar (CRPD) i norsk lov.
- Sikra personar med nedsett funksjonsevne reell moglegheit til å velja bustad og bustadform.
- Tilby BPA-ordninga med god brukarmedverknad som bidreg til likeverd, sjølvbestemming og samfunnsdeltaking.
- Utvida ordninga med funksjonsassistanse til fleire personar med nedsett funksjonsevne. Dette kan samordnast med BPA.
- Sørge for at døve og dei med nedsett høyrsel får tolketenester når dei treng det, også utanfor kontortid og på offentlege fridagar.
- Utvida den nasjonale TT-ordninga²¹ til ei permanent ordning i alle fylke.
- Sikra personar med nedsett funksjonsevne tilgang til hjelpemiddel, inkludert retten til sjølvbestemming ved val av hjelpemiddel.
- Gje BPA-ordninga eit lågare innslagspunkt for statleg finansiering. Kommunal utgift per brukar skal ikkje overstiga 1,5 mill. kroner.

LHBT+

LHBT+-befolkninga²² har vunne viktige rettighetskampar dei siste tiåra. Likevel opplever mange framleis at dei vert diskriminerte og usynleggjort i daglegliv og samfunn.

LHBT+-personar er utsette for hatkriminalitet og vald og rapporterer òg om diskriminering i møte med offentlege tenester. Det er eit samfunnsansvar å bidra til å skapa eit meir tolerant og inkluderande samfunn.

Senterpartiet vil:

- Støtta tiltak og planar retta mot å auka aksepten for LHBT+-personar i alle lokalsamfunn og styrka arbeidet mot hatkriminalitet.
- Legga til rette for at LHBT+-personar kan vera seg sjølv i alle aldersfasar, også i møtet med offentlege tenester i samband med sjukdom og institusjonsopphald, samt innan oppvekst og

²⁰ FN-konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne, *Convention on the Rights of Persons with Disabilities*.

²¹ Tilrettelagt transport (TT) er eit tilbod om alternativ transport for personar som på grunn av nedsett funksjonsevne eller sjukdom, ikkje kan bruke kollektivtransport

²² LHBT står for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar som gruppe. I åra som er gått, har forkortinga vorte utvida med nye bokstavar for å eksplisitt nemne fleire identitetskategoriar som bryt med normer for kjønn og identitet. I 2021 er det vanleg å skrive «LHBT+» for å synleggjere at alle er inkludert

- utdanning. Dette kan innebera samarbeid med LHBT+-organisasjonar som FRI om å auka kompetansen til helse- og omsorgspersonell og personell i oppvekst- og utdanningssektoren.
- Tilpassa verktøy for konflikthandtering, dialog og tryggingprogram for oppfølging av offer for hatkriminalitet.
 - Styrka innsatsen for å motverka dårleg psykisk helse i LHBT+-befolkninga.
 - Støtta arbeidet for fleire møteplassar for LHBT+-personar som også høyrer til andre minoritetar, sidan dette representerer ei ekstra utfordring.
 - Endra retningslinjene for blodgjeving slik at kriteria vert baserte på risikoåtfærd og ikkje legning.
 - Styrka arbeidet i Rosa kompetanse²³.

Arbeid mot vald og overgrep

Vald i nære relasjonar og overgrep er alvorlege samfunnsproblem, og staten må ha eit heilskapleg system på plass til å førebygga, hindra og etterforska og straffefølgja slik kriminalitet. Barn er særleg sårbare.

Dei samfunnsøkonomiske kostnadene har mange uttrykk. Frå tap av liv og svekka psykisk og fysisk helse, til livsvarig ressurs- og produksjonstap når personar vert uføre, velferdstap for offera og framtidige tap som skuldast at barn som er utsette for vald sjølv kan verta utøvar av vald. I tillegg er det betydelege kostnader knytt til politi, rettsaker, krisesenter, barnevern og helsepersonell. Alderstilpassa undervisning om kropp, seksualitet og grenser er viktig. Igangsetting av førebyggjande tiltak mot vald og overgrep må derfor skje allereie frå barnehagen.

Vald i nære relasjonar er ein alvorleg menneskerettsleg utfordring. Det kan vera ekstra utfordrande for staten å vareta forpliktingane sine når det gjeld etniske minoritetsgrupper eller urfolk, der språkvanskar og kulturskilnadar dannar ein barriere mellom offer og hjelpeapparat.

Når vald skjer som ledd i ein æreskultur der valden vert gjort for å handheva den negative sosiale kontrollen til storfamilien, er det ofte fleire som medverkar. Dermed er det ei form for organisert kriminalitet. Det er vanskeleg for politiet å etterforska slike saker fordi det på grunn av truslar og lojalitet mot familien, er få som vitnar. Senterpartiet er bekymra for dei store mørketala på feltet, og vil styrka ressursane i politiet og lovgjevinga på området.

Senterpartiet vil:

- Styrka skulehelsetenester, helsestasjonar, legevakt og andre kommunale helsetenester til å kunna fanga opp teikn på mishandling og vald, og til å senda personar som er utsette for mishandling og vald vidare til relevante tenester.
- Auka innsatsen mot vald i nære relasjonar ved å styrka barnehusa og etablera fleire barnehus for å redusera avstandane, og dessutan bidra til at avvergingsplikta vert kjent.
- Styrka bruken av omvend valdsalarm slik at det vert hovudregel i saker med bruk av kontaktforbod med elektronisk kontroll.
- Oppretthalde eit desentralisert krisesentertilbod. For å sikra tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse må finansieringsmodellen for krisesentera vert endra. Det må leggest vekt på å sikra kompetanse om barn som har opplevd vald.
- Arbeida for at éi teneste skal ha det overordna ansvaret for å kartlegga behov og følge opp barn og familiar som har opplevd vald i nære relasjonar.
- Arbeida for å avdekka og førebygga vald mot eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
- Sikra at utanlandske borgarar som er offer i valdelege forhold i Noreg kan få opphaldsløyve før tre år har gått.

²³ «Rosa kompetanse» er eit tiltak i organisasjonen FRI som er finansert av det staten og som tilbyr fagleg bistand og undervisning om kjønns- og seksualitetsmangfald til skule- og barnehagesektoren, barnevernet, helse- og sosialsektoren, politi- og påtalemynde samt alle delar av arbeidslivet

- Gjera æresvald straffeskjerpande på same måte som annan organisert kriminalitet.
- Bygga kunnskap og ressursar i politiet for at dei betre skal kunna førebygga, avdekka og etterforska æresvald og negativ sosial kontroll.
- Kjempe mot barne- og tvangsekteskap.
- Fastslå at arrangerte ekteskap der begge eller éin av partane vert utsette for utilbørleg psykisk og sosialt press er å oppfatta som tvangsekteskap og dermed kan straffeforfølgast og oppløysast.
- Forby inngåing av søskenbarnsekteskap.
- Endra foreldingsfristen for seksuelle handlingar som rammar barn slik at den svarar til fristen for seksuelle overgrep, slik at straffbar seksuelle handlingar kan rettsforfølgast.
- Auka støtta til senter mot seksuelle overgrep og incest.
- Utarbeida og setja i verk ein kunnskapsbasert handlingsplan mot vald og overgrep i samiske samfunn på basis av rapportane frå Noregs institusjon for menneskerettar om dette.
- Oppretthalde sexkjøpslova fordi eit slikt forbod gjev eit viktig signal om korleis fellesskapet stiller seg til utnytting av sårbare menneske.
- Gje vitne i alvorlege straffesaker, som menneskehandel, permanent opphald i Noreg.

Kultur og frivillighet: **FRIVILLIGHEITA BYGGER LEVANDE LOKALSAMFUNN**

Senterpartiet vil ha eit samfunn som verdset og legg til rette for eit inkluderande og mangfaldig kultur- og idrettsliv. Kultur, idrett og frivillig deltaking står sterkt i Noreg. Kunst og kultur rammar inn historia vår samtidig som det utfordrar og opnar opp for debatt. Senterpartiet vil sikra den norske kulturarven og verna og styrka språka Noreg har eit spesielt ansvar for. Vi vil stimulera til eit kulturliv med nyskaping, lokale talent og engasjement saman med kultur og kunst med høg nasjonal kvalitet.

Frivilligheita skapar lokalt engasjement, fellesskap og sterke lokalsamfunn. Senterpartiet vil leggja til rette for størst mogleg frivillig engasjement både i idrett, friluftsliv og kulturlivet. Alle, uansett økonomiske forhold eller sosial bakgrunn, skal kunna delta i frivillige aktivitetar.

Idretten og friluftslivsorganisasjonane er Noreg sin største folkebevegelse. Dei skapar grunnlag for betre folkehelse, auka deltaking og meir inkludering.

Ytringsfridom og mediemangfald er viktige føresetnader for folkestyret. I ei tid der fakta og nyhende er under press er levedyktige og uavhengige media ein viktig føresetnad for demokratiet både nasjonalt, regionalt og lokalt. Derfor vil Senterpartiet styrka rammene for dei redaktørstyrte media. Vi vil òg sikra at NRK kan vareta rolla si som politisk nøytral allmennkringkastar, samtidig som det skal vera mogleg å oppretthalda ei nasjonal kommersiell nyhendeformidling.

Eit levande kulturliv

Senterpartiet vil ha sterke kulturinstitusjonar og god talentutvikling. Det må leggest til rette for eit mangfald av kulturaktivitetar og kulturuttrykk, og for at heile befolkninga skal kunna delta i kunst- og kulturlivet. Den nasjonale kulturpolitikken skal sikra gode vilkår for barn og unge, amatørar og aktørar innanfor det profesjonelle kunst- og kulturfeltet.

Senterpartiet meiner at det er på tide med eit løft for den kulturelle grunnmuren vår – det lokale kulturlivet. No er det på tide å satsa lokalt og bidra til at veksten i kulturmiddel vert brukt for å bidra til meir kultur nær folk i heile Noreg.

Gode lokale og utstyr er nødvendig dersom kulturlivet og frivilligheita skal kunna øva og framføra. Slik infrastruktur må prioriterast for å bidra til aktivitet, talentutvikling og vitale utøvarmiljø i lokalsamfunna. Senterpartiet meiner at nasjonale middel til kulturbygg må koma heile landet til gode.

Dei kommunale kulturskulane er viktige. Målet er at alle barn som ønsker det, skal få tilbod om plass i kulturskolen til ein rimeleg pris.

Rolla til biblioteket i samfunnet har utvikla seg sterkt dei siste åra, slik at biblioteka har fått eit sterkare preg av sosial møtearena som også kombinerer læring, formidling og integrering. Senterpartiet vil utvikla biblioteka som møteplass og kulturformidlar i lokalsamfunna gjennom nye tilbod og nye funksjonar som litteraturhus.

I løpet av dei siste åra har det vorte endå tydelegare kor viktig den digitale formidlinga av kunst og kultur er. Det er viktig å stimulera til auka samarbeid og utvikling av gode løysingar for digital formidling av kultur og å gjera kultur og historie tilgjengeleg for nye grupper.

Kino er framleis ei viktig plattform for visning og formidling av film, og er ein viktig kulturinstitusjon i mange lokalsamfunn. Det er derfor viktig å bidra til å oppretthalda ein desentralisert kinostruktur. Styrking av dei regionale filmverksemdene og filmmiljøa vil bidra til auka konkurranse, større mangfald og betre kvalitet i norsk film gjennom maktspreiing og regionalisering av filmpolitikken.

Det er viktig at dei ulike ledda i verdikjeda som tener pengar på å formidla film og audiovisuelt innhald, bidreg til å finansiera ny filmproduksjon. Dette må både gjelda etablerte plattformer og nye, som straumetenester. Innføringa av insentivordninga for film- og serieproduksjonar er viktig og kan gjera Noreg til eit attraktivt produksjonsland for utanlandske filmselskap.

Senterpartiet ønsker å stimulera til bevisst og kreativ bruk av det norske språket både skriftleg (bokmål og nynorsk) og munnleg (dialekter). Å ta vare på og utvikla norsk språk er eit sentralt kulturoppdrag. Det same er arbeidet for å støtta opp om samiske språk og nasjonale minoritetsspråk. Arbeidet for klar og lettforståeleg språkbruk i offentleg forvaltning er ein viktig del av dette arbeidet.

Senterpartiet vil:

- Setja av 1 % av statsbudsjettet til kulturformål og prioritera løft for lokalt kulturliv.
- Rettsfeste full momskompensasjon for alle frivillige lag og organisasjonar og bidra til å gjera ordninga betre kjent.
- Styrka kulturskulane slik at ventelistene vert reduserte, prisane vert modererte og tilboda vert utvida til fleire kunstuttrykk og sjangrar.
- Legga betre til rette for samarbeid mellom kulturskular og frivillige lag og organisasjonar.
- Betre tilskotsordningar for kulturbygg både til øving, framføring og undervisning.
- Legga betre til rette for eigna øvingslokale og -utstyr innan musikk, dans og teater i heile landet gjennom styrking av Kulturrom-ordninga²⁴
- Auka midlane til Den kulturelle skulesekken, slik at alle barn og unge får eit variert tilbod fleire gongar i året.
- Styrka den regionale teatersatsinga.
- Styrka biblioteka og lokale litteraturhus som møteplassar og kulturarenaer. Tilbodet med ambulerande bibliotektenester må styrkast.
- Sikra finansiering av Bygdekinoen.
- Greia ut korleis operatørar innan straumetenester og andre sentrale aktørar kan påleggast eit medfinansieringsansvar for film- og dramaproduksjon.
- At opphavsrettslovgjevinga og offentlege støtteordningar for audiovisuelle produksjonar skal stimulera til verdiskaping og produksjon av norsk innhald og sikra norske arbeidsplassar.
- Styrka ordningar som bidreg til nye film- og serieproduksjonar i Noreg.
- Styrka verkemidla som støttar norsk spelbransje.
- Bevara fastprisordninga på ny norsk litteratur.
- Forsterka dei litteraturpolitiske verkemidla, slik som innkjøpsordningane og stipendordningane. Det må mellom anna setjast av meir middel til innkjøp av sakprosa, innkjøp til skulebibliotek og omsetjingar av populære barnebøker til nynorsk, samisk og kvensk.
- Gjera innkjøpsordninga for skulebibliotek permanent.
- Regulera kunstnarstipenda i tråd med pris- og lønssstiginga.
- Fremja norsk kunst og kultur internasjonalt

²⁴ Kulturrom er ei tilskotsordning for å sikre øvingslokale og godt teknisk utstyr i heile landet.

- Styrka satsinga på folkekunst, tradisjonar rundt mat og drikke, og dessutan kulturarv som næring og identitetsbygging.
- Støtta tiltak som bidreg til at brukarane av norsk teiknspråk, nynorsk, dei samiske språka og nasjonale minoritetsspråk har eit godt medie- og kulturtilbod på eigne språk.
- Støtta Nasjonalbiblioteket sitt arbeid med å digitalisera samlingane sine.
- Sikra kulturlivet, frivilligheita og idretten gode vilkår for aktivitet, utvikling og rekruttering etter pandemien.

Kulturarv

Kulturminne, kulturmiljø, museum og arkiv er viktige delar av det kollektive minnet i samfunnet. Senterpartiet meiner kulturarven vert best varetatt gjennom riktig bruk og aktiv forvaltning. Derfor skal samfunnet som heilskap ha ansvar for å ta vare på den felles kulturarven, både den materielle og immaterielle. Handverkstradisjonar, folkemusikk og folkedans frå historia vår må ikkje gå tapt. Noreg skal ta ansvar for delen sin av verdsarven, mellom anna gjennom å oppfylle forpliktingane våre i Unesco-konvensjonen om immateriell kulturarv.

Dei frivillige organisasjonane innan kulturvernet er sjølve ryggrada i sektoren, og alle medlemsorganisasjonane i Kulturvernforbundet må derfor sikrast grunnstøtte frå staten.

Alt for mange freda og verneverdige kyrkjer i Noreg forfell. Staten må i sterkare grad hjelpa kommunane og andre kyrkjeieigarar med kyrkjevedlikehaldet.

Den samiske kulturarven er eit viktig ansvarsområde for Noreg og nabolanda våre i nord. Den nasjonale kulturarven til minoritetane må òg løftast fram og forvaltast godt. Kulturmøta på Nordkalotten gjev særleg gode moglegheiter for å forstå korleis ulike kulturar har sameksistert og påverka kvarandre gjennom lang tid.

Senterpartiet vil:

- Styrka løyvingane til kulturvernet slik at nasjonale målsetjingar om vedlikehald og restaurering kan nåast. Det er særleg viktig å satsa på nasjonale teknisk-industrielle kulturminne og norske verdsarvstadar.
- Bidra til at Kulturminnefondet på sikt får 300 mill. kr til utdeling kvart år.
- Arbeida for skatte- og avgiftslette for private eigarar av freda og bevaringsregulerte eigedommar. Slike eigedommar skal vera fritatt frå kommunal eigedomsskatt.
- Gå inn for at det vert utarbeidd ei stortingsmelding om arkeologi i Noreg, og i samband med dette foreslå at staten legg betre til rette for såkalla forskingsgravingar.
- At staten ber kostnaden når utvidingar og nybygg på alminnelege gardsbruk krev utgravingar.
- Etablera minst eitt bygningsvernsenter i kvart fylke for kursing av huseigarar og opplæring av handverkarar.
- Sikra musea økonomiske rammer som mogleggjer vidareutvikling av utstillingar, formidling og utviklingstiltak.
- Samla ansvaret for kulturarvspolitikken i Kulturdepartementet og styrka fylkeskommunane og Sametinget si rolle i kulturminnevernet.
- Styrka kulturminne- og museumsarbeidet for samisk kultur og nasjonale minoritetar.
- Følge opp «Bååstede», tilbakeføringsprosjektet for samiske museumsmateriale, med ei nødvendig utbygging av magasin- og utstillingslokale ved dei samiske mottakarinstitusjonane.
- Sikra middel til pilegrimsleiar og gamle ferdselsveggar.
- Styrka kystkultur og fartøyvern både fagleg og økonomisk gjennom langsiktige og føreseielege rammer.
- Arbeida for ei statleg finansiering av ein nasjonal verneplan for gravplassar og ei tilskotsordning for bevaring av viktige kulturminne på gravplassane.

- Oppretta eit Kyrkjeleg kulturminnefond for økt statleg medverknad til vedlikehald kulturhistorisk viktige kyrkjer.
- Styrka støtte til institusjonar, organisasjonar og festivalar som arbeider for å fremja og bevara folkemusikk og folkedans, og støtte kulturskular som fremjar og bevarer lokal immateriell kulturarv.
- Satsa på kulturminne og kulturmiljø i samanheng med friluftsliv.

Ein brei og sterk frivillig sektor

Frivillige organisasjonar er berebjarke i lokalsamfunnet. Dei tilbyr opplevingar og sosiale aktivitetar på tvers av sosiale skiljelinjer og skapar viktige fellesskapsarenaer. Frivillig sektor er òg ein viktig pilar i det norske velferdssamfunnet. Frivillige organisasjonar yter betydelege økonomiske bidrag til samfunnet gjennom tenesteproduksjon og omfattande uløna innsats.

Senterpartiet meiner at Noreg manglar ein heilskapleg frivilligheitspolitikk. I tråd med samfunnsutviklinga er det nødvendig å tilpassa regelverk og tilskotsordningar til dagens organisasjonsstruktur. Senterpartiet vil bidra til å sikra driftsgrunnlaget for det frivillige organisasjonslivet og leggja til rette for moglegheita organisasjonane har til å vidareutvikla verksemda si.

Senterpartiet meiner det er feil å skattlegga frivillig innsats. Derfor er det viktig å sikra full momskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Senterpartiet vil:

- Fortsetja arbeidet med å forenkla og avbyråkratisera tilskotsordningane for frivillig sektor.
- Vidareføra statleg driftstilskot til alle landets frivilligsentralar, uavhengig av talet på innbyggjarar i kommunen.
- Auka grunnstøtta til barne- og ungdomsorganisasjonane over statsbudsjettet.
- Styrka Frifonds-ordninga for barne- og ungdomsorganisasjonar og uorganisert frivillig aktivitet.
- Vri tilskotsmidlane slik at ein større del vert gjeve som frie midlar. Ein auke av grunnstøtta skal gje organisasjonane større handlingsrom til å setja i verk aktivitetar i tråd med eigne prioriteringar og vedtatte planar.
- At alle offentlege etatar og instansar skal bruka Frivilligheitsregisteret i samband med tilskotsforvaltning og kontakt med frivilligheita, slik at registeret faktisk vert eit forenklingverktøy.
- Gje full momskompensasjon ved bygging og ombygging av kulturhus, klubbhus og anlegg eigd av organisasjonar.
- Trappa opp beløpsgrensa i ordninga med gåvefrådrag for bedrifter for gåver til frivillige organisasjonar. I tillegg bør det opnast for skattefrådrag for gåver òg til lokale lag og foreiningar.
- Styrka representasjonen frå kulturlivet i Distrikts-Noreg i statlege organ som fordeler kulturmiddel.
- Gje fylkeskommunane eit større kulturpolitisk ansvar.

Ein aktiv politikk for idrett og friluftsliv

Idrettslaga legg til rette for nokon av dei viktigaste møteplassane i lokalmiljøa sine. Senterpartiet vil føra ein idrettspolitik som stimulerer mange til å vera fysisk aktive, og som samtidig varetar dei som har talent til å kunna satsa på idretten. Toppidrett og breiddeidrett er gjensidig avhengige av kvarandre. Derfor meiner vi det skal vera rom for å satsa på begge delar.

God idrettspolitik er god folkehelsepolitikk. Derfor er oppbygging av lågterskeltilbod utanom den organiserte idretten ein viktig del av den heilskaplege idretts- og friluftslivspolitikken. Økonomisk situasjon, sosial bakgrunn eller funksjonsevne skal ikkje vera til hinder for frivillig innsats og deltaking i idretten. Det må byggast fleire idrettsanlegg for å sikra auka aktivitet i befolkninga og imøtekoma behovet til idretten.

Senterpartiet vil styrka rammevilkår for friluftsrådet i landet og frivillige organisasjonar som arbeider med friluftsliv. Desse gjer ein stor innsats for folkehelsa, ikkje minst gjennom lågterskeltilboda sine. Arbeidet med å leggja til rette for friluftaktivitetar må styrkast.

Senterpartiet vil:

- Vidareføra ein idrettsmodell basert på frivillig innsats.
- Gje idrettslag og -foreiningar full momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg.
- Auka støtta til nærmiljøanlegg.
- Trappa opp skattefrådrag for gåver til idrettslag
- Gje alle moglegheit til å utøva idrett og vera i aktivitet ut frå sine egne interesser og ambisjonar.
- Sørja for at idretten kan bidra til å inkludera grupper som elles fell utanfor.
- Legga betre til rette for uorganisert fysisk aktivitet i nærmiljøet, gjennom t.d. «tufteparkar», ballbingar og skileikebakkar.
- Fremja friluftslivet, mellom anna gjennom å auka støtta til turstiar, turveggar, avkøyrslar, parkeringsplassar, toalett, informasjonstiltak og friluftaktivitetar.
- Styrka arbeidet mot doping og korrupsjon i idretten og sørja for at Noreg arbeider for å innføra nye krav knytt til demokrati, menneskerettar og bekjemping av korrupsjon for vertsnasjonane for store idrettsarrangement.
- Gjera e-sport til programfag på vidaregåande skule og oppretta eit e-sportmiljø tilknytt Olympiatoppen og Noregs idrettshøgskule
- Ønska at Noreg skal arrangera vinter-OL i 2034 med fokus på å gjenbruka arenaer, eller etablera nye eller restaurera eksisterande arenaer i område der det er behov for enten nye eller nyrestaurert arenaer. Samtidig skal det haldast fokus på lågt klimaavtrykk.

Ein ansvarleg spelpolitikk

Senterpartiet meiner det er viktig å ha nasjonale retningslinjer for alle tilbydarar av pengespel i Noreg. Vi vil ha tiltak for å motverka speleavhengigheit og vi vil sikra idrett, kultur og frivilligheit føreseielege rammevilkår og tilstrekkelege overføringar frå spelemidla for å sikra anlegg og aktivitet i heile landet.

Senterpartiet legg til grunn at Norsk Tipping og Rikstoto skal ha einerett på pengespel i Noreg for dermed å sikra at overskotet vert fordelt mellom kultur, idrett og humanitære organisasjonar.

Utviklinga med digitalisering av sports- og underhaldningsspel har gjeve store endringar av den norske spelmarknaden og tilbodet til dei som spelar. Einerettsmodellen har verka godt i mange år, men omsetninga av spel frå tilbydarar som i dag ikkje er regulerte eller kan skattleggast av norske styresmakter er vorte betydeleg og er veksande.

Senterpartiet vil:

- Styrka satsinga på førebygging og behandling av speleavhengigheit, og gje eit likeverdig behandlingstilbod i heile landet.
- Ikkje ha avgift på totalisatorspel, men sikra at Norsk Rikstoto får moglegheit til å tilby vilkår for spela sine slik at dei kan konkurrera med internasjonale aktørar på den norske marknaden.
- Vidareføra heimelen for å påleggja tv- og nettdistributørar å hindra marknadsføring av pengespel som er forbode etter norsk lov.

Livssyn og kyrkje

Landet vårt er heim for borgarar med røter i ulike kulturar, med fleire ulike religionar og livssyn. Dette gjer Noreg til eit rikare samfunn. Trus- og livssynsfridom er ein grunnleggande rett og ein viktig dimensjon i mange menneske sine liv. Dette skal understøttast av ein politikk som varetar ulike trus- og livssynssamfunn sine moglegheiter til å utøva trua si.

I tillegg til å vera eit trussamfunn er Den norske kyrkja òg ein viktig tradisjons- og kulturberar for lokalsamfunn i heile landet.

Senterpartiet meiner at staten framleis skal føra ein aktivt støttande trus- og livssynspolitik. Vi meiner at det i eit mangfaldig samfunn som vårt er nødvendig med ein stat som likebehandlar alle innbyggjarar, og bidreg til å gjera retten til utøving av tru og livssyn reell. Mangfaldet av trusretningar og livssyn i befolkninga må reflekterast i politisk, økonomisk, juridisk og institusjonell likebehandling av trus- og livssynssamfunn.

Senterpartiet vil:

- Sikra økonomisk likebehandling, med eit minstekrav til tal medlemmar, og ikkje-diskriminering av alle trus- og livssynssamfunn.
- Stilla krav om representasjon av begge kjønn i styringsorgan i trus- og livssynssamfunn som mottar offentleg støtte.
- Stilla krav om at representantar i styringsorgan som forvaltar statleg støtte hos trus- og livssamfunn, er demokratisk valde.
- Sikra at offentleg støtte til trus- og livssynssamfunn skal brukast i Noreg og i samsvar med norsk lov.
- Støtta restriksjonar når det gjeld finansiering av trussamfunn frå utlandet.
- Stilla krav til personar som kjem til Noreg for å praktisera som religiøse leiarar, om at dei skal ha eller skaffa seg kunnskap om sentrale verdiar i det norske samfunnet og den religiøse rådgjevingsrolla.
- Kjempa mot antisemittisme og muslimfiendtleighet.
- Kjempa mot negativ sosial kontroll og forby konverteringsterapi/homoterapi.
- Behalda soknet som grunnleggande eining i Den norske kyrkja med status som sjølvstendig rettssubjekt.
- Sikra Den norske kyrkja føreseielege økonomiske rammevilkår som varetar lokalt nærvær.
- Vidareføra den finansielle ansvarsdelinga mellom staten og kommunane når det gjeld Den norske kyrkja og vidareføra ansvaret til lokalsamfunnet for kyrkjebygg og gravplassar.
- Oppretthalda begge lokalkyrkjelege organ; dei kyrkjelege fellesråda og forsamlingsråda, men gjera tydeleg arbeidsfordelinga mellom dei. Innverknaden i forsamlingsråda bør styrkast.
- At kyrkjelege val vert haldne samtidig med offentlege val og i umiddelbar nærleik til dei ordinære vallokala.
- Vidareføra tilgangen til å halda skulegudstenester. Deltaking må vera frivillig.
- Bidra til det internasjonale arbeidet for å styrka trusfridomen.

Mediepolitikk

Redaktørstyrte journalistiske massemedium er ein av dei viktigaste berebjelkane i eit demokratisk samfunn. Dei bidreg til ein meir opplyst og breiare samfunnsdebatt og kontrollerer maktutøving. Skal dei fungera godt, er dei avhengige av at befolkninga har tillit til den journalistikken som vert produsert. Dei siste åra har det vore stor framvekst av alternative medium og produksjon og spreing av falske nyhende. Dette truar tilliten og truverdet til dei seriøse redaktørstyrte media, noko som i sin tur rokkar ved kva sanningar vi har å forholde oss til når demokratiet vårt skal formast.

Senterpartiet vil sikra eit framleis sterkt allmennkringkastingstilbod i Noreg med klare programforpliktingar overfor både breie og smale grupper, og med nærvær over heile landet.

Senterpartiet meiner at NRK må sikrast føreseieleg og tilstrekkeleg finansiering. Distriktskontora i NRK spelar ei nøkkelrolle i det regionale medietilbodet og bidreg sterkt til at NRKs nasjonale sendingar fangar opp saker i heile landet.

Mediestøtte til aviser er avgjerande for å sikra eit sterkt mediemangfald over heile landet. Lokale media utgjør ein svært viktig del av mediemangfaldet, og representerer sentrale føresetnadar for

lokaldemokrati og som nyhendeformidlarar og identitetsberarar i lokalsamfunnet. Mange av dei mindre avisene har òg kome for kort i den digitale overgangen. Senterpartiet meiner det er fornuftig at pressestøtta er plattformnøytral og er knytt til innhald og ikkje distribusjonsform.

Senterpartiet vil:

- Bruka pressestøtta aktivt som tiltak for å sørge for at tilliten og utbreiinga av seriøse redaktørstyrte media vert opprettheldt.
- Vidareføra mediestøtta, men utvida og styrka ho med ei tilleggsordning for lokalaviser, lokalradio og andre lokalmedium. Det må i tillegg gjevast støtte til innovasjons- og utviklingsprosjekt.
- Styrka mediebransjen i møte med framtidige utfordringar ved å oppretta ei søknadsbasert ordning til innovasjon.
- Sikra NRK sitt allmennkringkastingsoppdrag gjennom sterke distriktsredaksjonar med nærvær i alle fylke/regionar.
- Vidareføra modellen med ein kommersiell allmennkringkastar med hovudkontor og eigen nyhenderedaksjon utanfor Oslo, men vurderer å utvida han for å få fleire produksjonsmiljø og meir innhald frå heile landet.
- Løfte norsk filmbransje og reiseliv ved å styrka regional filmaktivitet og filmintensivordninga.
- Sørge for styrking av norsk film og arbeidsplassane i filmbransjen ved å stilla krav om at filmar med støtte frå filmfondet hovudsakleg skal produserast i Noreg.
- At globale medieaktørar skal betala skattar og avgifter i dei landa dei opererer i.
- Jamna ut konkurranseforholda i annonsemarknadene mellom norske mediehus og tenester som Google. Dette kan gjerast ved å skattlegga verdiskapinga i Noreg.
- Forlenga dagens FM-konsesjonar for lokalradio ut 2031, tilsvarande utløpstida for dei digitale konsesjonane i lokalradioen.

Innvandring og integrering: **ANSVARLEG OG INKLUDERANDE**

Vi lever i ei uroleg verd. Noreg skal bidra med det vi kan for å forbetra situasjonen for menneske på flukt, men vi må ha kontroll med eigne grenser og kven som kjem til landet dersom vi skal sikra god integrering. Senterpartiet meiner at dagens asylsystem ikkje er rettferdig for dei som treng det mest. Noreg må derfor prioritera å ta imot kvoteflyktningar gjennom FN, og dessutan auka humanitær hjelp i nærområda for å hjelpa så mange som mogleg.

I andre land ser vi kva problem som følgjer med høg innvandring og dårleg integrering over tid. Vi har alle eit ansvar for at dei som kjem til Noreg vert tatt vel imot, og at vi bruker tid og ressursar på å gje dei moglegheit til å verta ein del av det norske samfunnet.

Det er mange faktorar som må vera tilstades for ei vellykka integrering. Integrering er ein tovegsprosess der forholda må leggest til rette for at nyttilkomne innvandrarakar skal verta godt integrert i det norske samfunnet. Menneske som kjem til Noreg må gjevast moglegheit til å ta i bruk eigne ressursar – i arbeidslivet og i lokalsamfunnet. Utfordringane knytt til bustad, utdanning og jobb må løysast. Det er gjennom fast bustad og arbeid vi skapar den beste integreringa.

Dei som vert innvilga opphald i Noreg skal integrerast raskt. Busetjing, arbeid eller utdanning er avgjerande for å koma inn i det norske samfunnet så fort som mogleg, læra seg språket og delta på lik linje med alle andre. Det er nødvendig for å bevare nødvendig tillit til kvarandre og unngå utviklinga av parallellsamfunn og ekstremisme.

Flyktning- og asylpolitikk

Senterpartiet vil føra ein ansvarleg og sømeleg flyktning- og asylpolitikk som bygger på dei internasjonale forpliktingane våre, humane tradisjonar, den nasjonale kapasiteten vår og oppmodingar frå FNs høgkommissær for flyktningar. Asylpolitikken er tent med brei tverrpolitisk semje. Eventuelle endringar bør koma som eit resultat av breie politiske løysingar.

Det er viktig at Noreg har ein klar praksis i asylsaker. Dette vil bidra til å avgrensa talet asylsøkarar utan vernebehov og forkorta behandlingstida i asylforvaltninga. Alle som søkar asyl i Noreg skal ha tryggleik for at deira rettstryggleik vert varetatt. Utlendingsstyresmaktene må organiserast på ein måte som sikrar ei rask og forsvarleg saksbehandling og at den enkelte si rettstryggleiken vert varetatt.

Senterpartiet meiner ventetida på asylmottak må gjerast kortast mogleg. Arbeidet med integrering må starta allereie frå ankomst til Noreg. Dei som får opphaldsløyve i Noreg må busetjast raskt. Kommunane må få ressursar som gjenspeglar den store innsatsen som vert kravd for å skapa god og trygg integrering.

Senterpartiet meiner at mottaka i langt større grad må innrettast slik at dei forenkla busetjings- og integreringsarbeidet for dei som får varig opphald. Blant dei områda som bør løftast fram, er aktivitet i ventetida, språkopplæring, skulegang for barn og unge, styrka kompetanse og innsats knytt til

avklaring og tidleg behandling av psykiske og fysiske helseutfordringar. Einslege mindreårige asylsøkarar er spesielt sårbare, og dei treng trygge og gode oppvekstvilkår. Busetjing av einslege mindreårige krev eit spesialtilpassa apparat i kommunane. Barns beste må tilleggst spesiell vekt i saker om opphald.

Senterpartiet vil:

- At asylsøkarar som kjem frå trygge tredjeland skal få asylsøknadene sine behandla der.
- Asylsøkarar må få ein rask og rettssikker avklaring av søknaden. Etter at opphaldsløyve er gjeve, skal busetjingsintervjuet skje umiddelbart og busetjing skje så raskt som mogleg.
- Ikkje utvida rammene for familiegjenforeining, men forenkla prosessen for dei som har krav på gjenforeining på dette grunnlaget.
- Gjeninnføra rimelegheitskravet i saker som gjeld internflukt.
- Ha rask retur av dei som har fått endeleg avslag på asylsøknaden sin i Noreg.
- Gjennomgå situasjonen for ureturnerbare asylsøkarar, særleg med omsyn til statslause.
- Innføra ein foreldingsfrist for tilbakekall av statsborgarskap.
- Styrka ordninga med retur støtte.
- Gje kommunane 100 % statleg kostnadsdekning både ved busetjing av flyktningar og når dei er vertskommunar for mottak.
- Intensivera innsatsen mot at einslege mindreårige asylsøkarar forsvinn frå mottak og forsterka arbeidet for å finna og hjelpe dei som har forsvunne.
- Heva kvaliteten på norsk- og samfunnsundervisninga for flyktningar. Ho må verta meir praktisk og tilpassa det livet flyktningane skal ut i.
- Styrka frivillige organisasjonar som har gode prosjekt og aktivitetar retta mot einslege mindreårige.
- Støtta arbeidet med å bygga ut tilbod i Noreg til einslege mindreårige asylsøkarar.
- At asylmottak som hovudregel skal plasserast utanfor dei store byane.
- Stø opp om busetjing av flyktningar, også i småkommunar.
- Prioritera sårbare grupper som kvinner og barn blant overføringsflyktningar (kvoteflyktningar) frå FN's høgkommissær for flyktningar.
- Styrka rettstryggleiken til barn fødd i Noreg og som står utan statsborgarskap.

Integrering – tenka globalt, integrera lokalt

Den norske busetjingsmodellen basert på frivilligheit for kommunane er det beste utgangspunktet for godt busetjings- og integreringsarbeid. Innvandrarar som har relevante utdanningar må få godkjent utdanninga i Noreg så raskt som mogleg. Det må gjerast enklast mogleg å fullføra påbyrja utdanningsløp i Noreg.

Frivillige organisasjonar og sivilsamfunnet spelar ei nøkkelrolle i integreringsarbeidet. Frivilligheita skapar dei gode møteplassane der ein, på tvers av skilnadane våre, møtast og deltar i meningsfulle aktivitetar. Dette er arenaer for mellom anna meningsutveksling, dialog, samhald og deltaking, lågterskeltilbod der folk kan senka skuldrane og sosialisera i samspel med andre. Senterpartiet vil styrka desse aktørane slik at dei kan fortsetja med gode og inkluderande tiltak som femnar breitt.

Senterpartiet vil:

- Styrka språkopplæringstilbodet for arbeidsinnvandrarar.
- Etablera enklare overgangsordningar for innvandrarar med høgare utdanning, slik at dei raskt kan koma inn i yrke dei er utdanna for.
- Legga til rette for deltakinga til asylsøkarar i lokalsamfunn, mellom anna gjennom arbeid og frivillige organisasjonar. Ved å ha asylsøkarar og flyktningar i kommunar, tettstadar og bygder spreidd i heile landet aukar moglegheita for god integrering.
- Styrka statleg støtte til integreringstiltak i regi av frivilligheita.

- Praktisera meir fleksible utdanningsløp for å kvalifisera fleire til relevant arbeid og sikra dei som har utdanning frå heimlandet moglegheit for nødvendig påbygging slik at dei vert kvalifiserte til å jobba i Noreg.
- Arbeida for at busetjing i hovudsak skal skje utanfor kommunar med særlege integreringsutfordringar.
- Styrka ideelle organisasjonar og Frivilligsentralane si rolle i integreringsarbeidet.
- At fleire asylsøkarar skal få moglegheit til å forklara seg munnleg for UNE.

Utanriks- og tryggingsspolitikk: **NORSKE INTERESSER OG INTERNASJONAL SOLIDARITET**

Kjernen i Senterpartiets utanrikspolitikk ligg i internasjonalt samarbeid mellom suverene, demokratiske nasjonalstatar. Dette føreset eit sterkt FN som med tyngde kan forsvara folkeretten og suverenitetsprinsippet og bidra til å løysa globale utfordringar. Organisasjonen må ha høg legitimitet. Det er nødvendig å effektivisera og reformera FN, slik at byråkratiet vert mindre. Arbeidet mot korrupsjon og illegitime pengestraumar må ha høg prioritet.

Målet med utanrikspolitikken er å vareta Noreg sine interesser i det internasjonale samfunnet. Dette inkluderer ein sterk norsk innsats for å styrka folkesuvereniteten, demokratiet og menneskerettane, rettferdig fordeling, ansvarleg forvaltning av naturressursane og sterk klima- og miljøinnsats. Senterpartiet vil gjennom målretta utviklingshjelp og styrking av sivilsamfunnet motarbeida korrupsjon, forureining, diktatur og vanstyre.

Multilateralt samarbeid og avtalar er i ferd med å verta fortrent av stormaktrivalisering. Det er ikkje i Noregs interesse og kan på sikt svekka stillinga vår i det internasjonale samfunnet. Vi ser aukande global uro, forverra trusselbilde, grensekonfliktar og krigshandlingar, også i våre nærområde. Dette må prega den internasjonale strategien og forsvars- og tryggingsspolitikken vår slik at vi legg vekt på menneskeleg sikkerheit. Talet menneske i verda som svelt er igjen aukande. På den positive sida ser vi at stadig fleire vert løfta ut av absolutt fattigdom og fleire får tilgang på helse og utdanning.

Nasjonalstatane og demokratiet er under press. Makt og ressursar vert sentralisert og vert flytta frå folkevalde organ til overstatlege organ som EU, internasjonale finansinstitusjonar og multinasjonale selskap. Samtidig får sivilt samfunn eit innskrenka handlingsrom. Menneskerettar som yrings- og trusfridom vert trua på fleire frontar, også innanfor mange nasjonalstatar. Menneskerettar for alle uansett kjønn, religion, etnisitet, seksualitet og politisk ståstad må forsvarast. Senterpartiet sitt svar på dette er sterkt internasjonalt samarbeid mellom sjølvstendige statar, basert på tanken om folkesuverenitet, menneskerettar og folkeretten.

FN sine berekraftsmål er den felles planen til nasjonalstatane for berekraftig utvikling frå 2015 til 2030. Berekraftsmåla om avskaffing av svolt og fattigdom, og å fremja god helse, er heilt avgjerande dersom vi skal klara å nå dei andre måla. Sterke sivilsamfunn og deltaking gjer det enklare for det myndige mennesket å ta berekraftige val.

Auka migrasjon og eit rekordstort tal flyktningar stiller det internasjonale samfunnet overfor store utfordringar. Verda må bruka fleire ressursar på å redusera årsakene til at folk flyktar. Fredsskapande arbeid, klimainnsats, konfliktreduserande innsats og økonomisk utjamning er viktige tiltak. Rike land som Noreg har eit stort ansvar for å bidra.

Senterpartiet meiner at det humanitære arbeidet internasjonalt må styrkast og at Noreg skal delta aktivt i dette.

Senterpartiet meiner at meir dialog og samarbeid om felles interesser samt eit sterkt folk til folk-samarbeid i Barentsregionen er både i Noregs og Russlands interesse. Noreg og NATO må bidra til avspenning og normalisering i eit område stadig meir prega av stormaktrivalisering. Ei slik utvikling avheng òg av Russland, og kan ikkje skje på bekostning av folkeretten eller sjølvrådetten og sjølvstendet i andre land.

Norden har felles historie, lange samarbeidstradisjonar og velferdssamfunn som liknar på kvarandre. I eit Europa der regionane igjen trer tydeleg fram gjev dette nye moglegheiter for nordisk samarbeid. Senterpartiet er tilhengar av eit sterkare nordisk samarbeid knytt til dei felles interessene våre og med respekt for dei enkelte landa sitt sjølvstende.

Samane lever i fire land på Nordkalotten, og ein stor del lever i Noreg. Senterpartiet meiner derfor at Noreg har eit stort ansvar for å leggja til rette for eit godt samarbeid om samepolitiske spørsmål på tvers av landegrensene.

Internasjonal handel

Senterpartiet er bekymra for den maktforskyvinga som i lang tid har skjedd i forholdet mellom statlege styresmakter og multinasjonale selskap – og dermed mellom internasjonal storkapital og folkevalde. Mange multinasjonale selskap flyttar verksemd mellom land på ein slik måte at dei betalar minst mogleg skatt. Det betyr ikkje berre mindre pengar til finansiering av velferd; det svekker òg konkurransekrafta til norske bedrifter som skattar til Noreg.

Om ein vil ha stabile samfunn med små skilnadar må ein ta vare på det demokratiske fellesskapet i nasjonalstaten. Dette fellesskapet vert sikra best gjennom gode offentlege tenester og eit ope politisk system der dei styrande står til ansvar for innbyggjarane. Senterpartiet støttar ikkje at Noreg inngår handelsavtalar som innsnevrar folkevalde i Noreg sin rett eller moglegheit til politisk styring. Vi er òg motstandar av handelsavtalar som vil føra til klare brot på felles klimaforpliktingar eller som svekker menneskerettane. Moglege handelsavtalar som TTIP og TISA kan innebera ei avgrensing av folkevalde sin rett til å styra utviklinga på sentrale samfunnsområde. Avtalane truar offentleg sektor slik vi kjenner den, og dessutan mat- og miljøstandardar.

Senterpartiet meiner at alle land skal ha rett og plikt til å produsera mat til eiga befolkning. Dette må òg vera Noregs posisjon i internasjonale handelsforhandlingar. Senterpartiet vil medverka til at delen av landbruksimporten som kjem frå dei minst utvikla landa vert større, på bekostning av import frå EU og USA, føresett at det ikkje går på bekostning av moglegheita dei fattige landa har til å metta eiga befolkning.

Senterpartiet vil:

- Sikra at utforminga vår av distrikts- og regionalpolitikk, skatte- og avgiftspolitik, helsepolitikk og alkoholpolitikk, sysselsetjingspolitikk, likestillingspolitikk, landbruks- og fiskeripolitikk, og dessutan eigedomspolitikken vår, ikkje skal kunna utfordrast av internasjonale handelsreglar.
- Forhindra at handels- og investeringsavtalar avgrensar det nasjonale og lokale folkestyret, inkludert råderetten over naturressursane. Senterpartiet går derfor mot norsk tilknytning til handelsavtalar som TTIP- og TISA-avtalene²⁵.
- Avvisa internasjonale investeringsavtalar med investor/stat-tvisteløysingsmekanisme.
- Leggja til rette for tilgang til legemiddel og frø/såkorn i utviklingsland gjennom å ikkje gje tilslutning til Trips Pluss eller Upov 91 i handelsavtalar mellom desse landa og Noreg.

²⁵ TTIP, *Transatlantic Trade and Investment Partnership*, var eit forsøk på ein omfattande handels- og investeringsavtale mellom EU og USA. TISA, *Trade in Services Agreement*, var eit forsøk på ein avtale mellom 50 land om handel med tenester. Begge reknast no som «stranda», men modellane vil kunna vekkast til live igjen.

- Arbeida for eit nytt WTO-mandat basert på prinsippet om retten og plikta i alle land til eigen matproduksjon.
- Bidra til at Noreg seier «nei» til Mercosur-avtalen og andre liknande avtalar som kan utfordra norsk matproduksjon.
- Inkludera alle medlemsland i alle forhandlingar om nytt handelsregelverk i WTO og avvisa WTO-forhandlingar der berre utvalde land deltek.
- Auka importen frå MUL-land²⁶ på bekostning av importen frå industrialiserte land.
- Fremja demokrati og menneskerettar i dialogar om handelsavtalar.
- Ønske større openheit i handelsforhandlingar og bidra til at forhandlingsdokument i større grad vert offentleggjort for å leggja til rette for ein offentleg og demokratisk debatt.
- Seia «nei» til handelsavtalar som undergrev menneskerettane eller Noreg si evne til å produsera mat til eiga befolkning.
- Sikra at beskytta nemningar på mat- og drikkeprodukt vert innlemma i frihandelsavtalar og er ein del av norsk handelspolitikk.

Bistand og utvikling

Bistand er framleis viktig for mange land, og utan framleis høg bistand vil verda ikkje lykkast med å nå berekraftsmåla. Noreg bør, som eit rikt land, framleis gå føre i kampen mot fattigdom. Senterpartiet støttar ein politikk som bidreg til utjamning både mellom land og i land. Senterpartiet meiner at Noreg framleis skal ha ein ambisiøs politikk for utviklings- og nødhjelp, innretta for å møte behovet til mottakarane.

Norsk utviklingshjelp bør vera retta mot område der Noreg kan bidra med særskild kompetanse, som landbruk, havbruk, fiskeri, forvaltning av naturressursar, omfordeling og skatt, folkehelse, demokrati, teknologi og likestilling. Ei meir aktiv involvering og styrking av sivilsamfunnet og frivillig sektor vil forsterka dei positive og langvarige effektane av bistanden. Det er nødvendig å vektlegga arbeidet for utdanning og betre helse i all bistand.

Senterpartiet meiner norsk bistand kan effektiviserast betydeleg slik at ein større del av midla når fram til dei som treng den og mindre forsvinn i administrasjon og til drift. Flest mogleg bistandsprosjekt bør vera langsiktige og ha føreseieleg finansiering.

Mat er avgjerande for å sikra god ernæring, helse og moglegheit til å utdanna seg og arbeida. Senterpartiet vil at Noreg skal ta internasjonalt leiarskap i å løfta mattrygging og berekraftige matsystem på utviklingsagendaen. Senterpartiet vil stimulera til klimasmart landbruk som varetar den enkelte moglegheita landa har til å produsera mat for eiga befolkning, som bevarer biologisk mangfald, og der småbønder ikkje vert redusert til sesongarbeidarar. Utviklingspolitikken bør i større grad dra vekslar på den godt organiserte samvirkemodellen som finst i norsk landbruk.

Senterpartiet ønsker å stimulera til ein utviklingspolitikk der små og mellomstore bedrifter står i fokus og som bidreg til at fleire småbønder får tilgang til gunstige lån, forsikringsordningar og opplæring. Menneskerettar, miljøomsyn, demokrati og sømeleg arbeid må takast vare på i oppbygginga av eit levedyktig næringsliv.

Tilgang på grunnleggjande infrastruktur som energitilførsel, vatn, avløp og renovasjon er avgjerande for å betra helse i befolkninga i mottakarlanda. Saman med satsing på universelle helsetenester bidreg dette til auka livskvalitet.

²⁶ Minst utvikla land (MUL) er ei betegnning som brukast på dei om lag 50 fattigaste landa i verda. Gruppa vert også kalla «Den fjerde verden». Dei fleste landa ligg i Afrika sør for Sahara

Alle skal ha moglegheit til å ta sjølvstendige og ansvarlege val rundt eigen kropp og seksualitet. Moglegheita til å ta eigne val gjennom likestilling, informasjon og tilgang til tenester som prevensjon har gjeve reduserte fødselstal i land der fruktbarheita tradisjonelt har vore høg. Noreg må ta ei aktiv rolle i arbeidet for å sikra trygge fødselar og sjølvbestemd abort, og prioritera arbeidet for å hindra barneekteskap, vald og overgrep.

Resistens mot kjend behandling av til dømes hiv, tuberkulose og malaria driv kostnadene ved bekjemping opp. Vaksinar er heilt sentrale i å betra folkehelse. Det er behov for fleire og betre produkt for førebygging, diagnostikk og behandling av sjukdommar som rammar menneske i utviklingsland.

Senterpartiet vil:

- At Noreg skal løyva minst 1 % av BNI²⁷ til utviklingshjelp. Oppfylling av berekraftsmåla må vera ei hovudmålsetjing i stortingsperioden 2021–2025, og særleg retten til vatn, mat og helse.
- Bruka norsk bistandspolitikk aktivt for å sikra den veksende befolkninga i verda nok mat. Det må samtidig satsast på klimasmart landbruk for å redusera utsleppa og førebygga negative konsekvensar av klimaendringane. Dette inneber at ein større del av bistandsmidlane må gå til landbruk.
- Vidareføre Noreg si leiande rolle globalt for å sikra tilgang til utdanning under humanitære kriser.
- Utnytta og initiera fornybare energiløysingar med mellom anna solenergi.
- Arbeida for at kvinner og barn i heile verda får rett til å gjera eigne val og bestemma over sine eigne kroppar og eige liv. Det er særleg viktig å prioritera kvinner og barn i krisesituasjonar, sidan dei då er sårbare for overgrep og menneskehandel.
- Arbeida aktivt mot skadelege skikkar som barne- og tvangsekteskap, kjønnslemlesting, mot seksuelle overgrep og menneskehandel.
- Bidra til å styrka internasjonalt samarbeid om førebygging, diagnostisering og behandling av sjukdom.
- Støtta fødsels- og befolkningsregistrering, også i konfliktområde.
- Støtta nasjonale og lokale aktørar som er tilstades i lokalsamfunn som er spesielt utsette for naturkatastrofar og bidra til å styrka den lokale kapasitetsbygginga til å handtera slike katastrofar.
- Etablera ei ordning for mellombels opphald i Noreg for menneskerettsaktivistar som ikkje kan opphalda seg i heimlandet.
- Bidra sterkare til internasjonalt arbeid for refinansiering og sletting av illegitim og ikkje-berekraftig statsgjeld i fattige land.
- Styrka støtte til sivilsamfunn og internasjonal fagrørsl.
- Arbeida for at bistandsprosjekt er meir langsiktige og føreseielege. større langsiktelegheit og meir føreseielegheit i bistandsprosjekt.

EU/EØS

EU gjev folkestyret dårlegare kår. Den politiske og økonomiske integrasjonen i EU undergrev folkestyret og tar ifrå medlemslanda økonomisk og politisk handlefridom. Resultatet er større ulikskapar og svekka folkevald kontroll med mellom anna arbeidsmarknaden. Senterpartiet er sterk motstandar av norsk medlemskap i EU og meiner eit medlemskap ville fått store konsekvensar for norsk utanriks-, handels-, landbruks- og fiskeripolitikk, energipolitikk, og dessutan pengepolitikk.

At nasjonalstatane skal ta tilbake kontroll vert løfta stadig oftare fram som eit alternativ til fjernstyring frå Brussel. Storbritannia si utmelding av EU kan opna for alternativ til EU sitt mål om ein stadig tettare union. Noreg må offensivt utnytta dei moglegheitene som denne nye situasjonen gjev.

²⁷ Bruttonasjonalinntekt (BNI) er eit mål på eit lands samla inntekter og målet om auke av bistand har i ei årrekke vore knytt til denne

Senterpartiet vil erstatta EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtalar med EU for å sikra norske interesser. Senterpartiet meiner folk sjølv skal påverka avgjerda om Noreg skal vera medlem av EU, eller i inngrepande avtalar som EØS, gjennom folkerøysting. Så lenge Noreg er ein del av EØS vil Senterpartiet utnytta dei moglegheitene avtalen gjev for å vareta norske interesser. Senterpartiet meiner at Noreg må gå imot avståing av suverenitet til EU gjennom EØS-avtalen.

Senterpartiet vil melda Noreg ut av Schengen-samarbeidet og gjeninnføra nasjonal grensekontroll. Moglegheita for å vidareføra eit samarbeid med Schengen-landa om kriminalitetsbekjemping må greiast ut.

Noreg spelar ei viktig rolle som forsvarar og støttespelar for aktørar som fremjar demokrati og menneskerettar i Europa. Vi er likevel vitne til ei urovekkande utvikling der autoritære ideologiar vinn fram både i og utanfor EU.

Senterpartiet vil:

- Vera garantist mot norsk EU-medlemskap og gå mot alle forsøk på å fremja ein norsk søknad om EU-medlemskap.
- Greia ut alternativ til EØS-avtalen som styrkar norsk sjølvråderett og sikrar eksporttilgangen til den indre marknaden.
- Erstatte EØS-avtalen med handels- og samarbeidsavtalar med EU, etter reforhandlingar.
- Arbeida for at EFTA-landa i EØS skal bidra etter storleik til EØS-finansieringsordningane, og at den særskilde norske finansieringsordninga derfor vert avvikla frå neste avtaleperiode.
- Frikopla norske bidrag til økonomisk og sosial utjamning i Europa frå EØS-avtalen og utforma vilkåra på grunnlag av norske prioriteringar.
- Bruka reservasjonsretten i EØS-avtalen aktivt slik at Noreg reserverer seg mot direktiv og forordningar som truar grunnleggande norske interesser eller omsynet til folk sin tryggleik for arbeid, helse, miljø og trygging.
- Avvisa å inkludera i EØS-avtalen i regelverk som ikkje er EØS-relevant eller som er i strid med Grunnloven.
- Styrka samarbeidet med Storbritannia utanfor EU.

Tryggingsspolitikk

Målet for vår forsvars- og tryggingsspolitikk er å hevda norsk suverenitet og sikra nasjonale interesser. Senterpartiet er tilhengar av eit folkeforsvar som er til stades i heile landet. Hovudoppgåva til Forsvaret er å forsvara norsk territorium, inkludert havområda våre. Busetjing og aktivitet i heile landet er ein viktig del av suverenitetshevinga. Derfor er det urovekkande når vi særleg i nord ser tendensar til sentralisering.

Senterpartiet meiner Noreg framleis skal basera sin forsvars- og tryggingsspolitikk på medlemskapet i NATO og aktivt arbeid i FN. Eventuelle norske militære bidrag i utlandet skal vera utløyst enten av vedtak i FN eller artikkel 5 i NATO-pakta. Prioritering og ressursbruk ved utanlandsoppdrag skal ikkje gå på bekostning av Forsvaret si primær oppgåve.

Noreg må ha eit nasjonalt og sjølvstendig forsvar med eigna kapasitetar på land, i luft, på sjø og i cyberdomenet. Senterpartiet meiner at investeringa i nye kampfly ikkje må gå på kostnad av løyvingane til dei andre forsvarsgreinene.

Senterpartiet meiner det er opp til Stortinget å vedta eventuelle norske militære bidrag i utlandet. Dagens ordning med konsultasjon i Stortingets utvida utanriks- og forsvarskomite sikrar ikkje tilstrekkeleg, demokratisk forankring.

Angrep i det digitale rommet er ei veksende utfordring og har gått frå å vera eit spørsmål om digital informasjon til å ha store konsekvensar for enkeltmenneske, næringslivet og samfunnet. Noreg må utvikla kunnskap som set oss i stand til å analysere om hendingar skylder driftsproblem, hærverk, organisert kriminalitet eller hybrid krigføring. Det må skje gjennom å arbeida på tvers av sektorar med høg grad av informasjonsdeling og tett samarbeid internasjonalt og mellom sivile og militære.

Senterpartiet vil:

- Arbeida for eit tettare nordisk forsvarssamarbeid mellom anna når det gjeld ressursovervaking, deltaking i internasjonale operasjonar, materiellinnkjøp, øvingar, skytefelt og utdanning.
- Seia «nei» til norsk deltaking i internasjonale operasjonar, utover artikkel 5 i NATO-pakta, dersom det ikkje gjeld ei klar forankring i FN-pakta og eit klart FN-mandat.
- At Noreg prioriterer ein nordisk styrke i FN-regi framfor deltaking i den nordiske militære innsatsgruppa i EU.
- At internasjonale operasjonar Noreg deltar i, vert grundig evaluert.
- Styrka samkvem, handel og samarbeid med Russland i Nordområda.
- Ta internasjonalt leiaransvar for å ettersjå at forboda mot klasevåpen og landminer vert overhaldne.
- At Noreg skal signera og ratifisera FN-traktaten som forbyr atomvåpen, og jobba for at fleire land gjer det same.
- Jobba for nasjonal og internasjonal regulering av autonome våpen slik at det vert sett klare krav til menneskeleg kontroll.
- Vidareføra arbeidet med å førebygga angrep mot helsetenester og skular.
- Bruke Noreg sitt medlemskap i tryggingrådet i FN til å prioritera internasjonal innsats for å førebygga seksualisert vald i konfliktsituasjonar, og å hjelpa offera for slike menneskerettsbrot.
- Greia ut kontrollmekanismar for å etterprøva at vilkår vert overhaldne ved sal av militært materiell, våpen og ammunisjon.
- Bruke Noreg si stemme i NATO til å understreka tydinga av at medlemmene i alliansen overheld folkeretten.
- At kritisk forsvarsinfrastruktur i Noreg så langt det lèt seg gjera, skal byggast av norske selskap eller selskap basert i allierte land.

Sp  - nær folk



www.senterpartiet.no

